



DEN NORSKE KIRKE

Møre bispedømeråd 2020-2023

Møteinnkalling

Møre bispedømeråd 2020-2023

Møtedato: 12.12.2022 kl. 10:15

Møtested: Møre bispedømmekontor

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf 41 28 32 50 eller e-post es827@kirken.no.
Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed fra møtesekretær.

Litt meir om møtet og dagen:

- AU har fastsett at møtet blir halde fysisk på Møre bispedømmekontor.
- Lunsj ca kl 12:00 saman med staben på bispedømmekontoret og prostane

Opning /ord for dagen ved Ann-Kristin Sørvik

SAKSLISTE

Godkjenning av innkalling og saksliste

68/22 Godkjenning av innkalling og saksliste Møre bispedømeråd 12.12.22

Godkjenning av protokoll

69/22 Protokoll Møre bispedømeråd 2020-2023 31.10.2022

Tilsettingssaker

70/22 Tilsettingar i PUU-stillingar - Unntatt etter offentlighetsloven. § 25 første ledd, Saksordførar: Olav Rønneberg

Saker til behandling

71/22 Overgangsordning prest under utdanning (PUU), Saksordførar: Rikke Kopperstad

72/22 Årsplan 2023, Saksordførar: Ole Martin Grevstad

73/22 Budsjett 2023, Saksordførar: Frode Rabbevåg

74/22 Høyring: Fordeling av utsleppsreduksjonar mellom einingar i Den norske kyrkja, Saksordførar: Monika Tettli

75/22 Komplettering av valråd 2023, Saksordførar: Olav Myklebust

76/22 Høyringssvar om reglar for gjennomføring av deling av Ålesund kyrkjelege fellesrådsområde. Saksordførar: Arne Moltubak

- 77/22 Møteplan 2023 - ei oppdatering, Saksordfører: Therese Utgård
- 78/22 Arbeidet med likestilling, inkludering og mangfold (LIM) i Møre bispedøme - Unntatt etter offentlighetsloven § 14 1. ledd
- 79/22 Omdømebygging i Møre bispedøme
- 80/22 Arbeidet med kyrkjeleg organisering - involvering og prosess

Orienteringssaker

- 81/22 Orienteringar til møte i Møre bispedømeråd 12.12.22

MOLDE, 05.12.2022

Elin Næsje Sætre
møtesekretær

**DEN NORSKE KIRKE**

Møre bispedømmeråd 2020-2023

Møteprotokoll

Møre bispedømmeråd 2020-2023

Møtedato:	31.10.2022 kl. 10:15
Møtestad:	Møre bispedømmekontor
Arkivsak:	19/04266
Til stades:	Monika Tettli (uavhengig), Ann Kristin Sørvik (Nominasjonskomiteens liste), Frode Rabbevåg (Nominasjonskomiteens liste), Therese Utgård Aas (Åpen folkekirke), Ingeborg Midttømme, Olav Christian Rønneberg, Arne Moltubak
Frammøtte varamedlemer:	Geir Henriksen (Nominasjonskomiteens liste) for Rikke Elisabeth Grevstad Kopperstad, Evy Sisilie Bergum (Åpen folkekirke) for Olav Myklebust
Forfall:	Margaret Sivertsen Mørk (Åpen folkekirke) for Ole Martin Grevstad
Andre:	Bjørn Olaf Storhaug (stiftsdirektør), Arvid Helle (avd.leiar Kyrkjefag), Anne-Marit Hagelund (avd. leiar Personal), Anders Barstad (PF); Svein Runde (prost Nordre Sunnmøre), Bente Hjertenæs (regionkontakt Kirkens Nødhjelp)
Protokollfører:	Elin Næsje Sætre

SAKSLISTE	Side
Godkjenning av innkalling og saksliste	
56/22 Godkjenning av innkalling og saksliste Møre Bispedømmeråd 31.10.22	3
Godkjenning av protokoll	
57/22 Protokoll Møre bispedømmeråd 12.09.2022 off. versjon	3
Orienteringssaker	
58/22 Orienteringar til møte i Møre Bispedømmeråd 31.10.22	4
59/22 Nasjonalt bevaringsprogram for istandsetting av kulturhistorisk viktige kirkebygg	5
Saker til behandling	
60/22 Bispedømmerådet møter prosten i Nordre Sunnmøre prosti	5
61/22 Oppsummering etter Kyrkjemøtet 2022	5
62/22 Val av valråd 2023	6

63/22	Rekneskapsrapport pr. 30.09.22	7
64/22	Overordna styringssignal og budsjett for årsplan 2023	8
65/22	Revidert plan for bruk av mindreforbruk	8
66/22	Delegasjon frå bispedømmeråd til stiftsdirektør i saker som omhandlar samanslåing av sokneråd	9
67/22	Godkjenning av namneskifte på Fellesråd	9

Sted, 05.12.2022

Elin Næsje Sætre
Sekretær

Godkjenning av innkalling og saksliste**56/22 Godkjenning av innkalling og saksliste Møre Bispedømmeråd
31.10.22**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2020-2023	31.10.2022	56/22

Forslag til vedtak

Bispedømmerådet godkjenner innkalling og saksliste

Møtebehandling i Møre bispedømmeråd 2020-2023 31.10.2022:**Møtebehandling**

Ei korrigeringsdato i innkalling var gjort.

Oppmodning til AU om å vurdere om reglane for fjernmøte kan bli gjort gjeldande for framtidige møter.

Utan å følgje reglar for fjernmøte, kan Teams bli nytta i samband med deltaking i enkeltsaker for andre enn medlemmer av rådet.

Votering: Einstemmig

Møre bispedømmeråd 2020-2023s vedtak

Bispedømmerådet godkjenner innkalling og saksliste med dei kommentarar som vart gitt.

Godkjenning av protokoll**57/22 Protokoll Møre bispedømmeråd 12.09.2022 off. versjon**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2020-2023	31.10.2022	57/22

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd godkjenner protokoll frå møte 12. september 2022.

Møtebehandling i Møre bispedømmeråd 2020-2023 31.10.2022:

Votering: Einstemmig

Møre bispedømmeråd 2020-2023s vedtak

Møre bispedømmeråd godkjenner protokoll frå møte 12. september 2022.

Orienteringssaker

58/22 Orienteringar til møte i Møre Bispedømmeråd 31.10.22

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2020-2023	31.10.2022	58/22

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd tek orienteringane til vitande.

Møtebehandling i Møre bispedømmeråd 2020-2023 31.10.2022:

Møtebehandling

Skriftlege orienteringar:

1. Besøk av Kirkens Nødhjelp i høve 75 års jubileum. Bente Hjertenæs orienterte om Kirkens Nødhjelp sitt arbeid. Samtale i bispedømmerådet.
2. Orientering frå «Ungdommens Kirkemøte»
3. Orientering om besøk frå vennskapsbispedøme i Ungarn. Invitert på besøk til Ungarn.
4. Orienteringar frå prostidagane.
5. Plan for utlysning, tilsetjing og vikarar.
6. Avtale om SMM.
7. Orientering om prestekonvent.
8. Høyringssvar om endring av reglar frå saksbehandling i liturgisaker.

Munnlege orientering frå biskopen:

1. Orientering frå visitas i Surnadal.
2. Visitas i Vanylven og Norddal i nær framtid.
3. Biskopen vil bidra til å styrke samarbeid mellom kyrkja og kommunen.
4. Orientering om andre tilsyns- og personalrelaterte tema.

Orientering frå kirkerådet v/Therese Utgård Ås

Orientering frå Mellomkyrkjeleg råd v/Monika Tettli

Andre munnlege orienteringar:

Votering: Einstemmig

Møre bispedømmeråd 2020-2023s vedtak

Møre bispedømmeråd tek orienteringane til vitande.

59/22 Nasjonalt bevaringsprogram for istandsetting av kulturhistorisk viktige kirkebygg

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2020-2023	31.10.2022	59/22

Møtebehandling i Møre bispedømmeråd 2020-2023 31.10.2022:

Møtebehandling

Votering Einstemmig

Møre bispedømmeråd 2020-2023s vedtak

Møre bispedømmeråd tek orienteringa til vitande.

Saker til behandling

60/22 Bispedømmerådet møter prosten i Nordre Sunnmøre prosti

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2020-2023	31.10.2022	60/22

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd tek moment frå samtalen med prosten til vitande.

Møtebehandling i Møre bispedømmeråd 2020-2023 31.10.2022:

Møtebehandling:

Prost i Nordre Sunnmøre prosti presenterte iht mal

Votering: Einstemmig

Møre bispedømmeråd 2020-2023s vedtak

Møre bispedømmeråd tek moment frå samtalen med prosten til vitande.

61/22 Oppsummering etter Kyrkjemøtet 2022

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømeråd 2020-2023	31.10.2022	61/22

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd følger opp vedtak gjort i Kyrkjemøtet 2022

Møtebehandling i Møre bispedømeråd 2020-2023 31.10.2022:

Møtebehandling

Votering: Einstemmig

Møre bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Møre bispedømeråd følger opp vedtak gjort i Kyrkjemøtet 2022

62/22 Val av valråd 2023

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømeråd 2020-2023	31.10.2022	62/22

Forslag til vedtak

Følgande kandidatar er valt til valråd ved kyrkjevalet 2023 i Møre bispedømeråd

Faste medlemar:

- Margarete Mørk
- Mildrid Fiske
- Rasmus E. Myklebust
- Olaf Kolflåth
- Knut Anders Oskarsson
- Karl Johan Gjævenes

Varamedlemar:

Valrådet konstituerer seg sjølv.

Møtegodtgjersle vert kr. 800 pr. møte for medlemmar og kr. 1000 for leiar. Valrådet sine reiseutgifter vert dekt etter staten sitt reiseregulativ.

Møtebehandling i Møre bispedømeråd 2020-2023 31.10.2022:

Møtebehandling

Lista over faste medlemmer vart supplert i møte med Karl Johan Gjøvenes.

Votering: Einstemmig

Møre bispedømmeråd 2020-2023s vedtak

Møre Bispedømmeråd gjev administrasjonen fullmakt til å komplettere lista.

1. Følgande kandidatar oppnemnst til i valråd under kyrkjevalet 2023 i Møre bispedømmeråd:
 - Max Ingar Mørk
 - Mildrid Fiske
 - Rasmus E. Myklebust
 - Olaf Kolflåth
 - Knut Anders Oskarsson
 - Karl Johan Gjøvenes
2. Møre Bispedømme gjev administrasjonen fullmakt til å komplettere lista til valrådet.

Valrådet konstituerer seg sjølv med leiar og varamedlemer.

Møtegodtgjersle vert kr. 800 pr. møte for medlemmar og kr. 1000 for leiar. Valrådet sine reiseutgifter vert dekt etter staten sitt reiseregulativ.

63/22 Rekneskapsrapport pr. 30.09.22

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2020-2023	31.10.2022	63/22

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd tek rekneskapsrapporten for 3. kvartal 2022 til orientering.

Møtebehandling i Møre bispedømmeråd 2020-2023 31.10.2022:

Møtebehandling

Votering: Einstemmig

Møre bispedømmeråd 2020-2023s vedtak

Møre bispedømmeråd tek rekneskapsrapporten for 3. kvartal 2022 til orientering.

64/22 Overordna styringssignal og budsjett for årsplan 2023

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2020-2023	31.10.2022	64/22

Forslag til vedtak

- Møre bispedømmeråd vedtek for 2023 at satsingsområde skal vere:
 - S1 Diakoni
 - S2 Bygge fellesskap for barn og unge
 og fokusområda:
 - F1 Kunst og kultur
 - F2 Kyrkja som organisasjon, digitalisering, rekruttering
- Budsjett 2023 tar omsyn til tildeling, tidlegare vedtak om stillingsressursar og plan for bruk av eigenkapital (mindreforbruk)

Møtebehandling i Møre bispedømmeråd 2020-2023 31.10.2022:

Møtebehandling

Votering: Einstemmig

Møre bispedømmeråd 2020-2023s vedtak

- Møre bispedømmeråd vedtek for 2023 at satsingsområde skal vere:
 - S1 Diakoni
 - S2 Bygge fellesskap for barn og unge
 og fokusområda:
 - F1 Kunst og kultur
 - F2 Kyrkja som organisasjon, digitalisering, rekruttering
- Budsjett 2023 tar omsyn til tildeling, tidlegare vedtak om stillingsressursar og plan for bruk av eigenkapital (mindreforbruk)

65/22 Revidert plan for bruk av mindreforbruk

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2020-2023	31.10.2022	65/22

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd ber om at plan for opparbeida eigenkapital/mindreforbruk blir innarbeid i budsjett for 2023.

Møtebehandling i Møre bispedømmeråd 2020-2023 31.10.2022:

Møtebehandling

Votering: Einstemmig

Møre bispedømmeråd 2020-2023s vedtak

Møre bispedømmeråd ber om at plan for opparbeida eigenkapital/mindreforbruk blir innarbeid i budsjett for 2023.

66/22 Delegasjon frå bispedømmeråd til stiftsdirektør i saker som omhandlar samanslåing av sokneråd

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2020-2023	31.10.2022	66/22

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd delegerer til stiftsdirektør å fatte vedtak i søknader om samanslåing av sokneråd.

Møtebehandling i Møre bispedømmeråd 2020-2023 31.10.2022:**Møtebehandling**

Votering: Einstemmig

Møre bispedømmeråd 2020-2023s vedtak

Møre bispedømmeråd delegerer til stiftsdirektør å fatte vedtak i søknader om samanslåing av sokneråd.

67/22 Godkjenning av namneskifte på Fellesråd

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2020-2023	31.10.2022	67/22

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd godkjenner søknad om namneendring av Stangvik og Surnadal fellesråd og vedtek namnet til «Surnadal kyrkjelege fellesråd».

Bispedømmerådet ber fellesrådet leggje godkjenninga fram for Brønnøysundregisteret slik at det nye namnet kan registrerast der.

Møtebehandling i Møre bispedømmeråd 2020-2023 31.10.2022:

Møtebehandling

Votering: Einstemmig

Møre bispedømmeråd 2020-2023s vedtak

Møre bispedømmeråd godkjenner søknad om namneendring av Stangvik og Surnadal fellesråd og vedtek namnet til «Surnadal kyrkjelege fellesråd».

Bispedømmerådet ber fellesrådet leggje godkjenninga fram for Brønnøysundregisteret slik at det nye namnet kan registrerast der.

Dette dokumentet er unntatt offentlighet.

Tittel: Tilsettingar i PUU-stillingar

Tilgangskode: Unntatt offentlighet

Paragraf: Offl. § 25 første ledd



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømmeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Lars Skagestad	300	20/04387-6	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
71/22	Møre bispedømmeråd 2020-2023	12.12.2022

Overgangsordning prest under utdanning (PUU)

Saksorientering

Bakgrunn

Kyrkjemøtet vedtok i september 2022 (Sak KM 13/22) oppretting av «Rekrutteringsstilling i Den norske kyrkje – Prest under utdanning» omtala som PUU. Dette vart gjort etter ei omfattande høyringsrunde, der og Møre bispedømmeråd og Møre biskop vedtok eit høyringsutkast i sitt møte 25.04.2022.

Kyrkjerådet fekk i samband med Kyrkjemøtet sitt vedtak i september 2022 fullmakt til å utarbeide ein veileder som angir rammevilkåra for oppretting av prest under utdanningstillingane. Veilederen har seinare vore drøfta i sentralt kontaktmøte, men arbeidet er enno ikkje avslutta.

I Veilederen er det understreka at det einskilde bispedøme er ansvarleg for å lage ein overgangsordning for dei som allereie er omfatta av ordninga PUU.

PUU i Møre

Møre bispedøme har i fleire år hatt prestevikarar på fullmakt som etter kvart har utvikla seg til det vi i dag kjenner som PUU. I 2020 vart den fyrste kandidaten ordinert, i 2021 vart 4 kandidatar ordinert, og i 2022 blir det etter planen ordinert 5 stykk i Møre. Nett no er det 11 prestevikarar i Møre som er omfatta av ordninga.

Som PUU har ein vore midlertidig tilsett, der arbeidsavtalen har vore fornya kvart halvår. Tilsvarande har biskopen gjeve sin fullmakt til å forrette gudstenester, dåp, nattverd og gravferd innan prostiet.

Overgangsordning i Møre

Saka har ved ulike høve vore handsame i bispedømmeråd og i kontaktmøtet med fagorganisasjonane.

I november i år var saka på nytt handsama i kontaktmøte i Møre. Etter dette møtet vart det sendt ut ein orientering til alle som i dag er omfatta av PUU-ordninga med ei rekke punkt for ei mogleg overgangsordning. Orienteringa handla om

- Alle som no har ein arbeidsavtale som prestevikar/PUU, vil vere omfatta av denne overgangsordninga.
- Det vil bli fremja eit forslag til vedtak i Møre bispedømmeråd sitt møte 12. desember 2022 om at alle som har ein midlertidig arbeidsavtale som PUU vil bli fast tilsett i stilling som PUU med Møre bispedøme som tenestedistrikt frå 1. januar 2023, med

dei rettar og pliktar dette gjev. Etter avslutta PUU må ein søkje på ledige prestestillingar med ordinære kvalifikasjonskrav.

- Andre vilkår for overgang til fast stilling som PUU (overgangsordning):
 - Fordelinga mellom arbeid og studiepermisjon blir endra frå gjennomsnittleg 80/20 % til 60/40 %. Dette skal innarbeidast i arbeidsplanar gjeldande frå neste periode (6/2- 23).
 - Det vil så snart det er avklart, bli gitt tilbod om mentor.
 - For dei som no er med i ei overgangsordning vil hovudregelen vere inntil 2 års bindingstid i Møre bispedøme, gjeldande frå vigsling. Stad for bindingstid vert drøfta med dei einskilde
 - Studiestøtte (semesteravgift eller litteratur) kr 7500 pr semester. Dette er gjeldande frå hausten 2022, og blir utbetalt etter rekning innsendt via SD Worx (utleggsrekning). Det kan bli reist krav om refusjon av studiestøtte dersom kandidaten avbryt studiet.
 - Alle får utarbeida nye arbeidsavtaler. Kvar einskild PUU må sende inn ein studieplan som viser ei oversikt over planlagt studieprogresjon innan 31.01 2023
 - Som før skal tid til kurssamlingar ved dei ulike studiestadane gå av studiepermisjonen. Medan praksis i kyrkjelydane (inkl. stiftspraksis) skal reknast av arbeidstida.
 - Tilsvarande skal reiseutgifter til og frå kurssamlingar dekkast av den einskilde student.
 - Reiseutgifter i teneste blir som vanleg betalt av arbeidsgjevar.
 - Det regionale PUU-utvalet som vart oppretta i haust, trer ikkje i kraft. Bakgrunnen for dette er at ein nasjonal veileder er drøfta i sentralt kontaktmøte, og saka har og vore drøfta i regionalt.

Det er Møre bispedømeråd som fastset/vedtar ei slik overgangsordning, og som ein finn att i framlegg til vedtak.

Dei 11 stillingane som no er omfatta av overgangsordninga er ein del av total tal på stillingar i Møre. Etter kvart som kandidatane avsluttar utdanninga og søker ordinære stillingar vil tal på desse PUU-stillingane gå ned. Då vil det gje rom for evt nye PUU stillingar.

Ein vil kome tilbake til Møre bispedømeråd med eigen sak om oppretting av evt nye PUU-stillingar i Møre bispedøme. Då vil ein mellom anna vurdere kor mange slike stillingar ein ønskjer eller har råd til, og kor dei einskilde skal tilsettast (på prosti eller bispedømenivå)

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd vedtek overgangsordninga slik det går fram av saksframlegget



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømmeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Arvid Helle	112	22/03718-7	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
72/22	Møre bispedømmeråd 2020-2023	12.12.2022

Årsplan 2023

Vedlegg:

Årsplan Møre bispedømme 2023

Saksorientering

Bispedømmerådet skal ha merksemda si vendt på alt som kan gjerast for å vekke og nærme det kristne livet i kyrkjelydane. I tillegg skal bispedømmerådet fylgja opp dei oppgåvene dei får av Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet.

Bispedømmerådet si verksemd fylgjer ulike styringsdokument. Ho fylgjer lovpålagte oppgåver, oppgåver i tildelingsbrev, nasjonalkyrkjelege planar og strategiske styringsdokument frå Kyrkjerådet og Kyrkjemøtet. I tillegg til desse faste rammene har bispedømmerådet sin eigen strategi og eit generelt mandat til å styrka det kristne livet i kyrkjelydane.

Det er naturleg at årsplanen for 2023 tar utgangspunkt i og utviklar strategidokumentet. I tillegg legg budsjettet for 2023 rammer for verksemda. Planen er utvikla parallelt med budsjett og innanfor same økonomiske ramme som budsjett.

På side 2 i planen finn ein bispedømmerådet sitt strategidokument. Årsplanen føl opp dei 9 strategiske målformuleringane. Kvar tabell i planen reflekterer eit av dei ni strategiske måla. I tillegg reflekterer dei overordna tiltaka i planen aktuelt berekraftsmål. Oversikt over berekraftsmåla finn ein også på side 2. På same side i planen finn ein også satsingsområde og fokusområde. Desse områda er identiske med satsings- og fokusområda som kyrkjerådet har vedteke for 2023.

Kvar tabell har definerte resultatmål. Desse er både sentralt og lokalt utforma. Til dei fleste resultatmål er indikatorar. Å utvikle indikatorar som indikerer måloppnåing er utfordrande. Dels fordi det er vanskeleg å finne både kvantitative og kvalitative indikatorar, og dels fordi det er nærast uråd å vurdere måloppnåing på ein del av resultatmåla. Dei to siste kolonnane i tabellane identifiserer planlagt gjennomføringsperiode og kven som har prosjektansvar for tiltaket.

Hovudinnsatsen frå avdelingane har vore å utvikle «overordna tiltak» til kvart resultatmål. Dei overordna tiltaka er blitt til etter samtalar i og på tvers (i prostemøte og kontaktmøte) i organisasjonen og vedteken plan vil vere styrande og prioritere arbeidsoppgåver og tiltak for 2023. Sidan Møre bispedømmeråd sin strategiplan og satsings- og fokusområde er

samanfallande med kyrkerådet sitt planverk, blir planen sitt «Møre-avtrykk» først og fremst synleg gjennom «overordna tiltak»

Til ein del overordna tiltak vil det vere naturleg å lage arbeidsplan/handlingsplan. Handlingsplanar innanfor fagområda personal og kyrkjefag eller tverrfaglege prosjekter, er supplerande administrativt verktøy. Desse blir normalt ikkje lagt fram for bispedømerådet. Der ei handlingsplan treng ei politisk avklaring vil den bli lagt fram for bispedømerådet til handsaming.

Årsplan og budsjett er ikkje berre eit resultat av føringar frå bispedømmerådet. Biskopen si verksemd er også integrert i planen. Dei fleste av administrasjonen sine oppgåver handlar om å drive og drifte Møre bispedømme for og saman med biskop og stiftsdirektør (bispedømmeråd). Når bispedømmerådet handsamar planar og budsjett så er det ofte ein avgrensa del av verksemda som får merksemd. Kjerneoppgåvene og det aller meste av budsjettmidlane går med til å halde hjula i gang, til å personalutvikling, fagleg utvikling/forvaltning og risikovurdering i kanalar og på arenaer som ikkje så lett blir synleg i handsaming av planer og budsjett.

Planar er heller ikkje meir enn planar. Det kan skje mykje som hindrar eller utset realisering. Sjukdom, organisatoriske endringar og driftsutfordringar som krev nye prioriteringar kan skje, og det kjem heilt sikkert utfordringar som ikkje er reflektert i planen, men som likevel lyt få fokus.

Bispedømerådet har gitt uttrykk for ønske om forenkling og fokusering av planverket. Administrasjonen trur at planen som no ligg vedlagt forenkla og knyt årsplanen sterkare til strategiplan og til budsjett enn tidlegare. Når årsrapporteringa i tillegg vurderer måloppnåing av planen sin «resultatmål» og «overordna tiltak», trur administrasjonen er planverket har samanheng og framstår meir konsistent og forståeleg.

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd vedtar årsplan for 2023

Satsingsområde

Diakoni
Bygge fellesskap for barn og unge







Fokusområde


Kunst og kultur
Kirken som organisasjon
Digitalisering
Rekruttering

Bærekraftsmåla






Strategi for Den norske kyrkja for 2022–2029


	1	2	3
	 Kyrkja opnar rom for tru	 Kyrkja er der livet vert levd	 Kyrkja er meir for fleire
 Kyrkja for den enkelte	1.1 Forkynner evangeliet til menneske gjennom heile livet	2.1 Styrkjer kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar	3.1 Gjev tilhøyrse og skapar gode møteplassar og fellesskap fysisk og digitalt
 Kyrkja i samfunnet	1.2 Fremjar verdier som utfordrar og som byggjer eit godt samfunn for alle	2.2 Bidreg til å verkeleggjere bærekraftsmåla – lokalt, nasjonalt og globalt	3.2 Motverkar utanforskap og utforskar nye måtar å vere kyrkje på
 Kyrkja som organisasjon	1.3 Styrkjer gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekyrkje	2.3 Samhandlar med organisasjonslivet, andre trus- og kyrkesamfunn, offentlege, private og ideelle aktørar	3.3 Skapar ein mangfaldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass og frivilligarena






 DEN NORSKE KYRKJA

 1. KYRKJA OPNAR ROM FOR TRU					
Resultatmål	Indikatorar	Overordna tiltak	B-kraft	Ansvar	Frist
 1.1 Forkynner evangeliet til menneske gjennom heile livet					
1.1.1. Oppretthalde talet på deltakarar i gudstenester lokalt	Gudsteneste-deltaking/ frekvens	<ul style="list-style-type: none"> - Oppfølging av lokale/ gudstenesteordningar - Inspirere til bruk av frivillige i gudstenesta - Stimulere til auka bruk av kunst- og kulturuttrykk - Arrangere kurs for gudstenesteleiarar - Prostikurs for prester og kirkemusikere, pilotprosjekt 	10/1 2 3 10 17	AH EB/GLJ JEB LS AH/JEB	31/12
1.1.2 Fleire kyrkjelydar inkluderer samisk språk i gudstenestelivet	Talet på sokn med samisk språk i ordning for gudstj. / med samisk innslag i gudstj. Talet på sokn med samisk språk i trosopplæringsplan	<ul style="list-style-type: none"> - Gjere kjent liturgiske element på samisk - Markere samisk nasjonaldag 6. febr. 	10	K-fag K-fag	Året 6/2
1.1.3 Oppslutninga om kyrkjelege handlingar blir halde oppe	Tal/del døypte, konfirmerte, vigslar og gravferder	<ul style="list-style-type: none"> - Vidareføre kvalitet på gravferd og vigslar - Ta del i nasjonale dåpskampanjer 		K-fag BW/K-fag	Året Vår
1.1.4. Barn og unge lærer om kyrkje og tru	Deltakarandel i utvalde, landsomfattande tiltak. Deltakarandel av årskull, andel gjennomførte tilbod mtp. plan.	<ul style="list-style-type: none"> - Stimulere kyrkjelydane til å bruke kyrkjerommet til formidling om kyrkjeleg tradisjon og overlevering. - Vidare revisjon av trusopplæringsplanar - vidareføre satsinga på «FollowMe» 	17 4, 11	BW/JE B BW EB	Året Året Året

 1.2 Fremjar verdiar som utfordrar og som byggjer eit godt samfunn for alle					
1.2.1 Kyrkja tek aktivt del i samfunnsdebatten og på ulike arenaer i det offentlege rom	Antall artikkeltreff på leiinga i kyrkja og Dnk i radio, TV, print og nettaviser. Tal frukostseminar og offentlege arrangement	<ul style="list-style-type: none"> - Tydeleg kyrkjeleg nærvær på relevante samfunnsarenaer, i media, på konferansar, samlingar, festivalar - Auke dialogen med rektorar/fylkeskommune - Fomidling av kyrkjesaker i media og gjennom egne nettsider/ SO/ME - Løfte fram det livssynsopne samfunnet - Gi ord for tru: Reportasjer om trushistorier - Auke produksjon til eigen youtube-kanal 	17 4, 5	K-fag BW KV/SM H K-fag SMH KV	året
1.2.2 Kyrkja samhandlar med ulike trus- og livssynssamfunn	Talet på forum for religionsdialog	<ul style="list-style-type: none"> - Støtte og utvikle religionsdialogen - støtte etablering av STL-lag 	11	GLJ	Året

 1.3 Styrker gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekyrkje					
1.3.1 Rekruttering til kyrkjelege stillingar blir styrka	Tal søkjarar til vigsla stillingar, tal vakansar i vigsla stillingar	<ul style="list-style-type: none"> - Utvikle team som har ansvar for organisering/samhandling/innsats på bispedømmenivå - utforske potensiale for å bli lærebedrift - Etablere ei styringsgruppe og forankre i FR linja - utvikle strategi for kommunikasjon og merkevarebygging - Rekrutteringsfilmar - Kontakt med reklame/komm.byrå ift effekt - Utadretta arbeid - Optimalisere kandidatopplevsen - Kvalitetssikre rekrutteringsprosessen - Heilhetlig ansvar for rekrutteringsprosessen 	17 4 8	BW/LS BW/P-avd KV/SM H/P-avd	Året
1.3.2 Kyrkja har ein velfungerande organisasjon	Tal avviksmeldingar og varsel	<ul style="list-style-type: none"> - Gjennomføre kyrkjeval på ein god måte - styrke ungdomsdemokratiet - vidareføre plattformarbeidet «Kirkens Unge» - stimulere til tverrfaglege møter - følgje opp vedtak om ny krk.organisering - auke samhandlinga med rådsstrukturen - Innføre «Kyrkja vår» i heile bispedømme 	16, 17	Team EB EB k-fag AH K-fag GLJ	Året
1.3.3. Kompetanseutvikling blir styrka	Tal deltakarar i etter- og vidareutdanning.	<ul style="list-style-type: none"> - Knytte kontortilsette til kompetansetilbod på linje med prestar - Gjennomføre pilotprosjekt om leiing i kyrkjelydane - undersøke høve til å tilby mentor til fellesrådstilsette - vidareføre satsinga på digitale fagsamlingar - «Leading Ecclesial changes» 	8, 4	P-avd GLJ BW/EE R BW/ EER GLJ	Året

 2. KYRKJA ER DER LIVET VERT LEVD					
Resultatmål	Indikatorar	Tiltak	B-kraft	Ansvar	Frist
 2.1 Styrker kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar					
2.1.1 Fleire deltakarar på konserter og kulturarrangement	Tal på deltakarar på konserter og kulturarrangement i kyrkjene i regi av kyrkjelydane/ andre aktørar	- Følge opp vedtatt kulturplan, - Fagsamlingar for kyrkjemusikarar/ kyrkjemusikalsk råd	17, 3 4 4	JEB JEB	Året
2.1.2 Styrke og fornye kyrkjeleg kulturarv nasjonalt og lokalt	Tal opne kyrkjer. Tal på arrangement og deltakarar, tal avisoppslag	-Vidareutvikle kyrkjeleg pilegrimskompetanse gjennom nettverksmøte og ressursgruppe -Vidareføre prostikurs i pilegrimsteologi -Opne kyrkjer -Bevaringsprogrammet for kulturhistorisk viktige kyrkjebygg	17 11, 12 4	JEB JEB/AH K-fag SMH LS/ JEB	
2.1.3. Skular og andre aktørar formidlar kulturarven i/til kyrkja	Talet på barnehage- og skulegudstenester. Talet på besøk av barnehagar/skular i kyrkja og talet på besøk i barnehage og skule	- Jf. punkta 1.1.2 og 2.1.2 - Visitas - stimulere til pilegrimsaktivitetar i skulen - Auke dialogen med rektorar/fylkeskommune	4	K-fag BW BW	


 2.2 Bidreg til å verkeleggjere berekraftsmåla – lokalt, nasjonalt og globalt					
2.2.1 Fleire kyrkjelyder med diakonal satsing	Tal på kyrkjelyder med diakonal satsing	<ul style="list-style-type: none"> - Særleg fokus på dialog med kyrkjelydar utan diakon, med fokus på diakoniplan 	3	EER	31.12
2.2.2 Kyrkja fremjer menneskeverd, fred, menneskerettar og vern om skaparverket	Tal på sjelesorgsamalar (6.D.10). Tal på kyrkjelydar med besøksteneste/tal besøk (6.D.8) Tal på arrangement og deltakarar. Tal på grønne kyrkjelydar. Tal på kyrkjelydar med deltaking i KNs fasteaksjon. Ofringar til KN ++	<ul style="list-style-type: none"> - Gjennomføre LHBT+-kurs for alle kyrkjelege tilsette i Møre - Markering av Havets dag i alle prosti - Fokus på det grønne skiftet i møte med næringslivet - Kirkens Bymisjon i Kristiansund - Berekraftsmål i misjonsprosjekta - Større medvit om berekraftsmåla i trusopplæringsplanane 	10, 5 14, 13 11- 15 1, 2, 3, 10, 11, 17	EER/ P- avd EER/BW EER EER/ K- fag EER/GLJ BW	juni pinse året
2.2.3 Den norske kyrkja sitt utslepp og miljøforureining blir redusert.	Tal på grønne kyrkjelydar. Lågare utslepp i samband med arbeidsreiser (BergHansen)	<ul style="list-style-type: none"> - Gjennomgang av alle grønne sokn - Sertifisering av grønne kyrkjelydar/bispedømmekontor - Implementering av - reisepolicy 	13, 12, 11	EER EER DIR/K- fag	Året


 2.3 Samhandlar med organisasjonslivet, andre trus- og kyrkjesamfunn, offentlege, private og ideelle aktørar					
2.3.1 Samarbeid mellom kyrkjelyd og misjon blir styrka	Tal på misjonsavtaler Tal på sokn som tek del i aksjonen «Saman som kyrkje i heile verda»	- Utvikle kyrkja sitt globale oppdrag - Vidareføre samarbeidet med SMM etter revisjon - vidareføre satsing på misjonsavtaler - felles satsing på misjon i trusopplæringa	1,4, 10 17	K-fag GLJ GLJ BW/GLJ	Året
2.3.2 Dnk styrker og gjer synleg at ho er del av den verdsvide kyrkja	Deltaking og bidrag i økumeniske samanhengar. Talet på økumeniske gudstenester	- Vidareføre støtte til lokal flyktningengasjement - tilby Dele-gudsteneste-konseptet (NMSu) til kyrkjelydane - Studiereise (med fokus på kateketikk) til Ungarn - vidareutvikling av vennsapsrelasjonane	3	K-fag K-fag/GLJ K-fag/GLJ GLJ	Okt
2.3.3 Barne- og ungdomsorganisasjonane tar del i kyrkjelydane	Rapportert samarbeid mellom sokn og organisasjonar	- Stimulere samarbeid mellom kyrkjelyd/org gjennom vekstmiddelordninga - Fokuserer på samarbeid gjennom plattformarbeidet	17	K-fag EB	Året



1) KYRKJA ER MEIR FOR FLEIRE

Resultatmål	Indikatorar	Tiltak	B-kraftl	Ansvar	
3.1 Gjev tilhøysle og skapar gode møtestader for fellesskap fysisk og digitalt					
3.1.1 Kyrkja sitt digitale nærvær aukar og verktoy for digital samhandling blir utnytta	Talet på artikkeltreff i radio, TV, print og nettaviser. Talet på frukostseminar og offentlege arrangement Talet på brukarar/kyrkjelydar/arr i «skjerikyrkja» og på nettsider	-Implementere kommunikasjonsstrategi med tilhøyrande medieplan. -Oppgradere kompetanse og ferdigheiter når det gjeld digitale verktoy - Bidra til å styrke lokal kompetanse når det gjeld å vere kyrkje på nett -Bidra til å styrke lokal kompetanse når det gjeld mediekontakt - Inspirere til auka bruk av «Skjerikyrkja» -Større satsing på SoMe for å nå ut til yngre målgrupper. Insta, Snap, TT og andre medieflater. Kyrkjebygg på nett, digitale presentasjonar og formidlingskanalar - Inspirere til auka bruk av ressursbanken.no		KWV KWV KWV KWV EB SMH KV/SMH K-fag/Dir	Året
3.1.2 Universell utforming av og i kyrkja blir styrka	Tal UU nettsider/ kyrkjebygddatabase Tal UU kyrkjer Tal på interne system med UU-funksjonalitet, Tal gjennomførte "kurs 100% med", Tal på arr. med teiknspråktolk. SSB 6.D.13	- fokus på Universell utforming/integrering gjennom visitasarbeid, på fagdag og i forvaltningsarbeidet - 100% MED – sertifisering av fleire sokn	3, 10, 16 3, 10 11	SMH/EB EB/ EER	Året
3.1.3 Folkekyrkja tilbyr ulike møteplassar og fellesskap	Talet gudst. og deltakarar ved høgtider/helgemesse. SSB 6.D.1-4,6,7,11	-Følgje opp nasjonale strategiar knytt til høgtidsfeiring -Stimulere til auka bruk av kyrkja utanom gudstenester/krk.handlingar	3,	K-fag SMH/K-fag	

 3.2 Motverkar utanforskap og utforskar nye måtar å vere kyrkje på					
3.2.1 Ungdomsarbeidet blir styrka og kyrkja er til stades på utdanningsinstitusjonar og i forsvaret	Talet på deltakarar på tilbod for 13-17 år/ 18-30 år og leiarkurs. Talet på samtalar med studentprest og feltprest	- Vidareføre satsing på studentprestenesta - Avklare vidareføring av «FollowMe» - Støtte leiartreningsprogram i regi av organisasjonane	3 4 10	AH/EB EB EB	Året
3.2.2 Kyrkja si rolle i sivilsamfunnet blir styrka	Deltaking i kommunale kriseteam. Deltaking i fylkesberedskapsråd. Talet på sorggrupper (SSB 6.D.5)	-Arbeide for formaliserte samarbeidsavtalar om omsorg for døande -Kultur på institusjon -Sjå pk. 2.1.3 -Oppdatering og oppfølging av krise- og beredskapsplanen -Gjennomføring av sorgmånad	3, 17 4, 17 17 3	EER EER/JEB EER/ P- avd EER	Året
3.2.3 Fleire kyrkjelydar tilbyr fellesskap til nye Noreg	Talet på kyrkjelydar med tilbod i samband med integreringsarbeid (6.D.12)	-Stimulere kyrkjelydar til samskaping med lokale aktørar	10	K- fag/JEB	Året
3.2.4.Kyrkja bidreg til nyskaping og innovasjon (kr/prosjekt)	Tal på innvilga søknader om vekstmiddel	-Oppmode sokna til å søke på stimuleringsmidler for innovasjon og nyskaping -Støtte/inspirere til prosjektsøknader	9	K-fag Fagrådg.	Året

 3.3 Skapar ein mangfaldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass og frivilligarena					
3.3.1 Kyrkjelege medarbeidarar trivest i jobben og har eit inkluderande og likestilt arbeidsfellesskap.	Medarbeidarundersøkingar. Sjukefråvær. Talet på nyttilsette med nedsett funksjonsevne eller hol i CV (jf. tildelingsbrev frå dep.)	-Fokus på HMS og LIM-arbeidet Oppfølging av medarb.us. Etablere LIM-handlingsplan - bidra til gode avviks- og varslingsrutinar - tettere og meir systematisk samarbeid med FR/Kyrkjevevjer, - Særleg fokus på strategimål «kyrkje for fleire» på prostidagar	8, 5 10, 8 17	P-avd/ K-fag/ Personal Alle K-fag/ alle	Året Haust
3.3.2 Fleire blir engasjert til frivillig teneste i kyrkja	Tal på frivillige (splitta på i kva for samanhengar) Tal på opplærings- og motivasjonssamlingar for frivillige (eksisterande SSBindikator)	- Særleg fokus på frivillighetstenesta i kyrkjelydane. - Stabsfokus på tenestefelleskap mellom tilsett og frivillig - Tematisere kyrkjeleg frivillighetskultur	3	EB K-fag K-fag/EB	Året



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømmeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Bjørn Olaf Storhaug	112	22/03718-6	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
73/22	Møre bispedømmeråd 2020-2023	12.12.2022

Budsjett 2023

Vedlegg:

Statsbudsjettet 2023 – foreløpige budsjettfaktorer for bispedømmene
280 - Budsjettnotat 2023

Saksorientering

I denne saken blir budsjett for 2023 lagt fram for bispedømmerådet til behandling og vedtak. Om budsjettet skulle endre seg vesentleg, vil disse bli lagt fram for bispedømmerådet i ei seinare sak om budsjettrevisjon.

Årsplan og budsjett 2023 har vore utvikla av administrasjonen og behandla i Kontaktmøtet (med fagorganisasjonane) og i prostemøte til uttale. Innspel er innarbeidd.

Budsjettnotatet er utarbeida av Felles økonomienhet (FØ) i samarbeid med stiftsdirektør og administrasjonen. For detaljer blir det vist til dette.

Det er ei forventa lønnsauke på 4,2 % for 2023 og i budsjettet for Møre er det satt av 1 625 000 inkl. feriepengar og arbeidsgivaravgift. Differansen mellom lønsutvikling (4,2%) og auke i tilskot (1,48%) vil i 2023 svekke budsjettsituasjon. Differansen vil kunne bli dekt inn av tidlegare års mindreforbruk, men berre på kort sikt.

Budsjettet for 2023 går i balanse når kr 4.375.000 blir tatt av tidlegare års mindreforbruk.

Element henta frå budsjettnotat FØ:

Tildeling 2023:

Forslag til foreløpig budsjett bygger på ramma for foreløpige budsjettfaktorar for bispedømme 2023 – jf. brev frå Kirkerådet av 4. november 2022.

Tildeling til Møre bispedømmeråd er kr 115 547 000 – fordelt som følger;

- kr 81 463 000 budsjettgruppe 1 - drift
- kr 34 084 000 budsjettgruppe 2 – tilskot

Årets tildeling til bispedømme er auka med 1,47 % frå 2022 når ein ser bort frå OVF-midlar som frå 2023 ikkje er(?) blir tildelt.

Statsbudsjettet er ikkje vedtatt, og det kan bli endringar på kyrkjebudsjettet ved statsbudsjettet si behandling i Stortinget i desember. FØ ber bispedømmerådet vere forberedt på at endeleg tildeling kan bli lågare og at det kan bli nødvendig å justere budsjettet.

Disponible midlar - Balansepost (konto 2050)

Møre bispedømmeråd har et akkumulert mindreforbruk frå tidlegare år på drift på kr 9 389 000.

Akkumulert mindreforbruk fordeler seg på:

Budsjettgruppe 1 – drift	kr 7 977 000
Budsjettgruppe 2 – tilskudd	
Trosopplæring	kr 837 000
Diakoni, undervisning og kirkemusikk	kr 575 000

Kirkerådet har i KR-sak 52/21 vedtatt en avgrensning i bispedømmerådene akkumulerte mindreforbruk, tilsvarande 3 % av siste års tildeling. Ordninga med en øvre grense for akkumulert mindreforbruk på 3 % av tildelinga trer fullt ut i kraft frå regnskapsåret 2023.

Budsjettekniske forutsetningar:

Felles økonomienhet har fastsett nokre budsjettekniske forutsetningar som er lagt til grunn i budsjettarbeidet for 2023, spesielt gjelder dette budsjettering av lønn og godtgjersler.

Dette er i hovudsak en vidareføring av tidlegare års forutsetningar. For detaljer sjå vedlegg:

- *Lønn til faste stillingar:*
For fast tilsette er det budsjettert med reell årslønn og stillingsprosent, med tillegg av feriepengar og arbeidsgivaravgift. For vakante stillingar er det budsjettert med en fastsett årslønn.
- *Lønn til vikarar:*
- *Stiftspraksis:*
- *NAV-refusjonar:*
- *Tilleggslønn presteskapet:*
- *Beredskapsgodtgjersle presteskapet:*
- *OVF-bustader:*
- *Lønnsoppgjeret 2022:*
- *Lønnsoppgjer 2023:*

Budsjettering av lønn og godtgjersle:

Følgande årsverk er budsjettert for Møre bispedømme:

Koststed	Totalt oppretta faste stillingar	Innsparing etter fordelingsnøkkel	Netto budsjetterte årsverk 2023
Bispedømmekontoret	14,00	0,80	13,20
Molde domprosti	14,05	0,90	13,15
Søre Sunnmøre prosti	16,60	1,85	14,75
Nordre Sunnmøre prosti	24,00	0,80	23,20
Indre Romsdal prosti	4,70	0,00	4,70
Ytre Nordmøre prosti	9,75	1,00	8,75
Indre Nordmøre prosti	7,00	0,55	6,45
TOTALT	90,10	5,90	84,20

Studentprestar og fengselsprestane er inkludert i prestestillingane i prostia.

Oppretta stillingar i samband med studentprestar utgjer auke med 1,6 stillingar frå budsjettet for 2022

I Budsjettet for 2023 er det forutsett same innsparing i stillingar på bispedømmekontoret og i prostia som i 2022.

Budsjettering av drifts- og reisekostnader:

Forslag til foreløpig budsjett for drifts- og reisekostnader for 2023 er i hovudsak basert på en vidareføring av førige års budsjetterte aktivitetar (erfaringstal/historikk) og dialog med stiftsdirektør og avdelingsleiarar.

Etablerte aktivitetar som arbeidsveiledning (ABV), drift av ulike råd/utval, fagdagar (for diakonar, kateketar, trosopplærarar og kyrkjemusikarar og administrativ hjelp til prostane har budsjettmessig dekning på same nivå som tidlegare.

Budsjettet for 2023 går i balanse når kr 4.375.000 blir tatt av tidlegare års mindreforbruk.

Andre kommentarar til budsjettet frå stiftsdirektøren:**A) Prosten: del av stilling til teneste i presteneste**

Biskopen er den som fastsett kor stor del av prostestillinga som skal brukas til sokneprestteneste. Slik vurdering er gjort:

- Søre Sunnmøre 20 %
- Nordre Sunnmøre 0%
- Indre Romsdal 50%
- Molde domprosti 0%
- Indre Nordmøre 50%
- Ytre Nordmøre 40 %

B) Administrativ hjelp for prostar

På bakgrunn av tidlegare arbeid i forbindelse med budsjett 2021 blir det lagt opp til en vidareføring av fordeling av administrativ ressurs for prostar - % av årsverk

- Søre Sunnmøre 40%
- Nordre Sunnmøre 70%
- Indre Romsdal 20%
- Molde domprosti 50%
- Indre Nordmøre 25%
- Ytre Nordmøre 40%

C) Andre driftsutgifter

Det er lagt opp til at planlagde aktivitetar og tiltak i årsplan 2023 er finansiert gjennom budsjettet.

Særlige budsjettforutsetninger for 2023

- Det blir ikkje gjennomført stiftsdagar, men prostidagar for alle tilsette
- Markering av Møre bispedøme 40-års jubileum
- Kyrkjevalet – eige tildeling og budsjett kjem seinare
- Samlingar i samband med kyrkjeleg organisering ligg inne
- Stillingar for Prest under utdanning (PUU-stillingar) er finansiert gjennom budsjettet

Budsjettgruppe 1 – Drift:

Møre bispedømmeråd				
Budsjettforslag 2023 - budsjettgruppe 1 drift				
	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Regnskap 10.2022	Budsjett 2023
30xx - Salgsinntekt avgiftspliktig (varer og tjenester)	0	0		0
31xx - Salgsinntekt avgiftsfri (varer og tjenester)	0	0	-65 195	0
32xx - Salgsinntekt utenfor avgiftsområdet (varer og tjenester)	0	0		0
34xx - Tilskudd fra stat, fylker, kommuner, stiftelse samt gaveinntekter	0	0	-18 144	0
3xxx - Andre inntekter	-397 152	0	-68 021	0
Sum inntekter	-397 152	0	-151 360	0
46xx - Tilskudd menigheter og fellesråd	40 000	30 000	543 000	0
Sum tilskudd mv	40 000	30 000	543 000	0
500x - Faste stillinger (inkl. feriepenger)	57 751 196	60 480 164	38 468 985	62 879 669
5006 - Beredskap		1 337 692	959 495	1 337 692
50xx - Tilleggslønn, overtid og stedfortredergodtgj.	1 873 296	1 871 037	2 150 129	1 951 037
51xx - Midlertidige stillinger, ekstrahjelp, honorarer mm	1 513 038	1 380 474	10 029 675	1 209 647
52xx - Fordel i arbeidsforhold	3 000	0	0	0
53xx - Gruppeliv, honorarer og annen oppgavepliktig godtgjørelse	884 061	789 742	501 943	677 407
540x - Arbeidsgiveravgift	7 856 987	8 177 295	6 721 195	8 698 215
58xx - Refusjon sykepenger, fødeselspenger mv		0	-1 733 628	0
599x - Refusjon lønnskostnader			-469 711	0
59xx - Andre personalkostn (gaver, forsikring, tjenestedrakt mm)	140 000	115 000	106 529	147 533
Sum Lønn og godtgjørelser	70 021 579	74 151 404	56 734 612	76 901 200
60xx - Avskrivninger	109 000	42 000	34 646	0
63xx - Leie lokaler, strøm, renhold mm	1 602 152	1 765 000	1 653 433	1 890 000
64xx - Leie maskiner, inventar, datautstyr, transportmidler mv	50 000	40 000	141 419	30 000
65xx - Inventar, driftsmateriale, datautstyr, programvare, rekvisita mv	125 000	240 000	273 389	260 000
66xx - Reparasjon og vedlikehold bygninger og utstyr			23 738	25 000
67xx - Honorar rådgivning, regnskap, revisjon og kjøp div. tjenester	15 000	20 000	114 625	15 000
6790 - Kjøp av andre fremmede tjenester	180 000	380 000	500 227	400 000
6796 - Flytting	200 000	100 000	0	400 000
6797 - Annen bistand	1 500 000	1 370 000	691 139	1 305 000
68xx - Kontorrekvisita, trykksaker, aviser, bøker, annonser mm	303 500	504 704	359 053	420 000
68xx - Møter, kurs og seminarer mm	1 530 000	2 015 000	712 342	1 645 000
69xx - Telefon, porto mv	10 000	10 000	18 226	1 000
Innsparing drift				-4 375 000
Sum andre driftskostnader (drift og mindre anskaffelser)	5 624 652	6 486 704	4 522 237	2 016 000
71xx - Bilgodtgjørelse, diett, reiser mm	2 570 000	2 280 000	2 584 497	2 370 000
73xx - Reklamekostnad og representasjon	38 921	15 000	2 380	0
74xx - Medlemskontingent og gaver	43 000	43 000	25 414	23 800
77xx - Annen kostnad	108 000	152 000	300	151 000
Sum andre driftskostnader (reise, reklame, forsikring mm)	2 759 921	2 490 000	2 612 591	2 544 800
8xxx - Finansinntekter/kostnader, overføringer mv	0	0	228	1 000
Sum Finanskostnader og overføringer	0	0	228	1 000
TOTALT	78 049 000	83 158 108	64 261 308	81 463 000

Budsjettgruppe 2 - Tilskudd:

Møre bispedømmeråd			
Budsjett 2023 - budsjettgruppe 2 tilskudd			
	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
2805110 - Tilskudd trosopplæring	20 360 000	20 961 000	21 270 000
2805120 - Tilskudd diakoni	6 400 000	6 400 000	6 496 000
2805130 - Tilskudd undervisning	5 701 000	6 063 000	6 150 000
2805140 - Tilskudd kirkemusikk	165 000	165 000	168 000
2805160 - Tilskudd fra OVF	502 000	502 000	0
TOTALT	33 128 000	34 091 000	34 084 000

Økningen på tilskuddene er 1,47 % når en ser bort fra OVF-tilskuddet som er falt bort fra 2023.

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd vedtar budsjett for 2023

280 – Møre bispedømmeråd – Foreløpig budsjett 2023

Budsjettnotat frå Felles økonomienhet (FØ)

Budsjettekniske forutsetningar:

Felles økonomienhet har fastsett nokre budsjettekniske forutsetningar som er lagt til grunn i budsjettarbeidet for 2023, spesielt gjeld dette budsjettering av lønn og godtgjersle.

Dette er i hovudsak en vidareføring av tidlegare års forutsetningar.

- *Lønn til faste stillingar:*

For fast tilsette er det budsjettert med reell årslønn og stillingsprosent, med tillegg av feriepengar og arbeidsgivaravgift.

For vakante stillingar er det budsjettert med en fastsett årslønn avhengig av stillingstype (prost, sokneprest, kapellan/prostiprest, rådgivar), med tillegg av feriepengar og arbeidsgivaravgift. Dette gir budsjettmessig dekning for vikar i vakante stillingar.

- *Lønn til vikarar:*

Det er satt av midlar til vikar i ferier, studiepermisjon og stabsutvikling. Det er også budsjettert med 30 % vikar for frikjøp leder av presteforeininga.

- *Stiftspraksis:*

Det vert ikkje budsjettert med lønn til stiftspraksiskandidatar då det er forventa at kandidatane trer inn i tenester der det er vakanse eller sjukdom. Det er likevel budsjettert med kr 50 000 for bruk ved behov.

- *NAV-refusjonar:*

Det vert ikkje budsjettert med NAV-refusjonar (sjukepengar og foreldrepengar). Arbeidsgivarperioda er 16 dagar. (Maksgrense for NAV-refusjonar er 6G – for 2022 er det kr 668 800.) Når ein mottar NAV-refusjonar gir det eit handlingsrom for å dekke opp med vikar, evt. inndecking av meirforbruk gjennom året.

- *Tilleggslønn presteskapet:*

Gjeld tilleggslønn som følger av prestane si arbeidstidsavtale (tillegg for arbeidstid på ettermiddag, kveld, helge- og høgtidsdagar).

Budsjettpostane er på same nivå som i 2022.

- *Beredskapsgodtgjersle presteskapet:*

Med bakgrunn i dette er følgjande kandidatar fremja som faste medlemmar:

- Knut Anders Oskarsson
- Mildrid Fiske
- Max Ingar Mørk
- Sylvia Ulstein
- Rasmus Elias Myklebust

og varamedlemmar:

- Karl Johan Gjævenes
- Ann Kristin Langeland

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd oppnemner desse til valråd for i samband med kyrkjevalet 2023 for Møre bispedømmeråd

Faste medlemmar:

- Knut Anders Oskarsson
- Mildrid Fiske
- Max Ingar Mørk
- Sylvia Ulstein
- Rasmus Elias Myklebust

Varamedlemar:

- Karl Johan Gjøevenes
- Ann Kristin Langeland

Filten ble ikke funnet. Den er enten slettet, eller sjekket ut.



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømmeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Arvid Helle	400	22/04085-2	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
76/22	Møre bispedømmeråd 2020-2023	12.12.2022

Høyringsvar om reglar for gjennomføring av deling av Ålesund kyrkjelege fellesrådsområde.

Vedlegg:

Høyring om reglar for gjennomføring av deling av Ålesund kyrkjelege fellesrådsområde
Høyringsvar om reglar for gjennomføring av deling av Ålesund kyrkjelege fellesrådsområde.

Saksorientering

Saksfeltet som no er sendt på høyring får så skjeldan fokus at kyrkerådet ikkje har utarbeidd nasjonale eller generelle reglar. Det gjeld deling av fellesråd. Kyrkjeordninga slår fast at det skal vere eit kyrkjeleg fellesråd i kvar kommune. Dei siste åra har det politiske klimaet ført til større og meir robuste kommunar, slik at samanslåing av fellesråd har fått mykje meir fokus enn deling av fellesråd.

Etter regjeringa si «tvangssamanslåing» av dei tidlegare kommunane Ålesund og Haram frå 1. januar 2019, og påfølgjande prosess for samanslåing av fellesråd, har regjeringa no godkjent at «gamle Haram» kommune på ny blir eigen kommune og at Ålesund kommune blir delt frå 1. januar 2024. Sidan det ikkje er reglar knytt til deling av fellesråd, har kyrkerådet no fremja reglar for deling av fellesrådet i noverande Ålesund kommune.

Dato for deling av kommunen er 1. januar 2024. Heldigvis skjer ny inndeling «samstundes» med ny valperiode for demokratisk valde kyrkjelege råd og styrer. Det hadde forvanska delingsprosessen dersom delinga hadde skjedd midt i ein valperiode for sokneråd/fellesråd.

Regelsettet er sendt på høyring med høyringsfrist 3. jan. 2023. I tillegg til bispedømmerådet ser det ut som at sokneråda og fellesrådet i Ålesund kommune, arbeidstakarforeiningane, Ålesund kommune og KA er høyringsinnstansar.

Det er kyrkjeval i sept 2023. Deling av fellesrådet vil ikkje bety mykje for gjennomføring av kyrkjevalet sidan soknegrensene ikkje blir endra. Val til sokneråd og til fellesråd kan gjennomførast etter reglane, med det eine unntaket at verknadsperioden for dei nye fellesråda først tar til frå 1. jan 2024

Regelsettet er basert på godt skjøn, og reglane legg opp til ein naturleg delingsprosess, som er lett å gi tilslutning til. Fellesråda er likevel juridiske einingar og forvaltar store verdiar, slik at reglane som regulerer oppretting og deling lyt forankrast i organ med mynde til å fastsetje slike reglar. Godt skjøn er ikkje tilstrekkeleg om nokon vil utfordre ein delingsprosess som

ikkje kan vise til vedtekne reglar. Reglane følgjer, så langt det passar, kommunal og distriktsdepartementet si forskrift 3. okt. 2022 om deling av Ålesund kommune.

I innleiingsavsnittet til høyringsdokumentet viser kyrkjerådet til kyrkjemøtet sitt vedtak om ny kyrkjeleg organisering der det heiter (KMsak 10/22): «*Det bør stimuleres til etablering av samarbeid mellom fellesråd som ønsker det, i tett kontakt med de berørte kommuner*». Generelt vil dette høyringsorganet støtte ei slik formulering, men folketal og tal på sokn i fellesrådsområdet (12 sokn) er så høgt, at ein vil streke under at det ligg mykje betre til rette for eit slikt samarbeid mellom mange andre kommunar.

Høyringsvaret kommenterer i tillegg nokre av reglane i framlegget frå kyrkjerådet:

Til §3

Reglane legg opp til at funksjonstida til sitjande fellesråd blir forlenga med 1 måned, fram til deling har skjedd. Regelen sikrar at overgangen blir litt mjukare og at ein får høve til kunnskapsoverføring mellom avtroppande fellesråd og dei nyvalde fellesråda. Dei nye fellesråda i dei to nye kommunane får også litt tid til å setje seg inn i oppgåver og evt. problemstillingar knytt til delinga, før rådsorgana blir sjølvstendige og noverande fellesråd blir oppløyst.

Til §4

Fellesrådsutvala for dei nye kommunane er allereie under etablering. Møre biskop har oppnemd spr. Karl Johan Bjørge til repr. i Haram kyrkjelege fellesrådsutval og prost Svein Runde til repr. i nye Ålesund kyrkjelege fellesrådsutval. Biskopen har også oppnemd Bjørge og Runde til faste geistlege repr. I dei to nye fellesråda.

Til §6

Høyringsinnstansen strekar under merknadane i høyringsuttalen om at noverande/dagleg leiari vil ha rettskrav på stilling som kyrkjeverje i «nye» Ålesund.

Til §7 og 8

At gjeldande vedtekter, mål og planar i Ålesund kyrkjeleg fellesråd blir vidareført i dei to nye fellesråda fram til råda har gjort eigne vedtak er naturleg og sikrar at ordningar og endringar blir justert i kunnskap om i respekt for det som var.

Til §10

Høyringsinnstansen strekar under at det er viktig at det noverande fellesråd fordeler eigedelar, gjeld og eigenkapital mellom dei nye fellesråda. Høyringsinnstansen er usikker på om denne fordelinga skal vere førebels og det går ikkje fram av reglane kva instans som skal gjere endeleg vedtak om fordelinga. Noverande fellesråd er eit representativt organ for alle sokna. Denne representativiteten lyt få stor vekt når det er usemje om deling av eigedeler, gjeld og eigenkapital. Reglane lyt vere svært klare på kva organ som gjer endeleg deling.

2.ledd

Setninga i regelen er uklar. Leddet heng saman med 1. ledd. Noverande fellesråd bør setje fast korleis fordringar som ikkje betalt innan 31. des. skal handterast.

Forslag til vedtak

Bispedømmerådet vedtar høyringsuttale om reglar for gjennomføring av deling av Ålesund kyrkjelege fellesrådsområde slik det går fram av saksutgreiinga



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkerådet

Møre bispedømmeråd
Moldetrappa 1

6415 MOLDE

Dato: 15.11.2022

Vår ref: 22/03934-3 jm782

Dykkar ref:

Høyring om reglar for gjennomføring av deling av Ålesund kyrkjelege fellestrådsområde

I samband med deling av Ålesund kommune med verknad frå 1. januar 2024, skjer det ei deling av kyrkjeleg fellestråd i Ålesund. Kyrkerådet har utarbeidd framlegg til reglar for gjennomføring av denne delinga. Framlegget vert med dette sendt på høyring til dei partane saka særleg vedkjem. Høyringsfristen er sett til **3. januar 2023**.

Med helsing

Torbjørn Backer Hjorthaug
avdelingsdirektør

Jørund Østland Midttun
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Reglar for gjennomføring av deling av Ålesund kyrkjelege fellestråd

Mottakere:

Ellingsøy sokneråd

Sandøy sokneråd

Ørskog sokneråd

Ålesund og Voisdalen sokneråd

Brattvåg sokneråd

Haram og Fjørtoft sokneråd, Haram og

Fjørtoft sokneråd

Hamnsund sokneråd

Vatne sokneråd

Årsundvegen 11,
6270 Brattvåg

6270

Møre bispedømmeråd	Moldetrappa 1	6415 MOLDE
Den norske kirkes presteforening	Postboks 437	0103 OSLO
	Sentrum	
Fagforbundet teOLOgene, Bjarne Kjeldsen	Boks 7003 St.	0130 OSLO
	Olavsplass	
Spjelkavik sokneråd		
KA Arbeidsgiverorganisasjon for kirkelige virksomheter	Rådhusgaten 1-3	0151 OSLO
Ålesund kyrkjelege fellesråd	Langelandsvegen 17	6010 ÅLESUND
Fagforbundet		
Ålesund kommune	Postboks 1521	6025 ÅLESUND
Fagforbundet - Seksjon kirke, kultur og oppvekst		
Skodje sokneråd		
Borgund Sokneråd		

Høyringsframlegg:

Reglar for gjennomføring av deling av Ålesund kyrkjelege fellelrådsområde

Innleiing

Kyrkjerådet sender på høyring framlegg til reglar i samband med deling av Ålesund kommune.

Som en følge av at Ålesund kommune blir delt med verknad frå 1. januar 2024, blir det ei endra organisering av sokna i kommunen. I kirkeordning for Den norske kirke § 8 første ledd heiter det: «I kommuner med flere sokn skal det (...) være et kirkelig fellelråd».

Noverande Ålesund kommune har i dag 12 sokn. Etter kommunedelinga vil følgjande sju sokn liggje i nye Ålesund kommune: Borgund sokn, Ellingsøy sokn, Sandøy sokn, Skodje sokn, Spjelkavik sokn, Ørskog sokn og Ålesund og Volsdalen sokn. Følgjande fem sokn vil liggje i Haram kommune: Brattvåg sokn, Fjørtoft sokn, Hamnsund sokn, Haram sokn og Vatne sokn. Av desse har to sokn (Haram og Fjørtoft) i dag felles sokneråd.

Kommunal- og distriktsdepartementet har i forskrift 3. oktober d.å. gitt regelverk for gjennomføringa av deling av Ålesund kommune. Kyrkjerådet har følgd denne så langt det passar. Etersom kyrkjeleg fellelråd er eit organ som spring ut av sokneråda og består av soknerådsmedlemmar, er det større moglegheit enn i kommunen å opprette representative organ for dei nye fellelrådsområda. Kyrkjerådet har difor vald å gje desse organa ein eksplisitt rolle i organiseringa.

Kirkeordning for Den norske kirke § 8 sjette ledd seier at føresegnene i inndelingslova kapittel V og VI gjeld tilsvarande for kyrkjeleg fellelråd så langt det passer. (I dette tilfellet er det berre føresegnene i kapittel V som er relevante.)

Kyrkjemøtet vedtok i september 2022 prinsipp for ny organisering av Den norske kyrkja. (KM sak 10/22) I vedtaket heiter det mellom anna: «Det bør stimuleres til etablering av samarbeid mellom fellelråd som ønsker det, i tett kontakt med de berørte kommuner». I forlenginga av dette vedtaket meiner Kyrkjerådet det er sterkt ønskeleg at dei ulike organa for sokna i Ålesund drøfter ulike former for samarbeid, medrekna ei drøfting av om det kan vere tenleg å halde fram med eitt fellelråd for begge dei to nye kommunane. Framlegget til reglar legg difor vekt på leggje til rette for slike drøftingar.

Framlegg til reglar

§ 1. Verkeområde

Reglane er gitt i samband med vedtak i Stortinget 14. juni 2022 om deling av Ålesund kommune med verknad frå 1. januar 2024. Reglane regulerer gjennomføring av delinga av Ålesund kyrkjelege fellesrådsområde.

I desse reglane blir «kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune» brukt om det fellesrådet som vart etablert frå 1. januar 2020, og som blir nedlagt 31. desember 2023. «Kyrkjeleg fellesråd i Haram kommune» og «kyrkjeleg fellesråd i nye Ålesund kommune» blir brukte om dei to nye råda som blir konstituerte innan utgangen av november 2023.

§ 2. Val og konstituering av nytt kyrkjeleg fellesråd

Sokna i dei respektive fellesrådsområda vel sine representantar til fellesrådet i samsvar med forskrift 14. november 2021 om valg av kirkelig fellesråd. Kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune utfører dei oppgåvene som er lagt til kyrkjeleg fellesråd i forskrifta.

Leiaren av kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune innkallar til konstituerande møte i kvart av dei to nye fellesråda innan utgangen av november 2023.

§ 3. Funksjonsperiode og fullmakter

Funksjonsperioden til kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune blir forlenga, og den varer til 31. desember 2023. Frå 1. desember 2023 er ansvar og fullmakter for rådet avgrensa til det som er nødvendig for å avslutte verksemda.

§ 4. Etablering av fellesrådsutval

Kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune skal etablere fellesrådsutval som representerer sokna i kvar av dei to nye kommunane. Fellesrådsutvalet for Haram kommune skal bestå av ein representant for kvart av dei fem sokna i kommunen og fellesrådsutvalet for nye Ålesund kommune skal bestå av ein representant for kvart av dei sju sokna i kommunen. I tillegg skal utvala ha ein geistleg representant oppnemnd av biskopen og kommunen kan oppnemnde ein kommunal representant til kvar av utvala.

§ 5 Fullmakter for fellesrådsutvalet

Fellesrådsutvalet skal greie ut og vareta ulike nivå av samarbeid på vegner av sokna i Haram kommune og nye Ålesund kommune, medrekna å vurdere eit felles kyrkjelege fellesråd for dei to nye kommunane. Fellesrådsutvalet i kvar kommune avgjer omfanget av samarbeid og felles funksjonar. Etter 1. desember 2023 ligg denne kompetansen til dei nye fellesråda.

§ 6. Tilsetjing av dagleg leiar

Fellesrådsutvalet for Haram kommune får mandat til å tilsetje dagleg leiar for kyrkjeleg fellesråd i Haram og fellesrådsutvalet for nye Ålesund kommune får mandat til å tilsetje dagleg leiar for kyrkjeleg fellesråd i nye Ålesund kommune.

§ 7. Gravferdsvedtekter

Gravferdsvedtektene skal gjelde for Haram og nye Ålesund kommunar til nye vedtekter er fastsett av kyrkjelege fellesråd for Haram kommune og kyrkjelege fellesråd for nye Ålesund kommune.

§ 8. Mål og planar for fellesrådet

Mål og planer for den kyrkjelege verksemda som er fastsett etter kirkeordning for Den norske kirke § 17 skal gjelde fram til Haram kyrkjelege fellesråd og nye Ålesund kyrkjelege fellesråd vedtar nye planar for verksemda.

§ 9. Økonomiplan og årsbudsjett

Kyrkjelege fellesråd i noverande Ålesund kommune skal gjere det førebuande arbeidet for Haram kyrkjelege fellesråd og nye Ålesund kyrkjelege fellesråd med økonomiplanar for 2024-2027, budsjettforslag til kommunen og årsbudsjett for 2024.

Kyrkjeleg fellesråd i Haram kommune og nye Ålesund kommune skal sjølve vedta økonomiplan, budsjettforslag til kommunen og årsbudsjett for 2024 i samsvar med forskrift om økonomiforvaltningen i Den norske kirke.

§ 10. Førebels fordeling av egedelar, gjeld og eigenkapital

Kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune fastset sjølv ei førebels fordeling av bokførte egedelar, gjeld og eigenkapital frå noverande Ålesund kyrkjelege fellesråd til Haram kyrkjelege fellesråd og nye Ålesund kyrkjelege fellesråd, som skal vere utgangspunkt for arbeidet med årsbudsjettet for 2024.

Kyrkjelege fellesråd i noverande Ålesund kommune fastset sjølv kven av dei nye fellesråda som skal ta hand om betalingsplikter for kyrkjelege fellesråd i noverande Ålesund som ikkje er betalt innan 31. desember 2023 blir dekka.

§ 11. Årsrekneskap og årsmelding for noverande kyrkjeleg fellesråd

Kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune fastset sjølv kven av dei nye fellesråda som skal utarbeide og leggje fram årsrekneskapane og gi årsmeldingane til

kyrkjeleg fellelråd i noverande Ålesund kommune for 2023 etter forskrift om økonomiforvaltning i sokn i Den norske kirke § 12.

Dei kyrkjelege fellelråda i nye Ålesund kommune og Haram kommune skal sjølv vedta årsrekneskapane og årsmeldingane for 2023.

§ 12. Dokumentforvaltning og arkivansvar

Kyrkjeleg fellelråd i noverande Ålesund kommune skal fastsetje korleis historiske og aktive arkiv skal handterast ved delinga. Arkivfaglege omsyn skal sikrast. Fellelrådet skal dokumentere prosessen.

§ 13. Iverksetjing

Reglane blir sette i kraft straks.

Merknader til dei enkelte føresegna

Til § 1 Verkeområde: Fordi grensene for kyrkjeleg fellelrådsområde alltid følgjer kommunegrensene om ikkje noko anna er avtalt, er det Ålesund kommune som er verkeområde for reglane. Reglane gjeld gjennomføringa av delinga av fellelrådsområde i tida fram til ikraftsetjing av delinga 1. januar 2024.

Til § 2 Val og konstituering av nytt kyrkjeleg fellelråd: Val til nye sokneråd kan skje på vanleg måte i alle sokna. Dei nyvalde sokneråda vel deretter ein representant til kyrkjeleg fellelråd i samsvar med forskrift om valg av kirkelig fellelråd. Fordi det i inneverande periode berre er ein fellelrådsleiar, meiner Kyrkjerådet det er mest tenleg at leiaren kallar inn til konstituerande møte i begge dei nye fellelråda.

Til § 3. Funksjonsperiode og fullmakter. Funksjonstida for dei nye fellelråda tek til å gjelde frå 1. desember, men fordi dei nye fellelrådsområda ikkje gjeld før 1. januar 2024, får det noverande fellelrådet fullmakter ut desember for saker som gjeld avviklinga av det gamle fellelrådsområdet. (Dette svarer til inndelingslova § 27) Dei nye fellelråda kan på vanleg måte ta fatt på saker som gjeld tilhøve etter 1. januar.

Til § 4 Etablering av fellelrådsutval. Ulikt kommunestyret, vil det være mogleg å etablere utval på same grunnlag som dei framtidige fellelråda fordi kyrkjeleg fellelråd består av representantar for sokneråda i tillegg til geistleg og kommunal representant. Kyrkjerådet meiner difor at det vil være tenleg så snart som mogleg å opprette slike utval. Samansettinga av fellelrådsutvala skal vere etter same prinsipp som samansetjing av kyrkjeleg fellelråd, jf. kirkeordning for Den norske kirke § 15 og regler om ordning for felles menighetsråd § 7.

Til § 5 Fullmakter for fellelrådsutvalet. Fellelrådsutvalet for kvar av dei nye kommunane har mandat til å greie ut korleis dei oppgåvene som er regulert i kyrkjeordninga § 17 skal løysast i dei nye kommunane, medrekna om, og i så fall kva

type, samarbeid som skal vere mellom dei to fellesråda. Fellesrådsutvala får også eit særskilt mandat med å greie ut om det er mogleg å vidareføre dagens kyrkjelege fellesråd som eit råd for begge dei to nye kommunane. Dersom ein vil vidareføre eit slikt råd, skal dette godkjennast av Kyrkjerådet, jf. kirkeordning for Den norske kirke § 8 fjerde ledd.

Til § 6 Tilsetjing av dagleg leiar. Fullmakt til å tilsetje dagleg leiar/kyrkjeverje for kvart av dei nye fellesråda blir gitt til fellesrådsutvalet i kvar av dei nye kommunane. Kyrkjerådet legg til grunn at kyrkjeverja i noverande Ålesund kyrkjeleg fellesråd vil ha rettskrav på stillinga som kyrkejeverje i kyrkjeleg fellesråd i nye Ålesund kommune

Til § 7 Gravferdsvedtekter. Gravferdsvedtektene vil halde frå med å gjelde fram til nye vedtekter for kvar kommune er vedteken av dei nye fellesråda. Dette er i samsvar med inndelingslova § 13.

Til § 8 Mål og planar for fellesrådet. Kyrkjeordninga § 17 seier at kyrkjeleg fellesråd skal «utarbeide mål og planer for den kirkelige virksomheten i kommunen». Det er dei nye fellesråda som etter 1. desember 2023 må vedta planar for verksemda i dei nye kommunane. Inntil slike planer er vedteke, gjeld planane som er vedteke av dagens fellesråd. Fellesrådsutvala kan leggje til rette for nye vedtak i forkant dersom det er ønskjeleg.

Til § 9 Økonomiplan og årsbudsjett. Det er noverande fellesråd som har ansvar for det førebuande arbeidet med økonomiplan og årsbudsjett for dei nye fellesråda. Det førebuande arbeidet inneber å leggje til rette for at dei nye fellesråda kan handsame og vedta økonomiplanar og årsbudsjett i samsvar med forskrift om økonomiforvaltningen i sokn i Den norske kirke. Noverande fellesråd avgjer korleis dette skal organiserast, medrekna kva for rolle fellesrådsutvala skal ha i førebuingane.

Til § 10 Førebels fordeling av eigedelar, gjeld og eigenkapital. Det er det noverande fellesrådet som skal ha ansvar for å fastsetja ei førebels fordeling av eigedelar, gjeld og eigekapital før det evt. blir inngått ei avtale om økonomisk oppgjær. Dette følgjer inndelingslova § 18. Dette gi utgangspunkt for utarbeiding av økonomiplan og årsbudsjett for dei nye fellesråda, og sikre at betalingsplikter som gjeld det noverande fellesrådet blir innfridd også frå delingspunktet 1. januar 2024.

Til § 11 Årsrekneskap og årsmelding for noverande kyrkjeleg fellesråd. Denne føresegna regulerer ansvaret for utarbeidinga og handsaminga av årsrekneskapen og årsmeldinga for kyrkjeleg fellesråd i noverande Ålesund kommune.

Første ledd inneber at det er det noverande fellesrådet som avgjer kven av dei to nye fellesråda som får ansvar for å utarbeide og leggja fram årsrekneskapen og årsmeldinga for det noverande fellesrådet. Andre ledd inneber at fellesrådet i begge dei to nye kommunane sjølve skal vedta årsrekneskapen og årsmeldinga for 2023.



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømmeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Bjørn Olaf Storhaug	012	22/03228-3	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
77/22	Møre bispedømmeråd 2020-2023	12.12.2022

Møteplan 2023 - ei oppdatering

Saksorientering

I denne saka gjelder to tema:

1. Spørsmål om i større grad å avvikle møter etter reglar for fjernmøte
2. Gjennomføring av møter mellom bispedømmeråd, sokneråd og fellesråd i samband med arbeidet med ny kyrkjeleg organisering.

Møre bispedømmeråd har vedtatt møteplan for 2023 i sak 51/22. Møteplanen ser slik ut: 6/2, 20/3, 14/4, 16/6, ev. teams 3/8, 18/9, 27/10, 14/12

Punkt 1:

Det har vore uttrykt ønske om å avklare om møter i større grad kan bli avvikla etter reglane for fjernmøte. Spørsmålet har vore drøfta i AU og no lagt fram for bispedømmerådet.

Argument for fjernmøte er å redusere belastninga ved å reise. Det gjelder både for den enkelte og i høve til mål om å redusere klimafotavtrykket. Det blir difor tilrådd å ha som mål å avvikle eit møte vår og eit møte haust på Teams. Kva for møter som skal vere fysisk og kva for møter som skal vere digitale bør bli avklart av AU i samband med gjennomgang av saksliste.

Om det er aktuelt, kan digitale møter bli gjennomført på kveldstid.

Det blir vurdert som krevjande å gjennomføre møter der nokre av medlemmene av rådet deltar digitalt og andre deltar fysisk. Det bør difor bli lagt opp til at alle anten møter digitalt eller fysisk.

Punkt 2:

Kyrkjemøtet har i samband med sak om kyrkjeleg organisering gjort vedtak om at lokalkyrkjelege organ skal bli involvert i prosessen. Konkret vil det våren 2023 bli lagt opp til møter mellom bispedømmerådet og leiarar for sokneråd og fellesråd – eit møte i Molde for Romsdal- og Nordmørsprostia – eit Møte i Ålesund for Sunnmørsprostia. Det kan vere aktuelt å legge møtet knytt til eit møte i bispedømmerådet i mars eller april.

Forslag til vedtak

1. Møre bispedømmeråd har som målsetting at eit møte kvart semester blir gjennomført digitalt. AU fastset kva for møter når sakslista ligg føre.

2. Møre bispedømeråd deltar på møter med sokneråd og fellesråd i samband med kyrkjeleg organisering. Tidspunkt for møter blir avklart av stiftsdirektør i samråd med Kyrkjerådet.

Dette punktet på sakslisten er unntatt offentlighet.



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømmeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Kurt Vadset	030	22/04244-1	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
79/22	Møre bispedømmeråd 2020-2023	12.12.2022

Omdømebygging i Møre bispedøme

Vedlegg:

Om kommunikasjon og omdøme
Kommunikasjonsstrategi utkast 1
Eitt lag_pdf

Saksorientering

I denne saka legg vi til rette for ein samtale mellom prostar, bispedømmerådet og administrasjon, om omdøme, identitet og image.

Kyrkja har kommunikasjon som satsingsområde, både på nasjonalt, regionalt og lokalt plan. Kommunikasjon er grunnleggande i all kyrkjeleg verksemd. Møre bispedøme jobbar med ei konkret vidareutvikling av intern og ekstern kommunikasjonsstrategi, både for å styrke eige kommunikasjonsarbeid og for å styrke samhandlinga med kyrkjelydane på kommunikasjonsfeltet. Det er også eit fortløpande samarbeid med andre bispedøme, i tillegg til Kyrkjerådet si kommunikasjonsavdeling.

Å bruke kommunikasjon strategisk vil seie å bruka kommunikasjon på ein planlagt og målretta måte, og som eit verktøy for å nå sine mål. Strategisk kommunikasjon er med andre ord kommunikasjon som er knytt til verksemda sine langsiktig strategiske mål. Kommunikasjonsstrategien kan fungere både som kommunikasjonsfageleg rettleiande innan aktuelle arbeidsfelt og prosjekt, og som ein enklare plan med konkrete tips, sjekklister, oppskrifter og forslag til kommunikasjonsiltak.

Kommunikasjonsstrategien til Møre bispedøme er per dato eit arbeidsdokument i stadig endring. Andre bispedøme skal i gang med utforming av kommunikasjonsstrategi i 2023, og denne type arbeid vil det bli meir fokus på i Kyrkjerådet sitt forum «Kommunikasjonsmedarbeidere i kirken». Det vil vere ein fordel om også Møre har eit blikk på, og deltar i, desse diskusjonane, før ein konkluderer eigen strategiplan.

Eit fokusområde som har kome opp i arbeidet med kommunikasjonsstrategien, er bruk av strategisk kommunikasjon i omdøme- og rekrutteringsaugneméd. Omdømearbeid kan ikkje undervurderast, og dette er noko kyrkja driv med på dagleg basis, frå dei frivillige i kyrkjelyden, til prest, prost og biskop.

Sjølv om omdømebygging er eit leiaransvar, som krev merksemd frå leiinga over tid, er alle tilsette, frivillige og folkevalde med på å forme omdømet til verksemda. Å vere bevisst på omdømearbeidet er viktig i sin heilskap, men vi kan og gå frå makro til mikronivå, og tenkje omdøme i samband med enkelttema, som rekruttering, handtering av media, arbeidsmiljø, intern og ekstern kommunikasjon.

Eit aktuelt døme på enkelttema der det er viktig å vere bevisst på omgrep som omdøme, identitet og image, er 40års markeringa av Møre bispedøme i 2023. Jubileet er eit høve til å tenkje bevisst på strategisk omdømebygging i Møre bispedøme.

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd tar saka til følgjande, og støttar opp om arbeidet med å auke fokuset på omdømebygging i Møre bispedøme



Til

Kopi til

Kommunikasjonsstrategi utkast 1

KOMMUNIKASJONSSTRATEGI

Møre bispedøme

Møre bispedøme er eit bispedøme i Den norske kyrkje som omfattar kyrkjelydane i Møre og Romsdal, med Molde domkyrkje som bispesete. Bispedømet er delt i 7 prosti, 32 kyrkjelege fellesråd og 97 sokn. Frå 2008 er bispedømet leia av biskop Ingeborg Midttømme. Møre bispedøme har som visjon: **Meir himmel på jorda.**

Møre bispedøme ønskjer at det skal vere eit godt nivå på informasjons- og kommunikasjonsarbeidet. Då er det nødvendig med eit retningsgivande dokument, noko denne kommunikasjonsplanen skal vere.

Kommunikasjonsplanen skal vere førande for eit einskapleg kommunikasjonsarbeid, og den skal gje rammer og føringar for korleis vi skal vere synlege i det offentlege rom. Det bør i tillegg utarbeidast årlege handlingsplanar. Kommunikasjonsplanen gjeld for alle tilsette.

Vi kommuniserer som oftast gjennom eigne kanalar, kor initiativet kjem frå Møre bispedøme sjølv. Tidspunkt, innhald, stil og kanalval blir styrt av bispedømet. Det er gjennom våre eigne kanalar vi kommuniserer mest, og det er gjennom desse at omverda dannar seg eit bilete av kven vi er, kva vi jobbar med, kva vi prioriterer og kva samfunnsrolle vi ønskjer å fylle. I våre kanalar er det vi som eig og styrer kommunikasjonsstilen- og innhaldet, og det i større grad enn gjennom lokale, regionale og nasjonale media. Gjennom ein konsekvent og samordna felles forståing internt samt gode rutinar i eigne kanalar, vil vi kunne legge eit godt grunnlag for vårt eige omdømme. Lykkast vi med dette vil vi også ha ein god plattform for handtering av eksterne media, der vi ikkje kan ta regien sjølv (i like stor grad).

1.2 Møre bispedøme sine kjerneverdier er:

- Vedkjennande
- Open
- Tenande
- Misjonerande
- **Inkluderande og imøtekomande (?)**

1.3 Bodskap

- Vi vil vere ei kyrkje med medarbeidarar som ser kvarandre, og tek del med nådegåver, evner og fagkunnskap. Gjennom gudstenester, misjon, diakoni, undervisning,

Organisasjonsnavn

Notat

2 av 9

Vår dato

Vår referanse

01.12.2022

22/04244-3

kyrkjemusikk og kultur vil vi arbeide for at alle i Møre skal bli kjende med den glade budskapen.

- Både ekstern og intern kommunikasjon frå Møre bispedøme skal bidra til positiv omdømmebygging og vidareutvikling av eigen organisasjon
- Møre bispedøme skal prioritere kommunikasjon som strategisk verkemiddel for å oppretthalde fokuset på den norske kyrkja og på eigen organisasjon.
- Møre bispedøme skal vere ein synleg medspelar

1.4 Prinsipp

Bispedømerådet og biskopen har lagt til grunn dei måla og føringane som er gjevne av departementet, Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Sjå også visjonsdokumentet, strategiplan og årsplanen for Møre bispedøme, som ligg til grunn for verksemd og aktivitetar. Møre bispedøme skal vere ein raus og inkluderande organisasjon. Vårt kommunikasjonsarbeid skal vere med på å skape meir himmel på jorda.

Dette vil vi arbeide for å oppnå gjennom særleg innsats innan desse områda:

Gudsteneste

Møte den treeinige Gud i forkynning, dåp og nattverd. Tene Gud i bøn og vedkjenning, tilbeding og lovsong. Utvikle kristen tru og identitet gjennom ein open, deltakande og inkluderande fellesskap.

Kyrkjemusikk og kultur

Sanse og erfare Guds nærvær gjennom eit mangfald av språk og uttrykk. Gje rom for det skapande menneske. Forvalte og fornye salmeskatten og trus og kulturarven.

Misjon

Invitere til å følgje Jesus Kristus. Utruste kristne til å ta del i Jesu kall og oppdrag, lokalt og globalt. Erfare at vi er del av den verdsvide kyrkja - med eit felles oppdrag.

Diakoni

Be og vise omsorg for nesten. Skape møteplassar med låg terskel til fellesskap og sjelesorg. Verne om skaparverket og kjempe for rettferd og menneskeverd.

Undervisning

Gjere trua på den treeinige Gud kjent og erfart. Invitere til dåp og gje planmessig trusopplæring for alle døypte 0-18 år. Utruste barn, unge og vaksne til å leve som kristne

I høve desse punkta kan følgjande grunnprinsipp først opp:

Proaktiv - Kommunikasjonen frå Møre bispedøme skal vere på framfoten. Ver proaktiv i høve sakar i media, lesarinnlegg, endringar i organisasjonen og eventuelle brennbare tema.

Truverdig - All kommunikasjon frå Møre bispedøme skal vere truverdig, open og ærleg.

Heilskap – vi skal stå fram einskapleg og samordna.

Openheit – vi skal vere open, tydeleg og tilgjengeleg i vår kommunikasjon med omverda.

Linje – kommunikasjonsansvaret følgjer saksansvaret

1.5 Kommunikasjonsutfordringar

- Det er mange ulike målgrupper å forhalda seg til.
- Målgruppene har ulikt informasjonsbehov.
- Det finns mange ulike informasjonskanalar.
- Bodskap og formidling må ofte tilpassast dei ulike målgruppene og informasjonskanalane.
- Media har lav terskel for å publisere kritiske sakar om kristelege fellesskap.
- Det å skape realistiske forventningar til bispedømet sine tenester.
- Stå fram i ein felles og einskapleg visuell profil.

2.0 Mål for kommunikasjonsinnsatsen

Møre bispedøme ønskjer å oppnå fleire konkrete mål med målretta kommunikasjonsinnsats:

Eit gudstenesteliv som blomar

- Opne, inkluderande og deltakande forordnende gudstenester.
- Inkludere lokale artistar innanfor eit bredt spekter av musikk og kultur
- Legge til rette for vigslar som feirar kjærleiken og samlivet.
- Halde gravferder kor etterlatte opplever verdigheit og omsorg.

Økt deltaking i dåp og trusopplæring

- Informasjon om dåp og trusopplæring skal vere lett tilgjengeleg.
- Køyre kampanjar for å auke talet på døpte.
- Vi skal aktivt invitere våre deltakande medlemmer til trusopplæringstiltak tilpassa alder.
- Auke talet på tilbod og deltakarar på våre trusopplæringstiltak.

Gjere DnK i Møre meir synleg

- Fred, menneskerettigheiter og vern om skaparverket skal stå sterkt.
- Samarbeid mellom kyrkjelydar og diakonale institusjoner.
- Synleggjering av vårt misjonsprosjekt.
- Konkrete samarbeid med barnehagar og skular.
- Skape arenaer for dei som er nye i Norge.
- Deltaking i religionsdialog.

-Løfte fram innhald frå kyrkjelydar

Bidra til å gjere Møre bispedøme meir synleg

Vera ein synleg medspelar

Gi ei betre forståing av Møre bispedøme sin funksjon. Går også inn som eit ledd i rekrutteringsprosessen til bispedømet. Synleggjere Møre bispedøme som attraktiv arbeidsgivar, for å behalda og rekruttera gode medarbeidarar. Styrke banda til kyrkjelydar, tilsette og andre samarbeidspartnarar.

Stå fram i ein einskapleg profil

Ein lik grafisk profil for alle tilsette, i til dømes mail-signatur, for å gje inntrykk av ein felles identitet. Vere ein tydeleg avsendar. Klare roller i kommunikasjonsarbeidet internt/eksternt.

2.1

Det er eit vedteke mål at kyrkja sitt digitale nærvær aukar, noko som skal speilast i kommunikasjonsplanen. For Møre bispedømeråd inneber denne auka ei målretta satsing på sosiale media og eiga nettside.

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A) Vere meir synleg på nett og i sosiale media (SoMe)
- B) Bygge kommunikasjonsånd internt, med VNFS-tankegang (Vi når fleire saman)
- C) Befolkninga ser kyrkja som ein viktig del av kvardagslivet sitt
- D) Kyrkjemedlemmer og kyrkjelydar opplever ein påliteleg og aktuell informasjon/dialog

Dei viktigaste tiltaka:

- A) Ei omforeint, tydeleg, tilpassa og konkret og framoverlent kommunikasjonsstrategi
- B) Leiinga tar eit aktivt informasjonsansvar i det daglege arbeidet
- C) Kyrkja vel aktivt meiroffentlegheitsprinsippet
- D) Samhandling og finmaska nettverk med prosti, sokneråd og fellesråd gir hyppig utveksling av idear og kompetanse.
- E) Setje kommunikasjon på dagsorden internt –alle er kommunikasjonsarbeidarar
- F) Gjere kommunikasjon til ein naturleg del av staben sin arbeidskvardag
- G) Bispedømet digitale plattformer speglar befolkninga i Møre bispedøme og deira interesser, gløder og bekymringar i kvardagslivet. Innhaldet på digitale plattformar speglar det som elles rører seg i samfunnet og mediebietet. Kyrkja sine tilbod til ulike aldersgrupper kjem tydeleg fram på dei digitale plattformene.
- H) Sikre nok ressursar og kompetanse til å halde oppe ei truverdig digital kommunikasjonsstrategi. Planmessig utvikling av nettsider, sosiale medium og andre digitale kommunikasjonsplattformer på bispedømenivå. Stimulere til auka samarbeid og profesjonalisering av nettsider

Gjennom god implementering av kommunikasjonsplanen vil Møre bispedøme bruke denne aktivt i kommunikasjonsarbeidet i heile organisasjonen. Alle skal vite korleis vi kommuniserer, og alle skal bidra til god kommunikasjon.

2.2 Kommunikasjonskanalar

For å maksimere verdien av ressursane på bispedømekontoret, er det essensielt å oppretthalde gode kanalar for intern kommunikasjon.

Møre bispedøme sine viktigaste interne kommunikasjonskanalar er:

Morgonmøte kvar tysdag kl. 09.00. Stiftsdirektør kallar inn. Tydeleg agenda og planlagt tidsbruk.

Stabsmøte første tysdag i kvar måned. Stiftsdirektør kallar inn. Tydeleg agenda og planlagt tidsbruk. Alle stiller førebudde.

Avdelingsmøte (kyrkjefag) same dag som stabsmøter. Avdelingsleiar kallar inn. Tydeleg agenda og planlagt tidsbruk.

Teams.

Lunsjpausen.

Kaffikoppen/uformell prat i kollegiet. Ingen fastsette tidspunkt, men tradisjon for å møtes tideleg på arbeidsdagen for en kaffiprat i felleslokala. Hugs fridommen ein har til å ikkje delta (tenk open dør/atlaten dør).

Eigen Messenger-gruppe. Ikkje meir kjend mellom dei tilsette, enn at ingen av dei tre nyttilsette hadde høyrte om gruppa før etter mange månader.

Yammer.

~~**Kirkebakken.** Intranett. Forsvinnande lite brukt.~~

Eksterne kanalar

Møre bispedøme skal møte media aktivt og opent. Tilsette kan og bør uttale seg til pressa om saker innanfor eige fagområde. Om ein journalist tar kontakt om noko, kan ein gjerne spørje om å få spørsmål på mail.

Den eksterne kommunikasjonen generelt får i hovudsak sitt utløp gjennom nettsida og kanalane i sosiale medium. Til meir spesifikke føremål går den eksterne kommunikasjonen føre seg i form av personlege møter (både formelle og uformelle) en til en, en til mange, i større eller mindre grupper, Teams og telefon. Her kan også webinar og ein-kanals videoar på nett vere alternativ på sikt.

Møre bispedøme sin heimeside er den digitale hovudplattforma for nyhende og informasjon, både i form av innhald som ligg tilgjengeleg heile eller delar av året (t.d. OVF-midlar) og informasjon om aktivitetar og aktuelle saker (frå sjølve bispedømekontoret, ulike kyrkjelydar eller kyrkja sentralt). Nettsida skal innehalde konsis, lett tilgjengeleg og forståeleg informasjon. Nettsidene skal vere enkle å navigere i.

Møre bispedøme satsar i all hovudsak på Facebook som sosiale-medium-kanal. Gjennom kanalen blir det delt informasjon og nyheiter, både frå bispedømet's eiga verksemd og frå aktiviteten i kyrkjelydane. På den måten fungerer Facebook-sidene også som eit nav for eksponering av aktiviteten i bispedømet. Med Facebook følgjer det også nokre utfordringar knytt til etisk balansegang ved å vere kyrkje på ein slik ultrakommersiell plattform.

Møre bispedøme opplevde ei dobling i talet på følgjarar på Facebook gjennom 2021; frå 260 ved byrjinga av året, til 485 ved utgangen av 2021 (auken i talet på følgjarar på Facebook heldt fram i starten av første kvartal 2022. Kanalen har 596 følgjarar per 18.02.2022). Sjølv

om dette framleis er eit relativt lågt tal, viser statistikk og underlagsmateriale at kanalen fungerer både som ein nyheitsformidlar og som ein dørøpnar inn til bispedømetts nettsider.

Å nå ut til folk under 40 år på Facebook er generelt ei utfordring. Unge har etablert seg i andre sosiale media, som TikTok, Snapchat og Instagram. Så langt fungerer de facto Møre bispedøme sine Facebook-sider i mindre grad som dialogforum. Slik type satsing vil krevje auka ressursar på overvaking og oppfølging.

Møre bispedøme deler også bilete og informasjon via Instagram. Denne satsinga er enno berre i startfasen. Instagram som publiseringskanal skal nyttast meir framover, også til korte videoar. Også kontoar i TikTok m. fl. må vurderast på sikt (men dette må forankrast i kommunikasjonsplan/mediestrategi). Møre bispedøme nyttar ikkje Twitter aktivt -men Møre biskop er ein særskild aktiv Twitter-formidlar, og får ein god del respons. Ser ein på medlemsundersøkinga 2021, svarar 52% av kyrkjemedlemmane i Møre at dei har sett innhald frå Den norske kyrkja på sosiale media. Flest av respondentane har sett på konsert- eller kulturarrangement (27%), medan gudstenester og barne-/ungdomsinnhald også kjem høgt på lista.

Den norske kyrkja er tilknytt det internasjonale marknadsføringsføretaket Ipsos. Føretaket legg fram kvartalsvise rapportar for bruk av sosiale media i Noreg. Deira SoMe-tracker for første kvartal 2022 viser følgjande:

- « 8/10 nordmenn over 18 år er på sosiale medier daglig. Dette tallet er stabilt.
- Litt om bruk om de seks største sosiale medieplattformene i Norge (basert på daglig bruk)
 - Facebook: 82 % av befolkningen har profil. 67 % er der daglig, der er 2 % færre enn på samme tid i fjor. Dette er den hyppigst brukte sosiale medie-plattformen når det gjelder daglig bruk blant befolkningen over 18 år. (Merk: andre rapporter viser at det først og fremst er **befolkningen over 40 år** som bruker Facebook mest)
 - Messenger: 75 % av befolkningen har profil. 49 % er der daglig.
 - Instagram: 67 % av befolkningen har profil. 44 % er der daglig, der er 4 % flere enn på samme tid i fjor.
 - Snapchat: 66 % av befolkningen har profil. 49 % er der daglig, det er 2 % flere enn på samme tid i fjor. Dette er den hyppigst brukte sosiale medie-plattformen når det gjelder daglig bruk blant befolkningen mellom 18 og 29 år.
 - YouTube: 49 % av befolkningen har profil (! obs, husk at man kan bruke YT uten profil). 32 % bruker det daglig, det er 4 % flere enn på samme tid i fjor. Det er også svært mange som bruker YouTube ukentlig.
 - TikTok: 23 % av befolkningen har profil. 15 % bruker det daglig, det er 4 % flere enn på samme tid i fjor. **TikTok øker i bruk kraftig og raskt**. NB! Denne rapporten måler kun aldersgruppen over 18 år. Tar man en kikk på Barn og unge-rapporten til Ipsos kan man se at hele 57 % av aldersgruppen 8-19 år bruker TikTok daglig, i fjor lå prosent på 33 % - altså en svært kraftig økning.

I tillegg mener Ipsos kanaler som er særlig spennende å følge med på nå er: LinkedIn, Twitter, Pinterest, WhatsApp, Reddit, Twitch, YouTube Kids og VSCO».

Eksterne media

Dei interne kommunikasjonskanalane kan vi styre sjølv, men det gjeld naturleg ikkje for dei eksterne. Dette er uavhengige media vi kan supplere med redaksjonelt innhald, eller som vi

Organisasjonsnavn

Notat

7 av 9

Vår dato

Vår referanse

01.12.2022

22/04244-3

blir kontakta av om dei sjølve har spørsmål/idear til innhald. Når vi skal gå til media med ei sak er det viktig at vi har eit bevisst forhold til:

1. Gjennom kva kanal treff vi best målgruppa.
2. Kva kanal som vil vere best egna til å få fram budskapet vårt.
3. Kor stort sannsynet for å få inn stoff er.
4. Kva vi sjølv må produsere for at journalisten sin jobb skal bli enklast mogleg.

NOKO OM RESSURSBANKEN TIL DNK?

PUBLISERINGSPLAN?

Kva	Kanal	Minimum tal	
	Nettsidene	2 pr. veke	
Nyheiter frå Mbd/ kyrkjelydar	Facebook	2 pr. veke	
Biletepublisering	Facebook	2 pr. veke	
Biletepublisering	Instagram	3 pr. veke	
Biletehistorie	Instagram story	1 pr. veke	
Q&A biskop	Ulike plattformer	4 pr. år	
Nyheitsbrev	E-post		

2.3 Pressekontakt

I nyhendestraumen av i dag kan det vere vanskeleg å få spalteplass. Ein er i konstant konkurranse om merksemda. Om ein vil ha dekning av ei sak kan det i møte med pressen og journalistar vere nyttig å tenkje over dei klassiske kriteria for nyhendesaker. Dei kan samanfattast i følgjande punkt:

- Aktuell
- Konflikt
- Identifikasjon
- Sensasjon
- Vesentleg

Hjelp journalisten med å finne «saka» i det du presenterer. Ha kriteria i bakhovudet når du vil selje inn ei sak.

-Aktuell. Det er god hjelp om saka ein vil ha inn er dagsaktuell på noko vis. Det kan vere nyttig å ha ein «knagg» som gjer det naturleg å selje inn denne akkurat denne saka akkurat no.

-Konflikt. Konfliktsaker, der det er klare motsetningar eller ein motstand/protest mot noko, er populære i media. Om du har ei historie som inneheld ei konflikt av noko slag, ver då tydeleg med standpunkta, framhev ein talsperson og lag gode sitat.

-Identifikasjon. Er det noko i saka som folk generelt kan identifisere seg med, kjenne seg igjen i? Er det noko som kan knytast opp mot noko ålment, noko nært, noko lokalt? Vi menneske lar oss rive med av historier som opplevast som nære, enten det er geografisk, sosialt eller personleg.

-Sensasjon. Her er det om å gjere å finne Wow-faktoren i saka. Det treng ikkje alltid å vere «Den Store Verdssensasjonen», men heller noko mildt oppsiktsvekkande lokalt eller regionalt. Noko som fangar journalisten sin merksemd.

Organisasjonsnavn

Notat

8 av 9

Vår dato

Vår referanse

01.12.2022

22/04244-3

-Vesentleg. Saka må seljast inn som vesentleg. Kvifor skal journalisten skrive om akkurat denne saka? Ei sak som til dømes har følgjer for fleire menneske/ei større gruppe, er vesentleg. Om saka inneheld informasjon som påverkar mange menneske, bør du talfeste dette.

Pressemelding

Det bør vere lav terskel for å sende ut pressemelding (sjølv om det nokre gongar kan vere nok å sende inn eit tips). Men det er sjølv sagt viktig at du sjølv kjenner saka og har tru på at det kan vere noko for journalisten/media. Om du sjølv ikkje har trua på saka, er det vanskeleg å selje den inn.

Nokre moment å tenkje på før pressemelding eller tips sendes ut:

Målgrupper:

Kva vil eg fortelja?

Kven vil eg nå ut til?

Kven må vi kommunisere med (internt og eksternt) i samanheng med denne saka?

Er det andre vi bør kommunisere med?

Kanalval (kvar skal budskapet ut)?

Sjå både på interne og eksterne kanalar.

I utgangspunktet kan meir enn éin kanal brukast. Tenk også på korleis vi kommuniserer i dei kanalane vi har valt.

Pressemeldingar sendast fortrinnsvis i eit Word-dokument.

Presenter saka di på ein lettfatteleg måte. Kom raskt til poenget, presenter det viktigaste først. Om til dømes tid og stad er viktig for saka, presenter dette tidleg i pressemeldinga.

Kjenn saka godt. Om det er kollegaar eller andre som kjenner saka betre, legg ved relevant kontaktinfo.

Relevante bilete er viktig. I nokre høve er bilete vel så viktig som teksten. Det kan vere nok til at journalisten fattar interesse. Så igjen: finn gode, relevante bilete som kan illustrere saka.

Hugs å sjekke størrelsen på bileta du legger ved. Om bileta skal brukast i trykte medium (aviser, magasin, blader, hefter osv.) bør størrelsen vere over 500 kB. Alt over dette går fint, om det så er 3 eller 10 MB. Unngå å legge bilete inn i Word-dokument, dei bileta blir for små til å kunne brukast i trykte medium.

Hugs å opplyse om rettigheter til bilete du legg ved. Altså fotokredit. Kven har tatt biletet, og om det er til fri bruk.

Unngå å fortelje journalisten korleis saka skal vinklast.

Tenk GOD TITTEL.

Hugseliste:

Ha eit auge til årshjul/årsplan/tidslinje for å planlegge kommunikasjonen med omverda (t.d. pressemeldingar). Finn sakar og fokusområde. Med eit oppdatert årshjul/årsplan kan du planlegge kommunikasjonen betre.

Eksempel på årsplan/tidslinje:

Organisasjonsnavn

Notat

9 av 9

Vår dato

Vår referanse

01.12.2022

22/04244-3

Mars	April	Mai	Juni	Juli	August	Se
	Påske (SoMe)			Sommerkirken (SoMe)		
	Dåp (SoMe)		Dåp (YouTube)			
	Konfirmasjon (SoMe)			Bryllup (SoMe)		
	Podkast			Olavsfest	Arendalsuka	
Rekruttering		Frivillighet (YouTube)			Rekruttering	Rom for alle - sammen

Tenk målgruppe og medium. Held det å publisere noko på eigen Facebook-side eller sende ut ein mail?

Innhent informasjon/kunnskap om den aktuelle saka, og gjer eventuelle avklaringar. Finn relevante kontaktpersonar (avklar om det er greitt at dei står oppført som kontaktperson). Finn relevante bilete, med biletstorleik over 500 kB. Hugs fotokredit (døme: «Lagt ved er bilete av person1. Bilete: Møre bispedøme»)

Lag pressemelding. Her gjer du faktajobben/forarbeidet for journalisten.

Hugs at ikkje alle sakar er like. Det er difor ikkje sikkert at du treng å tenke på alle desse punkta kvar gong.

Publisering på sosiale media

Den norske kyrkja bruker sosiale media-kanalar aktivt for å vere til stades der mange menneske er. Målsetninga er å spreie kyrkja sitt budskap i ulike digitale format, vere synlege og tilgjengelege.

Moglegheitene som ligg i sosiale media, kan også representere nye utfordringar.

Det er ikkje alltid enkelt å skilje mellom det å opptre som privatperson og som ein representant for arbeidsplassen sin. Meningar og ytringar kan oppfattast som om dei kjem frå ein tilsett i Den norske kyrkja. Derfor er det viktig å vere bevisst sin rolle og tenke gjennom om ein opptrer som privatperson eller som tilsett i Den norske kyrkja, eller om mottakar kan oppfatte det annleis enn det avsendar har tenkt. Når ein publiserar på sosiale media som tilsett, kan ein tenkje på følgjande punkt:

- Ver bevisst om kva hatt du har på deg. Publiserer eg som privatperson eller som mi rolle som tilsett i Dnk?
- Sjå for deg ein person fra målgruppa når du skriv teksten. Er det nokon ord/uttrykk/forkortingar frå kyrkjefagleg samanheng som bør forklarast eller bytast ut?
- Utfordring: høgt volum av informasjon og utolmodige målgruppe.
- Skil mellom «må vite» og «kan vite». Detaljert info kan t. d. ligge på nettsida og/eller i eventet eller kommentarfeltet..
- Scroll-testing: Om du scollar raskt over innlegget, får du som lesar med deg det viktigaste?
- Løft fram innhald frå kyrkjelydane når det er naturleg.
- Ikkje legg ut postar om ingen kan svare på eventuelle spørsmål i kommentarfelta. Lag gjerne ei fordeling på kven som «følgjer med» i arbeidstida.
- Facebook: 1-3 setningar. Instagram: 1 setning.



Vår sakshandsamar
Kurt Vadset

Til

Kopi til

Om kommunikasjon og omdøme

Kyrkja har kommunikasjon som satsingsområde, både på nasjonalt, regionalt og lokalt plan. Kommunikasjon er grunnleggande i all kyrkjeleg verksemd. Møre bispedøme jobbar med ei konkret vidareutvikling av intern og ekstern kommunikasjonsstrategi, både for å styrke eige kommunikasjonsarbeid og for å styrke samhandlinga med kyrkjelydane på kommunikasjonsfeltet. Det er også eit fortløpande samarbeid med andre bispedøme, i tillegg til Kyrkjerådet si kommunikasjonsavdeling.

Å bruke kommunikasjon strategisk vil seie å bruka kommunikasjon på ein planlagt og målretta måte, og som eit verktøy for å nå sine mål. Strategisk kommunikasjon er med andre ord kommunikasjon som er knytt til verksemda sine langsiktig strategiske mål.

Kommunikasjonsstrategien til Møre bispedøme er per dato eit arbeidsdokument i stadig endring. Den vil det jobbast kontinuerleg med første halvdel av 2023. To andre bispedøme skal også i gang med utforming av kommunikasjonsstrategi i 2023, så for Møre bispedøme sin del kan det vere nyttig å ikkje ferdigstille noko i ein for tidleg fase.

Eit fokusområde som har kome opp, som det kan gåast meir umiddelbart i gong med, er bruk av målretta kommunikasjon i rekrutteringsaugneméd. Når det skal snakkast om rekruttering og rekrutteringsprosessar, er det vanskeleg å kome utanom uttrykka omdøme, identitet og image. Det kan vere nyttig å vere meir bevisst på kva desse omgrepa dreier seg om.

Nokre korte omgrepsdefinisjonar:

- Identitet: Eit internt orientert kjerneomgrep som seier noko om profilen og verdien som kommuniserast av ein organisasjon, og de *tilsette* sitt syn på dette. Organisasjonsidentitet er viktig, for eksempel tiltrekk identiteten seg personar som føler dei har noko til felles med organisasjonen, og den formar den interne verkelegheitsoppfatninga og engasjementet.
- Image: Det umiddelbare inntrykket *omgivnadane* har av organisasjonen, noko som i sin tur dannar grunnlag for omdøme. Ein organisasjon sin åtferd, kommunikasjon og symbolikk er med på å bygge imaget eksternt.
- Omdøme: omgivnadane sin samla oppfatning av ein organisasjon *over tid*. Ofte omtalt som summen av oppfatningar ulike interessentgruppe har av ei verksemd, eller summen av dei historiene som forteljast om verksemda.

To kjernespmål som er drivarar for omdømebygging: Kven er vi? Kven vil vi vere? Ei verksemd si manglande forståing av seg sjølv som samfunnsaktør, eller manglande evne til å forstå samfunnet sine forventningar, er typiske truslar mot omdømet.

Ei verksemd kan uansett sjeldan klare å *styre* sitt eige omdøme, men ein kan forsøke å *påverke* det ved å ta tak i eigne verdiar og eigen åtferd.

Husk: omdøme følger av relasjonar, og relasjonar følger av kommunikasjon. Kommunikasjon -> Relasjonar -> Omdøme.

Omdømet til ei verksemd vil vere påverka av folk si meining om verksemda basert på den direkte erfaringa dei har hatt med åtferd, karakter, mediasaker, kva dei blir fortalt av andre, osv. Denne samla

Organisasjonsnavn

Notat

2 av 2

Vår dato

Vår referanse

01.12.2022

22/04244-2

kunnskapen fargast ut frå kvar enkelt sine eigne verdiar. Over tid skapar alle desse inntrykka til saman ein omdømekapital – altså ein immateriell ressurs som kan styrke verksemda sin status, statusen i offentlegheita og dermed gi konkurransefortrinn (mellom anna i kampen om nye tilsette).

Fordeler med eit godt omdøme

Det kan gjere det lettare å rekruttere relevant personale.

Det kan gjere det meir freistande å utdanne seg innan retningar som fører til verksemda.

Det kan bidra til høgare lojalitet blant interessentane.

Det kan styrke dei tilsette sin moral og lojalitet.

Det kan gi ein sterkare gjenkjenningseffekt.

Det kan bli lettare å oppnå positiv mediedekning.

Det kan gjere det lettare å rekruttere inn mot frivilligheit o.l.

Det styrker heile «merkevara» til verksemda.

Eit godt omdøme vil føre til at verksemda opprettheld sin legitimitet. Eit godt omdømme kan fungere som eit skjold i kriser, og det kan bli lettare å bli tilgitt dersom feil oppstår.

Alle tilsette, frivillige og folkevalde er med på å forme omdømet til verksemda, og derfor er det viktig at alle dei nemnde forstår verksemda sin identitet og verdiar.



DEN NORSKE KYRKJE
Møre bispedømme

Two be one

Om å være EITT LAG



EITT LAG

Dagens situasjon med to arbeidsgjevarlinjer er krevjande...

Kvifor så viktig å være EITT LAG?

Eitt lag – eit val og ei haldning, ikkje berre kjensle og ytre styrt instruks.

Vi kan velge tilnærming - positiv eller negativ, også dette ei medveten haldning som gjer noko med oss sjølv og andre.

EITT LAG

Understøtte strategien til DNK – Meir himmel på jorda.

- Gå i samme retning er økonomisk effektivt.
- Å gå samla mot samme mål skaper meining i det vi arbeider med.

Bidra til eit godt omdømme

- Rekruttering av nye medlemmer.
- Rekruttering av nye medarbeidarar.

EITT LAG

Skaper eit betre arbeidsmiljø

- God kultur for handtering av usemje skaper psykologisk tryggleik.
- Godt arbeidsmiljø skaper engasjement og arbeidsglede.

Skaper meirverdi til resultatet og auka total kompetanse

- Kompetanse: Kunnskap, ferdigheiter, evner og haldingar.
- Meirverdi – 1+1 vert mange... og dermed eit betre resultat av arbeidet.
- Ein lærande organisasjon, der vi forbetrer oss fordi vi har meir kompetanse.



EITT LAG - TYDELEGE OG SYNLEGE MED DET ALLER VIKTIGASTE!



DEN NORSKE KYRKJA
Møre bispedøme

EITT.LAG – SPØRSMÅL TIL ETTERTANKE:

- Kven samarbeider eg med for å skape meir himmel på jorda? Kan eg utvide nettverket her?
- Korleis kan eg bidra til å styrkje kyrkja sitt omdømme?
- Korleis gi rom for usemje og meningsmangfald samtidig som vi kjenner oss trygge i staben og på arbeidsplassen?
- Korleis kan eg bruke min kompetanse til å skape eitt lag?



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømmeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Bjørn Olaf Storhaug	011	20/03067-31	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
80/22	Møre bispedømmeråd 2020-2023	12.12.2022

Arbeidet med kyrkjeleg organisering - involvering og prosess

Saksorientering

I denne saka drøftar bispedømmerådet i samråd med prostar den vidare prosess med omsyn oppfølging av vedtak om kyrkjeleg organisering i Møre bispedømme. Det gjelder særleg med omsyn til involvering av soknet sine organ.

Kyrkjemøtet 2022 behandla Kirkelig organisering i sak KM 10/22. I vedtakspunkt 3 står det slik:

3. Kirkemøtet understreker at soknets organer må involveres i det vidare arbeidet med å følge opp Kirkemøtets prinsippbeslutning. Ansattes organisasjoner involveres i tråd med gjeldende regler og avtaleverk.

Kyrkjerådet har behandla sak om vidare arbeid om kyrkjeleg organisering i fleire omgangar – og i sitt møte møte 8-9 desember. Saksframlegg ligger her: [kr 103 0 22 kirkelig organisering - vidare arbeid.pdf \(kirken.no\)](#). Tentativ framdriftsplan ligger her: [Tentativ skisse til framdriftsplan.xlsx \(kirken.no\)](#)

I forslag til vedtakspunkt 4 står det:

4. Kirkerådet ber om at det etableres faste møtepunkter mellom soknets organer og Kirkerådet og mellom soknets organer og bispedømmerådet. En plan for dette kommer til behandling i Kirkerådets neste møte.

Intensjonen er å sikra at bispedømmerådet har med seg best mogleg kunnskap om synspunkter i eiga bispedømme når det skal fatte vedtak i Kyrkjemøtet.

Vidare arbeid har og vore drøfta i Kyrkjeleg arbeidsgivarforum – Møre. Det er førebels avklart følgjande

1. Møte mellom fellesrådsleiarar, kyrkjevevjer, prostar, stiftsdirektør, biskop 9/1-23
2. Møte mellom bispedømmerådet, soknerådsleiarar og fellesrådsleiarar mars- 23
3. Saman om å leie, prostar og kyrkjevevjer våren -23

I Møre bispedømme må vi arbeide vidare med korleis vi best kan sikre framdrift og involvering. Det kan vere aktuelt med ei styringsgruppe og ansvarlege for dei respektive utgreiingsområda. Dette kjem som sak for bispedømmerådet i eit seinare møte.

Vedtak KM10/22 ser i sin heilskap slik ut:

1. Kirkemøtet ber Kirkerådet fremme en eller flere saker til Kirkemøtet om konkrete endringer i kirkeordningen eller øvrig regelverk, som bygger på følgende modelluavhengige elementer eller føringer:

- a) Menighetsrådets rolle skal styrkes, herunder ved tilsetninger og ved at ansatte som arbeider i soknet, er forpliktet på menighetsrådets planer.
- b) Biskopens tilsyn skal styrkes og ledelsen tydeliggjøres, uten at biskopen skal utøve arbeidsgivers styringsrett på samme måte som i dag.
- c) Ansvar til folkevalgte styringsorganer og deres valgte ledere i Den norske kirke tydeliggjøres og rammevilkårene styrkes.
- d) Bispedømmerådets rolle som strategisk lederorgan i bispedømmet skal styrkes.
- e) Den daglige ledelsen skal gjennomgående være todelt, og kirkefaglig og administrativ leder skal være sidestilt. Den konkrete utformingen av ledelse i kirken utredes nærmere og høres for ny behandling i Kirkemøtet. Det må blant annet utredes hvordan prostens kirkefaglige ledelse utøves i samarbeid med biskopen, fellesrådet og i forhold til kirkefaglig ledelse i soknet.
- f) I det videre arbeidet skal det utarbeides felles rammeverk, strategier, politikk og systemer for å legge til rette for enhetlig og effektiv forvaltning og sammenheng i hele trossamfunnet. Dette omfatter blant annet felles personalreglement for hele trossamfunnet, et system for konflikthåndtering og system for HMS.
- g) Prestetjenesten må fortsatt organiseres under prostens ledelse, og i mange tilfeller i geografiske områder som er større enn dagens fellesrådsområder.
- h) Det skal ikke være noe krav om sammenslåing av kirkelige fellesråd. Eventuelt samarbeid må vokse frem nedenfra og ut fra lokale 3 forutsetninger. Det bør stimuleres til etablering av samarbeid mellom fellesråd som ønsker det, i tett kontakt med de berørte kommuner.
- i) Samisk kirkeliv skal styrkes.
- j) Kvensk kirkeliv skal styrkes.
- k) Organiseringen av Døvekirken, andre kategorialmenigheter og spesialpresttjenester må vurderes særskilt, og kan følge andre prinsipper enn organiseringen av den alminnelige kirkelige virksomheten.
- l) Lederen av Den norske kirkes ungdomsutvalg skal være medlem av Kirkemøtet. Det må samtidig utredes tiltak for å øke ungdomsrepresentasjonen i Kirkemøtet.

2. Kirkemøtet går inn for en videreutviklet modell 3 med samlet og samordnet utøvelse av arbeidsgiverfunksjoner, men der rettssubjektet Den norske kirke fortsatt er arbeidsgiver for prestene og soknene ved fellesrådet fortsatt er arbeidsgiver for de andre ansatte som arbeider i soknene. Modellen skal ivareta lokal forankring og sammenheng i kirkeorganisasjonen. Kirkemøtet ber Kirkerådet utrede en ordning der stillinger i kirkelig fellesråd som helt eller delvis er finansiert av midler fra rettssubjektet Den norske kirke i fremtiden blir ansatt i rettssubjektet Den norske kirke, med tilskudd fra kirkelig fellesråd.

3. Kirkemøtet understreker at soknets organer må involveres i det videre arbeidet med å følge opp Kirkemøtets prinsippbeslutning. Ansattes organisasjoner involveres i tråd med gjeldende regler og avtaleverk.

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd vil i arbeidet med kyrkjeleg organisering sikre involverande prosessar i Møre bispedømme og sjølv ta del i møter med sokneråd og fellesråd eller representantar for desse.



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømmeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Elin Næsje Sætre	003	21/00273-15	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
81/22	Møre bispedømmeråd 2020-2023	12.12.2022

Orienteringar til møte i Møre Bispedømmeråd 12.12.22

Vedlegg:

VISITASPROTOKOLL - Sokna i Surnadal oktober 2022

VISITASPROTOKOLL - Sokna i Vanylven november 2022

Saksorientering

I denne saka blir det gitt skriftlege og munnlege orienteringar til bispedømmerådet. Medlemmer av ulike råd og utval har høve til å gi munnlege orienteringar frå møter eller aktivitetar. Saka kan bli oppdatert fram til møtet blir halde.

Skriftlege orienteringar:

1. Biskopen hadde visitas i sokna i Surnadal 25. - 30. oktober 2022. Visitasprotokollen er lagt ved.
2. Biskopen hadde visitas i sokna i Vanylven 15. – 20. november 2022. Visitasprotokollen er lagt ved.
3. Tariffoppgjer på kyrkjeleg sektor er ferdig. Alle får eit tillegg på 2,48% med verknad frå 1/5-22.

Munnlege orienteringar:

1. Biskopen orienterer om personal- og tilsynsrelaterte saker (ikkje offentleg)
2. Munnleg orientering frå Kyrkjerådet
3. Munnleg orientering frå Mellomkyrkjeleg råd
4. Andre munnlege orienteringar

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd tar orienteringane til vitande



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømme



VISITASPROTOKOLL

Sokna i Surnadal – 25.- 30. oktober 2022

DEN NORSKE KYRKJA
Møre biskop

Til:
Møre bispedømmeråd
Prosten i Indre Nordmøre prosti
Soknepresten i Surnadal
Vikarprest i Stangvik
Kyrkjeverja i Stangvik og Surnadal
Mo sokneråd
Øye og Raneshokneråd
Stangvik sokneråd
Åsskard sokneråd
Todalensokneråd
Stangvik og Surnadal kyrkjelege fellesråd
Surnadal kommune

**BISPEVISITAS I SOKNA MO – ØYE OG RANES –
TODALEN – STANGVIK – ÅSSKARD**

- ENDELEG PROTOKOLL

Møre biskop heldt visitas i sokna Mo, Øye og Raneshokneråd, Stangvik, Todalensokneråd og Åsskard, den 25. - 30. oktober 2022. Med dette sender vi endeleg protokoll etter visitasen.

Protokollen har desse delane:

- Visitasmelding
- Visitasprogram
- Referat frå visitas del 1
- Referat frå visitas del 2
- Biskopens visitasforedrag

Prosten i Indre Nordmøre vil seinare følgje opp visitasen.

Kyrkjeverja vert oppmoda om å vidareformidle visitasprotokollen til medlemmane i sokneråd og fellesråd. Dei andre adressatane får protokollen tilsendt.

Vi takkar for fellesskap og innhaldsrike dagar!

Med helsing

Arvid Helle
avdelingsleiar kyrkjefag

Svein Magne Harnes
rådjevar



DEN NORSKE KYRKJA

Visitasmelding for sokna

Mo, Øye & Ranes,
Stangvik, Todalen og
Åsskard

Oktober 2022
Surnadal

Innholdsliste

Innleiing	3
Statusrapportar	4
Befolkning og busetjing	5
Næringsliv	6
Kultur.....	7
Forventa utvikling i sokna	8
Stangvik	8
Todalen	9
Åsskard	9
Mo	10
Øye og Raness	10
Kyrkjelydsutvikling – arbeid med planar og reformer.....	12
Diakoni	12
Ny lokal diakoniplan	12
Frivillige medarbeidarar	12
Ettermiddagstreff på Surnadal sjukeheim.....	12
Ettermiddagstreff på omsorgsbustadene på Skei.....	12
Etter leggetid	13
Felles middag.....	13
Fleirkulturelt arbeid.....	13
Tverretatleg samarbeid	14
Kyrkje/ helse.....	14
Kyrkje/ flyktningteneste	14
Tilbod om samtale/ sjelesorg.....	14
Songkveldar for brukarar av bu- og aktivitetstenesta	15
Trusopplæring	15
Konfirmantarbeid	16
Samarbeid kyrkje – skole	17
Kyrkjemusikalsk arbeid.....	17
Gudstenesteliv.....	18
Samisk gudstenesteliv.....	18
Digitalisering.....	19
Personalressursar.....	21
Oversikt september 2021	21
Råd og utval med oversikt over namn og verv	22
Personal - situasjonsbeskrivelse	24
Økonomi.....	25
Bygg og anlegg	25
Øye kyrkje	25
Raness kyrkje	25
Mo kyrkje	26
Stangvik kyrkje	26
Todalen kyrkje.....	26
Åsskard kyrkje.....	26
Kyrkjegardane	27
Statistikk	28

Innleiing

Førre visitas i Surnadal var i november 2013. I eit lokal - og kyrkjehistorisk perspektiv (sjølv om det er for ein liten parentes å rekne) var dette første gongen alle sokna i det som utgjør Surnadal kommune hadde visitas som eit samla heile. Også biskopens foredrag frå den gong legg vekt på denne historiske hendinga. Omfanget av det kyrkjelege nærværet i kommunen (med 6 kyrkjebygg, og 5 sokn) resulterte naturleg nok i eit omfattande og til dels hektisk visitasprogram, der sentrum og sokna i sør fekk eit større fokus enn områda nord i kommunen. Under den komande visitasen prøver vi å rette opp denne skeivheita. For framtida, og under føresetnad av at vi held fram med like mange dagar til visitas, vil det vere naturleg å veksle på denne måten for å gi så dekkande oversikt som råd over kyrkja sin aktivitet i kommunen.

Eit av dei initiativa som kjem tydeleg fram i biskopens visitasforedrag frå 2013 var eit ønske om at vi (kyrkja i Surnadal) skulle slutte for godt med den provinsielle prestegjeldstenkinga (som allereie da berre eksisterte som eit historisk omgrep). At «fellesrådet» framleis blir nemnt som «Stangvik og Surnadal kyrkjelege fellesråd» i Br.reg, er å tolke som eit tydeleg teikn på at denne prosessen aldri fann det sporet som biskopen den gongen peika på. Det er naturleg at dette får nytt fokus også ved komande visitas.

Ein annan ansats som likevel fekk både form og innhald, var det tverrfaglege samarbeidet mellom den lokale kyrkja og eldreomsorga i kommunen, som i dag heiter «samhandling på siste vakt», heilskapleg omsorg for alvorleg sjuke og døyande. Det same gjeld også det som den gongen blei uttrykt som eit ønske frå kommuneleiinga: å sjå på moglegheita for tv-overførte gudstenester til institusjonar og sjukeheim. I dag har kyrkja eit etablert digitalt tilbod med eigen youtube-kanal.

Sidan visitasen i 2013 har grunnvilkåra for den lokale kyrkja endra seg nokså mykje. Overordna handlar dette om nye rammevilkår i form av lovverk og nye måtar å organisere oss på, ei utvikling som trass i indre vegring og motstand, like fullt har vore og er overlata til kyrkja sine eigne medlemmer å påverke. Langt meir uoversiktleg er likevel dei trendar og tendensar ein stadig meir vidfemnande forbrukarkultus fører med seg av forbrukaråtfærd, også på det religiøse området. På toppen av dette har vi knapt nok vunne å absorbere etterdønningane av pandemien, før eit nytt eksistensielt skjelv rokkar ved det sekulære samfunnet sin viktigaste heilagdom: vår kollektive freds – og fridomskjensle. I dette spennet er det kyrkja, også her i Surnadal, framleis skal vere ein varm og logande fakkell, ref. biskopens visitasforedrag i 2013. Med dette som siktepunkt, bør det derfor vere vår innstilling at denne visitasen kunne ikkje ha kome på eit betre tidspunkt!

Statusrapportar

Surnadal kommune har behalde si geografiske form og tilknytning sjølv om kommunereforma (2014) opna for nye kommunekonstellasjonar. Eit av dei forslaga som først var på teiknebrettet var tanken om å samle dei tre kommunane Halså, Rindal og Surnadal til ein storkommune på Indre Nordmøre. Etter kvart som reforma blei driven fram, viste det seg likevel å vere liten politisk vilje til å realisere eit slikt prosjekt, og da kommunereforma etter kvart overlappa med regionreforma (2017), valde både Halså og Rindal å søke nye regionale forbindelsar, no som ein del av Trøndelag fylke. Dette resulterte i at Halså blei innlemma i storkommunen Heim, medan Rindal blei verande eigen kommune. Lokalt (i Surnadal) blei dette ikkje oppfatta som eit politisk nederlag, snarare har det verka til å styrkje den «nordmørske» identiteten og sjølvkjensla. Men for kyrkja i Surnadal fekk dette nokså umiddelbare konsekvensar. Det etablerte samarbeidsområdet Halså, Surnadal og Rindal, var ikkje lenger ei praktisk moglegheit, og den tette relasjonen mellom Surnadal og Rindal, formelt med felles kyrkjeverje og felles stabsfunksjonar, har også gradvis blitt svekka. Det er ein uunngåeleg konsekvens av at dei to kommunane ligg i to forskjellige fylke og tilsvarande bispedømme at dette samarbeidet på eit tidspunkt vil bli endeleg avvikla. Inntil vidare er det likevel ingen ting som tyder på at Surnadal som fellesrådsområde ikkje er stort og robust nok til at kyrkja skal kunne løyse sitt oppdrag. Ein grunnleggande føresetnad er naturlegvis at løyvingane til fellesrådet blir oppretthaldne, og at dette blir støtta av politisk vilje og føreseielegheit.

For framtida vil det nok vere naturleg at samarbeidet mellom Surnadal og nabokommunen Sunndal blir styrkt, dette vil kunne framskundast ytterlegere dersom Todalsfjordprosjektet blir realisert, p.t. er det ikkje endeleg avklart kva for eit av dei to alternativa, bru eller undersjøisk tunnel, som vil vinne fram. Etter at Nordøyvegen (sambandet mellom Nordøyane i Ålesund) er ferdig, er det frå politisk hald gitt signal om at Todalsfjordprosjektet er det neste på prioriteringslista til fylkeskommunen. Det er eit tydeleg politisk ønske å styrke det interkommunale arbeidet mellom Surnadal og Sunndal. SUSU, kommunalt oppgåvefelleskap for næringsarbeid, er eit veritabelt eksempel på dette. Dette samarbeidet er beskrevet i sluttrapporten for prosjektet, les: <https://viewer.iomag.com/susu-sluttrapport-jan-2022/0697580001640178391?short&>

For kyrkja er det førebels ingen formaliserte avtaler om samarbeid mellom dei to kommunane, men det er vanskeleg å sjå at det skulle ligge noko til hinder for å begynne ein slik prosess i nær framtid.


Befolkning og busetjing

Folketalet i Surnadal i andre kvartal 2022 var på 5864 innbyggjarar. Dette er ein marginal nedgang frå førre visitas i 2013 (5927). Det er forventa at denne utviklinga vil fortsette, med eit anslått folketal på rett i overkant av 5000 i 2050.



Sjølv om det i seinare år har vore ein betydeleg auke i busetting av flyktningar (i 2022 er kommunen oppmoda om å busette inntil 100 nye flyktningar), så er ikkje dette nok til å demme opp for tilbakegangen i folketal. Noko av forklaringa er nok at mange av flyktningane som blir busette i kommunen, ikkje blir verande over tid. Det finst ingen eintydig årsakssamanheng som kan forklare at integreringa feilar på dette området. Det som derimot er eintydig (positivt forstått), er at kyrkja har og har hatt ei viktig rolle i integreringsarbeidet i kommunen.

Ser ein på folketalsutviklinga på dei ulike «grunnkretsane», viser det seg at det er dei sentrumsnære områda som har befolkningsvekst. På fylkesnivå er det gitt uttrykk for at det er ønskeleg å auke busettinga i sentrumsnære område, denne sentrumsretta utviklinga er merkbar også i Surnadal. Dei seinare åra har det blitt igangsett fleire større bustadprosjekt i sentrum, og områda rundt Skei er blitt eit pressområde. Dette speglar seg både i prisauking og eit reelt underskott på bustader. Dette legg naturlegvis også tydelege premisser for korleis vi bør tenke kyrkjelydsutvikling i «småsokna» i åra framover.




Næringsliv

Surnadal er framleis ein av dei største jordbrukskommunane og den største skogbrukskommunen i Møre og Romsdal. Det blir dyrka vel 36.400 dekar jordbruksareal, mest gras til fôr og beite. Av dette er 4.300 dekar korn. Kommunen har vel 41 prosent av kornarealet i fylket! Samla er husdyrhaldet i Surnadal ein stor buskap. Dette er talfesta til 1.450 mjølkekyr, 3.700 ammekyr/andre storfe, 8.300 sau og lam, 2.300 griser, 15.000 høner og 83.000 slaktekyllingar.

Surnadal har dei siste åra hatt stabilt høg sysselsetting, tala for 2021 indikerer tilnærma full arbeidsplassdekning. Den største delen av sysselsettinga er framleis knytt til tenesteyting og offentleg forvaltning, og kommunen er største arbeidsgivar med nesten 700 tilsette. I samband med dette er det verdt å nemne at dei kommunale tenestetilboda er gjennomgåande gode, og særleg eldreomsorga og bu- og aktivitetstenesta er med på å halde oppe livskvalitet og skape tryggleik for menneske med særlege hjelpebehov.

Prosessindustrien står framleis sterkt i kommunen, med viktige hjørnesteinsbedrifter som Talgø Møretre (produksjon av materialar, kledning og terrassebord) og Pipelife (ein global aktør innan plastrørproduksjon) lokalisert i kommunen. Men dette er industri som er svært utsett for konjunktursvingingar. Frå rekordomsetning i Talgø Møretre i åra som gjekk, har 2022 vore eit «annus horribiliis» med permitteringsvarsel og nedbemanning.

Syssette etter næring og sektor, 4.kvartal 2021



Kultur

Som det blei framheva i førre visitasmeldinga er Surnadal ein kommune med ein rik kulturarv. Denne arven blir ført vidare gjennom mange ulike kunstuttrykk på ulike arenaer. Kulturhuset (ferdig i 2001) er framleis den viktigaste arenaen for kulturformidling i kommunen, men også kyrkja med sine bygg har dei seinare åra opplevd ein aukande bruksinteresse, meir presist som konsertlokale. Stangvik kyrkje har med sin kapasitet, akustikk, og godt dimensjonerte lydanlegg manifestert seg som eit reelt alternativ til kulturhuset. Det er også truleg at gunstige leigeavtaler gir økonomiske incentiv til å velje kyrkjerommet framfor andre alternativ. Det har vore ein diskusjon i fleire rådsforum om omsynet til kyrkja sin eigenart er godt nok ivaretatt i møte med det som openbert høyrer til i sekken «populærkultur» (Åge Aleksandersen, Elg m.fl.). Grensedraginga mellom kva som er «innafor» og «utafor» blir neppe enklare med stadig meir pressa økonomi for sokneråda. Når det er sagt, er det få ting som berikar gudstenestelivet meir enn dette at ein av og til bryt med den sjablongmessige framføringa, og legg til rette for andre stemmer, instrument og kunstuttrykk. Den varierte elevmassen i kulturskolen, eit stort tilfang av unge musikarar og dansarar i bygda byr fram høve til samarbeid og utveksling mellom den lokale kyrkja og «kultursektoren» som inntil vidare har eit uforløyst potensial.

Forventa utvikling i sokna

Kyrkja i Surnadal består av 5 sokn og 6 kyrkjer, ulike i størrelse, definitivt også i eigenart. Sjølv om det av fleire, og gode grunnar, er ønskeleg å knyte dei 5 sokna i kommunen tettare saman, er det nok slik at samarbeidet framleis i stor grad følgjer den tidlegare prestegjeldsinndelinga. Dette er ikkje unaturleg så lenge organistane (2) og prestane (2) har sine definerte geografiske arbeidsområde. Det har ikkje vore gjort noko forsøk på å tillempe dette på nokon annan måte enn ved sporadisk vikariering ved ferieavvikling, sjukdom o.l. Dei lokale grunnordningane (hovudgudstenesta) er også forankra i denne prestegjeldstenkinga. Men dette fører ingen store praktiske ulemper med seg, i og med at den siste revisjonen la opp til ei meir stramlinjeforma grunnordning, og ny alterbok har blitt innført. Når det gjeld diakoni og trusopplæring har ein prøvd å samordne desse planane, slik at dei i større grad er eit felleseige. Ein del av dei tilboda som blir gitt (diakoni, trusopplæring) er lokalisert til sentrum. Dette kjem dels av praktiske omsyn, men også det at tilfanget av kyrkjemedlemmer er størst her. Det er framleis ei utfordring å kompensere for denne avstanden mellom sentrum og periferi, 1 mil i reiseavstand er langt, 2 mil på grensa til uoverkommeleg (og denne avstanden ser ut til å vere enda lengre når han går motsett veg). Som det blei understreka i førre visitasmeldinga, er det også med god grunn frykt for at kyrkjelivet er i ferd med å sentraliserast. Når grendeskolen og lokalbutikken blir nedlagt, er det berre kyrkja som står igjen som identitetsmarkør og samlingspunkt. Både stab, råd og det jamne kyrkjemedlem står samla i «heilag» overbevisning om at kyrkja og kyrkjelydslivet derfor er overlagt viktig å bevare i alle dei 5 sokna.

Stangvik

Kyrkjene i Stangvik har vore soknekyrkje for hovudsoknet Stangvik i mange hundreår. Folketalet i Stangvik sokn i dag er lægre enn ved førre visitas. Nordvik skil deg ut som ei bygd med auka innbyggartal. Tradisjonen med både julegudstenester og sommargudsteneste (ute) vert haldne oppe på Nordvik.

Kyrkja i Stangvik er ei god gudstenestekyrkje med god plass, god lyd og gode benkar. Soknerådet arbeider for å få betre lys i kyrkja, og med å ta ut benkane under galleriet og få til areal der born kan sitte/leike, og kor kyrkjelyden kan samlast etter gudstenesta til enkel servering. Det vert framleis rikeleg med plass til gudstenestefeiring, og ved høve (store gudstenester/gravferder) kan stolar setjast inn. Soknerådet ser gjerne at det kunne vore fleire gudstenester felles for sokna i Stangvik «prestegjeld» med rullering av bruken av kyrkjene.

Stangvik kyrkje er konsertkyrkja på Indre Nordmøre med god plass og god akustikk. Soknerådet mottok mange førespurnader om å leige kyrkja. Tidvis (advent, høst) vert det kanskje så mange konsertar at det overtek merksemda for gudstenestefeiring. Kyrkja har fått nytt tak, ho er måla utvendig på dugnad, det er lagt godt til rette for dåpsfamiliar og toilett og inngang er tilrettelagt for alle brukarar.

Det har vore ein del skiftingar i mannskapet, prest er i permisjon, det same gjeld organist. Dette har ført til store utfordringar for rådet og kyrkjelyden. Det grip inn i all planlegging og er ei ulempe for rådet, andre tilsette og kyrkjelyden.

(TB)

Todalen

Kyrkja i Todalen er viktig for folket i bygda. Sjølv om deltakinga i gudstenesta har gått ned dei siste åra, søker folket til kyrkja ved dåp, vigsel og gravferd. Todalen sokn har i hundreår vore kjent for sin gode salmesong. I dag er songen ikkje så sterk her heller, men det er viktig at instrumenta i kyrkja vert haldne i hevd og at songtradisjonen vert vidareført. Det skjer i stor grad, og det takkar vi kor og forsongargruppe for. Todalen er også kjent for ein sterk korthadisjon. Kyrkja har opna for sosialt samvær (servering/samtale) under galleriet, og det vert ofte bruka. Kyrkjebakken er flytta inn, og det set folket pris på. Skulen i Todalen er lagt ned. Det gjer at det vert svært viktig at aktiviteten i kyrkja vert halden oppe og gjerne forsterka. Det gjeld også talet på forordna gudstenester. Todalen sokn og soknerådet ser gjerne at konfirmantundervisninga vert lagt til Todalen kyrkje. Det har vore tradisjon for at konfirmantane i Todalen og i Stangvik sokn vert samla i dei to kyrkjene etter avtalt turnus. Soknerådet arbeider med å etablere minnelund på kyrkjegarden. Både rådet og kyrkjelyden meiner dette er eit viktig tiltak og ser fram til å få planane godkjent.

(TB)

Åsskard

Folket i bygdene som soknar til Åsskard kyrkje er dyktige til å bruke kyrkja. Det er ein forpliktande og rik tradisjon at familiane sluttar aktivt opp om tiltak i kyrkja som er retta mot barn og unge. Åsskard kyrkje har sidan 1960-talet hatt ei «kyrkjestove» som fungerer svært bra til sosiale samankomster og til undervisning. Denne stova er vel med og understreker kor viktig det er at kyrkjelyden har ein slik samlingsstad før eller etter gudstenesta. Det er framleis slik at folk kjem til kyrkja både for å høyra ordet og møte folket. (Kyrkjebakken). Vi kan her nemne at Åsskard inviterer til kyrkjekaffi og sosialt fellesskap etter kvar gudsteneste. Hovudgudstenesta samlar bra med folk, inviterte grupper (4-åringar, 5. klassingar,

konfirmantar...) er svært trufaste til å møte opp. Kyrkjelyden har takka vere engasjert tilsett og friviljuge etablert mange spesielle gudstenester knytt til viktige dagar i kyrkjeåret. (St. Hans, Helgemesse, Påske ...). Korarbeidet som er gjort i Åsskard er noko for seg sjølv og er til inspirasjon for kyrkjelyden når det gjeld song og liturgi.

Kyrkjegarden. Åsskard manglar gravplassar, og utviding av Åsskard gamle kyrkjegard vart vedteke i september 2020, og framdrifta er godt i gang. Målet er ferdigstilling våren 2023. Utvidinga av Åsskard gamle kyrkjegard vil gi 141 kistegravplassar og 112 urneplassar i minnelund. Prosjektet har vore under planlegging i fleire år, og på grunn av uforutsette vanskar, har dette ført til auka kostnader, men prosjektet har lovnad på fullfinansiering frå kommunen.

Torbjørn Brøske
sokneprest p.t.

Mo

Talet på medlemmer i Mo sokn har halde seg stabilt sidan siste visitas, men også her er tendensen at talet på deltakarar i gudstenestene går ned. Også dåpstala har minka noko, den store nedgangen dei siste to åra skuldast eingongseffektar frå pandemien (utforminga av kyrkja gjorde ho svært dårleg eigna til bruk). Etter at «nye» Øye barne- og ungdomsskule stod ferdig før jul 2021, har nok frykta for at Mo skule og oppvekstsenter blir lagt ned blitt aktualisert på nytt. Elevtalet har i mange år halde seg stabilt rundt det som er sett som eit minimumsmål, og det er noko sant i at det har skjedd ei viss demografisk (reproduktiv) mobilisering. Fleire barnefamiliar har også slått seg ned i soknet dei seinare åra.

Når der gjeld sjølve kyrkja har ho nådd ein moden alder, snart 300 år (2028), men ho eldest med stil. Dei siste åra har ho fått betydelege «ansiktsløftingar». Kyrkja ligg der frisk og nymåla og vitnar om ei vital kraft som den jamne mosokning nærmar seg med ærefrykt.

Øye og Raness

Øye & Raness er det største soknet i kommunen med sine 3272 medlemmer (2021). Dette er ein nedgang på 7% sidan førre visitas. Fordi «nerbygda» har blitt eit pressområde, er det også her den etniske samanblandinga er størst. Det er eit interessant trekk ved den kyrkjelege utviklinga at det no finst fleire kyrkjelydar i soknet, vel og merke med forskjellig konfesjonell tilhørslse. Øye & Raness sokn har ved fleire høve stilt kyrkjene til disposisjon for sine katolske og ortodokse trusfellar. Kyrkjelydshuset blir også utleigd til den katolske kyrkjelyden som samlast til gudsteneste regelmessig. Soknet har fleire bedehus, men i dag er det berre Eidet som har status som dette. Dette er til gjengjeld eit hus som er mykje i

bruk, og det er nok det kyrkjelege forsamlingslokalet utanom kyrkjebygga med størst aktivitet gjennom året. Dette er også staden der misjonsforeiningane finn saman. Det er ein nærliggande tanke at det kristne livet som utspelar seg på bedehuset, blir gudstenestelivet i kyrkjene til del, og motsett, men dette er berre ei delvis sanning. Dessverre er det nok framleis slik at det finst einskilde som berre har sin heimstamn på bedehuset, nett fordi dei kjenner seg framandgjort i kyrkja.

Ser ein på kyrkjestatistikken, og gudstenestedeltakinga isolert, så har det vore ein nokså tydeleg nedgang sidan 2013, sjølv om ein held dei siste 2 åra utanfor rekneskapen. Årsaka kan forklarast med fleire forhold. Det har vore eit visst nedtak av aktivitet, særleg gjeld dette bortfall av gudstenester knytt til kyrkje – skulesamarbeidet. Færre døypte og færre konfirmantar får også direkte konsekvens for gudstenestedeltakinga. Dåpsfølgja utgjer ein stor del av det totale talet på deltakarar. Men det er også ein del av utviklinga at den faste kyrkjelydskjernen (dei som går regelmessig til gudsteneste) minkar, og dei som er att, blir eldre. Derfor er det eit stort, og tilsynelatande paradoksalt spørsmål, korleis skal vi i 2022 styrke identiteten til, og legge til rette for fleire «vanekristne»? Denne utviklinga kan elles gjenkjennast i alle sokna, og er heller neppe unik i nasjonal samanheng.

I førre visitasmelding vert det gjort eit poeng av at dei to kyrkjene enno er å rekne som to sjølvstendige soknekyrkjer. Det er framleis slik at Øye har prioritet som hovudkyrkje, sjølv om dei fleste medlemmane i soknet høyrer til Ranese. Men den motviljen som tidlegare var mellom dei to opprinnelege sokna («kyrkjestridenten», ref. jubileumboka for Ranese og Øye kyrkjer), ser ut til å bli viska gradvis ut i takt med at bygda sin kollektive hukommelse svekkjast. Vi ser no at medlemmene vel stad for dåp og konfirmasjon ut frå praktiske omsyn snarare enn kvar dei høyrer til.

Kyrkjelydsutvikling – arbeid med planar og reformer

Diakoni

Ny lokal diakoniplan

Før jul 2021 vedtok sokneråda sin nye «Plan for diakoni». I forkant av dette hadde diakonane møte med dei ulike sokna, der dei lokale planane vart diskutert og evaluert. Det diakonale tilbodet blei i stor grad ført vidare, men tok og omsyn til dei nasjonale føringane om større vektlegging av samarbeid på tvers av etatar og frivilligheit. Planane ligg vedlagt, eksemplifisert ved Øye og Ranæs sokn.

Frivillige medarbeidarar

Kyrkja i Surnadal har mange trufaste frivillige medarbeidarar, og dei gjer ein stor innsats for andre. Sjølv om dei føregåande åra har vore krevjande med svært avgrensa aktivitet, har ikkje dette redusert innsatsviljen nemneverdig. Det frivillige arbeidet spenner over eit mangfald av aktivitetar, dugnadsarbeid i tilknytning til kyrkjene, både innvendig og utvendig, besøk til personar som bur åleine, helsing på runde dagar, loddosal på basarar, levering av brukte klede til flyktningar, traktering og bevertning på samlingar, for å nemne noko. Sjølv om ikkje alle oppgåver er like synlege og målbare, ber dei frivilligheita sin umiskjennelege eigenskap, dei betyr ein stor forskjell.

Ettermiddagstreff på Surnadal sjukeheim

Ettermiddagstreff på sjukeheimen er eit av dei faste diakonale møtepunktta. Treffet er normalt kvar 14 dag, prestane og organistane går i turnus og byter på å ha samlingane. Ettermiddagstreffet blir halde i kantina i 1.etasje. Allsong og andakt er faste innslag, og treffet har eit fastlagt mønster. Siste år (2021) var det 20 samlingar på sjukeheimen, dette til tross for periodar med nedstenging. Dialogen mellom kyrkja og sjukeheimen er godt ivaretatt, og opplevinga i seinare år er at leiinga på sjukeheimen er innstilt på å finne gode løysningar for gjennomføring av treffa. Treffa er godt besøkt, og har openbert ein viktig sosial funksjon for bebuarane på sjukeheimen. Diakonen organiserer dei frivillige, set opp semesterlister, henger opp plakat med påminning for kvar gong. Diakonen deltar også på treffa, for å møte bebuarane og for hjelpe til.

Ettermiddagstreff på omsorgsbustadene på Skei

På liknande vis som samlingane på sjukeheimen er det også treff på omsorgsbustadane på onsdagar. Frekvensen på treffa er noko lågare. Det er frivillige som driv arbeidet. Dei held

andakt, har allsong og serverer kaffi og kake. Organistane byter på å spele på treffa. Bebruarane set stor pris på tilbodet, og det er godt oppmøte kvar gong. Diakonen har også her ansvar for semesterlister for dei frivillige og publisering av samlingane. Diakonen deltar regelmessig på treffa, for å møte bebruarane og hjelpe til.

Etter leggetid

Dette arrangementet har ei bestemt målgruppe, mødrer med barn i livets tidlege fase. Samlinga legg vekt på det uformelle samværet, med samtalen som hovudingrediens. Arrangementet har blitt gjennomført regelmessig i tre år. Det er ei gjennomgåande tilbakemelding at tilbodet betyr mykje for dei som kjem. Diakonen, saman med ein frivillig leier kvelden. Det er lagt opp til at det blir lese ei forteljing frå Bibelen, med påfølgande samtale om det som måtte oppta dei som er til stades. Samlinga er lagt til torsdag ein gong månaden og held hus på kyrkjelydshuset på Skei. Det kjem mødrer både frå Rindal og Surnadal.

Felles middag

Frå hausten 2021 har vore halde «Felles middag» på kyrkjelydshuset ein onsdag i månaden. Dette er eit lågterskeltilbod som retter seg til alle, noko som også viser seg i stort og variert oppmøte (små og store i alle aldrar). Tilbodet har også vist seg å vere eit godt integreringstiltak. Det har vore ein tanke bak å skape fellesskap på tvers av generasjonar og etnisitet. Det blir servert middag, kaffe/ te, til ein symbolsk sum. Mye tyder på at dette er ein møteplass som i stor grad også appellerer til dei som ikkje definerer seg som ein del av den indre krins av kyrkjemedlemmer. Det er mange frivillige som har gjort desse samlingane mogeleg å gjennomføre.

Fleirkulturelt arbeid

Dette arbeidet har eit siktemål å skape ei oppleving av at kyrkja er ein stad der ein finn fellesskap, ein plass å høyre til. I 2013 etablerte diakonane «fleirkulturell kvinnegruppe». Denne har sidan den gong hatt samlingar på kyrkjelydshuset kvar fjortande dag, annakvar gong «Bibel og bøn» og «Mat og prat». På «Bibel og bøn» er det lagt opp til bibellesing, bøn for kvarandre og verda, samtale om eksistensielle spørsmål, og sjølvstekt kaffeservering. På «Mat og prat» tar vi opp ulike tema, dette er også ein arena for kulturutveksling, og ikkje minst språkmeistring. Det er oppløftande å sjå at dette tilbodet er med å skape progresjon i norskspråket hos innvandrarane. I fjor haust blei «mat og prat» erstatta av «felles middag.»

Diakonane har mange frivillige medarbeidarar i det fleirkulturelle arbeidet. Dei har kjøkken-teneste, leier samlingar, sorterar og deler ut brukte klede. Skapet med brukte klede er populært blant flyktingane. Mange er innom og hentar både sko og klede til seg sjølv og borna. Klesskapet har vore opne på bestemte onsdagar etter skuletid gjennom heile året.

Tverretatleg samarbeid

Kyrkje/ helse

Samarbeidsprosjektet «Samhandling på siste vakt» er avslutta, men ein av diakonane leier framleis refleksjonar med leiar-gruppa på sjukeheimen. Leiarane held fram med refleksjonsarbeidet på sine avdelingar.

Kyrkje/ flyktingteneste

Diakonen har også dei seinare åra hatt jamleg kontakt med flyktingtenesta og gitt informasjon om kva tilbod som kan vere aktuelle for innvandrarane. På nokre samlingar har tilsette i flyktingtenesta kome saman med flyktingane m.a. på «Felles middag» og «Fleirkulturell kvinnegruppe». Det har vore til stor hjelp og skapt tryggleik for flyktingane. Nokre av flyktingane som har budd her i fleire år, er no frivillige medarbeidarar i kyrkja.

Tilbod om samtale/ sjelesorg

Kyrkja har eit ståande tilbod til kommunen sine innbyggjarar om sjelesorg, fortruleg samtale. Tilbodet er for alle, uansett tru, livssyn eller alder. Dette tilbodet er kommunisert ut via plakatar, heimeside, og blir også tatt opp som tema under prestane si sorgoppfølging. Det viser seg også at fleire av dei som oppsøker kyrkja med ønske om samtale, har blitt oppmuntra av vener og kollegaer. Talet på samtaleimar er i 2021 talfesta til eit tresifra tal.

I tillegg har diakonen fast diakontid på sjukeheimen på Skei kvar onsdag frå kl.10:00-12:00. Det er dei tilsette som formidlar behov for besøk på romma. Det er eit godt nytta tilbod. Diakonen ringjer også pårørande nokre månader etter gravferd/bisetting, for å høyre korleis det går.

Kyrkja i Rindal og Surnadal har også eit tilbod om sorg-bearbeiding i gruppe. Inntil vidare har responsen vore nokså avmålt. Det er forståeleg at gruppesamtale kan verke litt uvant for mange, og det er tydeleg at tilbod om individuell samtaleoppfølging på langt nær er tilstrekkeleg til å fylle behovet.

Songkveldar for brukarar av bu- og aktivitetstenesta

Kvart semester samlast brukarane av bu- og aktivitetstenesta til songkveldar på kyrkjelydshuset. I 2021 var dette talet 4. Både brukarar og tilsette set stor pris på dette tilbodet. Også her er dei frivillige hjelparane ein suksessfaktor. Desse kveldane inneheld forutan eit enkelt program også vaffelserving, kaffe og utlodding.

Trusopplæring

Kyrkja si trusopplæring er nok den delen av kyrkjelydsarbeidet som opplevde det største tilbakeslaget under pandemien. Dei drakoniske grepa frå myndigheitene gjorde det praktisk talt umogleg å gjennomføre dei planlagte tiltaka utan at dette fekk store form- og innhaldsmessige konsekvensar. Set ein fellesskapsdimensjonen i spel, fell sjølve byggekonstruksjonen i trusopplæringa saman, det heiter jo, «Gud gir – vi deler». Trusopplæringsarbeidet i Surnadal har vore drive med god kontinuitet i mange år, og kyrkja (med trusopplærar, prestar, ungdomsleiarar og frivillige medarbeidarar på laget) har lagt til rette for eit mangfald av aktivitetar, inkludert dei såkalla breiddetiltaka, lysvaken, tårnagenthelg, kode B. Det var derfor ekstra krevjande å mobilisere på nytt, når 2 årshjul hadde dreidd om med tilnærma ingen aktivitet. Og ikkje mindre, korleis tilrettelegge slik at også den tapte aktiviteten kunne gjennomførast innafor ein rimeleg tidshorisont? P.t. har vi lykkast med å ta igjen det aller meste av dette etterslepet, det er ikkje mindre enn ei bragd i seg sjølv.

Likevel ser vi ein tendens til at fleire av trusopplæringsaktivitetane har mist noko av oppslutninga. Utdeling av bøker (4 og 6-årsbok og bibel) lagt til gudstenestene, utløyser ikkje lenger den store interessa. Det er naturlegvis eit spørsmål om dette heng saman med ei dalande leselyst i befolkninga elles. Vi opplever også at mange konfirmantar har vanskeleg med å finne igjen bibelen (frå utdelinga i 5-klasse) når dei møter til undervisning. Det vitnar om lite bibelbruk både i skole og i heimane. Om det er rett å dele ut bibel til 5. klassingane, eller om vi bør finne andre alternativ, er ein samtale som blir følgt opp i sokneråda denne hausten.

Det som imidlertid har god framdrift er arbeidet med leiaropplæring og medverknad på tiltak for yngre born. Vi har mange ungdommar (flest jenter) som ønskjer å vera med. Likevel ser vi at forpliktelsar til idrettslaget framleis er ei utfordring for helge-aktivitetane.

Rekrutteringa av ungdomsleiarar har også vore eit suksesskriterie for gjennomføringa av sommarleirar i den lokale kyrkjas regi. Sommarleirane på Gråhaugen har vore ein del av arvegodset som voks fram i den tidlege fasen av trusopplæringreforma og har vore drive

med glød og innsats i mange år. At vi denne sommaren såg oss nøydd til å avlyse på grunn av for få påmeldte, er eit illevarslende teikn om at vi lever i ei ny tid. Dei siste åra har tilbodet av sommarleirar for barn og unge i kommunen auka markant i omfang, kyrkja er ikkje lenger i den privilegerte situasjonen å vere åleine om å tilby dette. Vi ser også at utviklinga blir driven fram av tydelege kommersielle interesser, med profesjonelle instruktørar på lønningslistene (friluftsliv og idrett). Dette er ei utvikling kyrkja truleg har lite eller ingenting å vinne på å forfølge. Om vi i framtida maktar å revitalisere leirarbeidet vårt avheng nok av om vi klarer å formidle kyrkja sin eigenart (gracia og communio), slik vi allereie gjer det med stor suksess når vi er på leir med konfirmantane. Det er også eit tilleggsmoment at vi p.t. saknar gode lokalitetar for leirverksemd innafør kommunegrensene.

I tillegg til trusopplæringsarbeidet som blir drive frå kyrkjelydshuset, gjer også søndagsskulen ein særdeles viktig innsats for barn og unge. Søndagsskolen har sitt nedslagsfelt i Mo sokn (Øvre Surnadal), og sentrum (Øye og Ranese). Denne blir driven av frivillig innsats og velvilje. Amigos i Åsskard er sjølve juvelen i det kontinuerlege trusopplæringsarbeidet. Målgruppa er tilnærma den same som for søndagsskolen, men Amigos har sine samlingar lagt til vanlege vekedagar. Amigos, og elles også søndagsskolen i Øvre Surnadal er tydelege eksempel på majoritetens innflytelse. Når dei fleste barna er med, blir det snart til at alle barna er med!

Konfirmantarbeid

På grunn av den nokså uforutseielege prestesituasjonen i kommunen har dei siste to konfirmantkulla vore samla til felles undervisning på kyrkjelydshuset på Skei. Dette er på sett og vis eit brot med ein tradisjon der konfirmantane i Stangvik, Todalen og Åsskard har hatt si konfirmantførebuing i den lokale kyrkja. Løysinga har til no fungert godt, men det er ei uttalt bekymring frå enkelte sokneråd at den skjøre tilknytninga konfirmantane allereie har til si soknekyrkje med dette blir ytterlegere svekka. Sjølve undervisninga følgjer gangen i skuleåret, og konfirmantane samlast til undervisning kvar 14 dag. Det er lagt opp til eit stort sjølvstende der konfirmantane kan «flekse» mellom ulike undervisningsdagar dersom det oppstår kollisjon med andre aktivitetar. Dette har vist seg å ha svært god utteljing på oppmøtet. Vi har også forsøkt å føre vidare eit tett samband mellom undervisning og kyrkjelydane sitt gudstenesteliv, ved at konfirmantane deltek aktivt i gudstenestene og står ansvarleg for ulike oppgåver i tilknytning til denne. I sokna Mo og Øye og Ranese inneber dette mellom anna at konfirmantane får vere med som medhjelparar både «framfor» og «bak» kamera. Konfirmantførebuinga byr på ei rekkje av høgdepunkt fordelt utover året; pilegrimsvandring, konfirmantleir, «hektaleir», konsert med «Team skjærgårds» (ikkje gjennomført sidan 2020), fotballturnering, filmkveld og «reunion». I tillegg er det lagt opp til

individuell oppfølging med samtale både ved oppstart og avslutninga av konfirmantåret. Dette kjem i tillegg til dei faste treffpunkta i undervisning og gudsteneste.

Vi har dei seinare åra også hatt eit stort fokus på vidare oppfølging av dei konfirmantane som ønskjer å engasjere seg i det lokale kyrkjelydsarbeidet. I år sendte vi 5 ungdommar frå vårens konfirmantkull på leiertreningsleir på Phillipshaugen. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Tingvoll, Sunndal og Surnadal, leiren har ifølgje ungdommane både gitt gode opplevingar og mange nye vener. Tidlegare har vi også sendt ungdommar til å delta på ungdomsting. Vår utfordring som kyrkje er å ta vare på all den motivasjon, inspirasjon og kreativ skaparvilje som desse ungdommane kjenner på, og omsetje den i personleg trusliv og konkret kyrkjelydsbygging.

Samarbeid kyrkje – skole

Samarbeidet mellom kyrkja og skolen har fungert til dels svært godt i mange år. Personleg kontakt og tillitsfull utveksling mellom skoleleiinga og dei kyrkjelege tilsette har gjort at julegudstenester, morgonsong, «kyrkja mi» og prestens besøk hos 5. klassingane har funne stad utan at det har blitt problematisert at kyrkja er til stades og har ei rolle.. Det er ikkje sikkert at alle disse aktivitetane står seg like godt lenger sett i lys av dagens formålsparagrafar og læreplanar. Utfordringa er likevel at nye lærarkrefter og utskiftingar i skoleleiinga har gjort det vanskelegare å ivareta den gode og tillitsfulle dialogen. Resultatet, slik det er erfart frå vår side, er eit behov for å distansere seg frå den lokale kyrkja. Noko som det ikkje er nokon grunn til. Det bør derfor vere ein prioritet at kyrkja og skolen igjen finn saman, og kjem til ei sams forståing av korleis dette samarbeidet bør vere og kan utviklast vidare i åra som kjem.

Kyrkjemusikalsk arbeid

Det kyrkjemusikalske arbeidet i kommunen femner vidt. Som nemnt tidlegare har dei to organistane definerte geografiske arbeidsområde, men det er ingen tvil om at det har vore eit tettare samarbeid på kyrkjemusikalske området enn det har vore mellom prestane. To kyrkjekor, Credo og P17, blir leid av de respektive organistane. Kora deltar ved ulike høve, eks. de store høgtidsdagane, men har også en sentral rolle i de mange song og salmekveldane som blir arrangert. Bekymringsmeldinga frå føre visitasmelding, om at kyrkjesongen er i ferd med å stilne, har vist seg å være overdriven pessimistisk. Alle sokna nyter godt av det systematiske arbeidet som har vært gjort med å danne forsongargrupper. Disse bærer kyrkjesongen, sjølv om det ikkje er lagt opp til anna førebuing enn at forsongargruppa får tilsendt salmeoppsettet før gudstenesta, og øver saman med

organisten i den tiden som er tilgjengeleg før gudstenesta på søndag. Korpset av forsongarar har utvilsamt gjeve eit løft til den sakrale opplevinga som blir skapt gjennom gudstenestas «ordo».

Det blir jamnleg halde konsertar og salme/songkveldar i alle kyrkjene. Disse i er all hovudsak basert på eigne krefter, delvis i samarbeid med andre (lokale amatørar, tilreisande studentar og profesjonelle). Regelmessig er også julekonsertane (vi syng jula inn i Ranes hadde 65 års-jubileum i 2021), og samlingar som kombinerer konsert- og gudsteneste-element (t.d. årlege Påskesongmesser i Åsskard) og større, faste konsertopplegg som «Jonsvaka» ved St. Hans-tider (Åsskard, årvisst sidan 1982).

Det blir også arbeidd bevisst med å engasjere unge og vaksne i kyrkjelydane til breiare (kunstnarleg) uttrykk i gudstenester og kyrkjelege samlingar – instrumentalistar, konfirmantband, dramatisering, pantomime og liturgisk dans. I Øye kyrkje får 2 skoleelevar undervisning på kyrkjeorgel. Dei får også vere med å spele små stykkar på gudsteneste og konsertar i sine kyrkjer.

Gudstenesteliv

Også i Surnadal er det tydeleg at gudstenestelivet er noko som utfaldar seg og blir levd lokalt, heilt ned til det einskilde sokn. Dette set grenser for samhandling på tvers av sokna. Sjølv om vi har lykkast med å samle oss om gudstenesta 1. pinsedag i Stangvik som eit fellesprosjekt for alle sokna i kommunen, synest det vanskeleg, og også lite ønskeleg å forsøke å lokalisere og samkøyre fleire av gudstenestene på tilsvarande vis. Det er gjeve tydelege signal om at kvart sokn ønskjer å oppretthalde aktiviteten i si kyrkje. Ei av utfordringane dette gjev er mellom anna at vi ser at tilfanget av born og unge er for lite til mange av dei gode og spennande trusopplæringsaktivitane som vi ønskjer å tilby og som er knytt opp til gudstenestelivet (eks. «lys vaken», «tårnagenthelg»). Det er ei stor utfordring i vår tid å kommunisere den dobbelte meining av å vere kyrkje: å vere til stades for kvart einskild menneske på ein kvar stad til ei kvar tid, men samstundes også ha syn for at vi alle er del av eit altomfattande heile (jamfør 3. trusartikkel, vi trur på ei katolsk/ allmenn kyrkje). Når det er sagt, er det verdt å nemne at gudstenestelivet i våre kyrkjer har eit stort mangfald, og aktivitetsnivået sett som eit heile er stort.

Samisk gudstenesteliv

Sjølv om det i Surnadal finst spor av sørsamisk busetting, er det lite som er gjort frå kommunen si side for å profilere denne delen av vår kulturarv. Det gjeld også det samiske språket. Som identitetsmarkør er det nok større politisk vilje for å styrke «surnadalsdialekta» enn det er for fremme samisk og andre minoritetsspråk. Heller ikkje kyrkja har gjort noko

bevisst valg om å profilere samisk språk. Når det samiske språket ikkje har fått innpass i liturgien, skuldast dette rett og slett ei overbevisning om at dette vil opplevast som liturgisk kuriosita, kanskje også som eit fremmedelement, snarare enn som eit handslag til dei av samisk herkomst. Det er da ei langt meir gjennomtenkt avgjerd å gi den samiske kulturen og språket plass i gudstenesta i tilknytning til samefolkets dag (6. februar). I år blei både velkomsthelsing, velsigning og lesetekster framført på nordsamisk under gudstenesta i Ranesh kyrkje (vel og merke av ein som kan språket!)

Digitalisering

Sjølv ordet får fram nokså blanda kjensler. Det digitale svermeriet vi har sett tilløp til dei seinare åra, har opplagt verka stressande på mange. Erfaringane med bruken av digitale verktøy så langt gjev nok også all grunn til å moderere entusiasmen noko. Der mange kyrkjelydar såg ut til å skyte ut av startblokkene då Noreg var stengt ned i mars 2020, var det vår strategi i Surnadal å la dette modnast. Det verkar opplagt at dei digitale aspirasjonane har lege latent hos mange, pandemien var sjølv sagt det perfekte påskottet. Avveginga stod også hos oss mellom å investere i eige utstyr, eller å kjøpe inn tenester. Uavhengig av val, «digitaliseringa» har økonomiske kostnader. Noko av utfordringa med å kjøpe tenester er å vurdere pris mot kvalitet. Det er også ei utfordring at det finst få som byr fram slike tenester. Øye & Ranesh og Mo sokn som har vore forsøkskyrkjelydar, har difor valt den første løysinga, å investere i utstyr. Dei andre sokna har ytra frampå om at dei ønskjer å følgje etter med tid og stunder.

Frå og med desember 2020 har alle gudstenestene i dei nemnte sokna blitt sendt digitalt, i tillegg i sanntid. Dette var i begynnelsen utan tvil eit svært ambisiøst prosjekt for ein stab og sokneråd med avgrensa kompetanse på feltet. Erfaringane så langt er at digital produksjon krev mykje forarbeid, med ditto prøving og feiling undervegs. Etter snart 2 år med utprøving har vi lagt dei fleste nybegynnarfeila bak oss, og tilbakemeldingane i seinare tid har vore gjennomgåande positive. Erfaringane så langt, er nok til å kome skeptikarane i møte. Frykta for at det digitale tilbodet skulle utarme den lokale kyrkjelyden (som fleire delte i begynnelsen), viste det seg å vere berre måteleg grunn til. Når ein no p.t. (august 2022) ser på talet for gudstenestedeltaking isolert sett er det ikkje noko som tyder på ein slik tendens, det synest snarare å vere slik at det har vakse fram ein parallell «digital» kyrkjelyd som sit heime framfor skjerm og nettbrett. Om dei ikkje ser gudstenesta i sanntid, så har den kanskje blitt eit supplement til kveldslektyren på senga! Sjølv om det er ressurskrevjande, må det likevel vere ein prioritet også å ivareta denne kyrkjelyden med eit vedvarande og utbetra tilbod.

Men fleire spørsmål reiser seg: er vi på veg mot eit digitalt klasseskilje i kyrkja, der mønsterkyrkjelydar med store ressursar får dette til, medan andre blir etter i løypa?

I tillegg er vi nøydd til å tenkje bevisst omkring framstilling og iscenesetting. Viss dette uvegerleg er eit steg i retning av å bli ein underhaldningsaktør, så er det i tilfelle eit skummelt steg, og ein konkurranse det vil vera vanskeleg, om ikkje umogleg å nå opp i.

Det viser seg også at kyrkja si digitale omstilling berre bekreftar førestellingane vi hadde om den moderne forbrukarkulturen. Analyseverktøy på Youtube viser ei gjennomsnittleg sjåartid på mindre enn 20%. Er gudstenesta, slik vi normalt feirar ho, av eit slikt omfang og format at ho berre i avgrensa grad appellerer til den digitale forbrukaren?

Personalressursar

Oversikt september 2021

Stilling	Namn	Stilingsprosent
Bispedøme (rettssubjektets) tilsette:		
Sokneprest i Stangvik, Åsskard og Todalen	Kristin Strand	100% (permisjon til 31.12.22)
Sokneprest i Stangvik, Åsskard og Todalen	Torbjørn Brøske	100% (vikar til 06.11.2022)
Sokneprest i Mo og Øye & Ranes (konst. prost medio august 2021)	Vidar W. Rygh	100%
Fellesrådstilsette:		
Diakon	Gro Hauge Venås	50%
Diakon	Aud Brynhild Indset	50%
Trusopplæringsleiar	Elsa Jensvold	50%
Kantor	Oddveig Helset Halle	100%
Organist	Ronny Kjøsen	60% (permisjon til 31.12.2022)
Organist	Bernt G. Bøe	60% (vikar til 31.12.2022)
Kyrkjetenar/ kyrkjegardsarbeidar	Arnt Erik Otnes	100%
Kyrkjetenar/ kyrkjegardsarbeidar	Jan Brødreskift	50% (permisjon til 01.06.2023)
Kyrkjevaktmeister/ kyrkegardsarbeidar	Oddvar Væge	100%
Sekretær (Konst. kyrkjevevje f.o.m 01.08.21)	Lene Wilhelmsen	100% (70% f.o.m 01.08.2023)
Reinhaldar/vikar	Marit Glærum	30%
Klokkar	Randi Bøe klokkar	5%
Klokkar	Mali Sættem	5%
Diakon på timebasis	Kirsti Hjørnevik	

Råd og utval med oversikt over namn og verv

Stangvik og Surnadal kyrkjelege fellesråd 2020-2023

Leiar:	Rannveig Brøske (Stangvik sokn)
Nestleiar:	Lars Polden (Øye og Raness sokn)
Medlemmar:	Maret Heggset (Øye og Raness sokn) John Moe (Todalen sokn) Eva Jorid Svendsen (Åsskard sokn) Inge Solheim (Mo sokn) Tove Mogstad, Surnadal kommunes representant Vidar W. Rygh, biskopens representant (Kyrkjeverja sit som sekretær)

Stangvik sokn

Leiar:	Rannveig Brøske
Nestleiar:	Per Arne Hydlibakk
Sekretær:	Anne Ma Nyheim
Medlemmar:	Ola G. Gjeldnes, Bjarne Røen og Berit Anne Botten Røkkum
Sokneprest:	Torbjørn Brøske p.t.
Varamedlemmar:	Møyfrid Torvik Røkkum, Sverre Kjølstad, Roar Helge Ansnes, Liv Irene Værholm Røen og Ola Røe

Åsskard sokn

Leiar:	Eva Jorid Svendsen
Nestleiar:	Inger Lise Heggem
Sekretær:	Bernt Idar Gudrunson Bøe
Økonomi:	Kari Johanne Aarnes
Sokneprest:	Torbjørn Brøske p.t.
Medlem 1.vara:	Randi Vetleseter Bøe
Varamedlemmar:	Harald Skrøvset, Hans Johan Aarnes, Aashild Settemsdal og Jane Svendsli.

Todalen sokn

Leiar:	Kristian Gjeldnes
Nestleiar, økonomi:	Frode Grønmyr
Sekretær:	Monika Klungervik
Styremedlem:	John Moe
1.vara:	Anne Hjørdis Telstad
Sokneprest:	Torbjørn Brøske p.t.
Varamedlemmar:	Agnete Olsen Øyen, Per Reiten, Ola Kvendset og Ståle Gulbrand Ansnes.

Mo sokn

Leiar:	Erik L. Moen
Nestleiar, økonomi:	Inge Solheim
Sekretær:	Marit Larsdatter Moen
Styremedlem:	Ingebrigt Røv
Sokneprest:	Vidar Wilhelmsen Rygh
1. vara:	Tone Fiske
Varamedlemmar:	Julia Moen, Natalie Harang og Ola Helgetun

Øye og Ranes sokn

Leiar:	Maret Heggset
Nestleiar:	Lars Polden
Økonomiansvarleg:	Tove Elin Strand
Sekretær:	Torill Røv
Medlemmar:	Leif Otto Frønes, Karen Oddny Husby Gravvold, Per Ivar Østbø og Jorunn Heggset.
Sokneprest:	Vidar Wilhelmsen Rygh
Varamedlemmar:	Ingeborg Skuggevik (fast), Marit Foss, Mary Gravvold, Anna Halldis Dyrli Snekvik og Berit Mausest Bævre.

Personal - situasjonsbeskrivelse

I åra som følgde etter førre visitas var bemanningssituasjonen lokalt prega av stabilitet og konsolidering. Sjølv om det var enkelte utskiftingar i personalgruppa, var det tilsette i alle stillingar. Dette gjorde det mogleg å jobbe målretta og strategisk med planar for kyrkjelydsutvikling, diakoni og trusopplæring (ref. visjonen om å vere ein fakkell i lokalsamfunnet). Oppslutning om kyrkja sine tilbod (kasualia, diakoni, trusopplæring m.m.) har vore vedvarande god, og dette gav styrke til «forteljinga»; kyrkja har ei betydningsfull rolle i lokalsamfunnet. Saman har vi jobba godt med å skape ein felles identitet og samarbeidskultur. I kontorfellesskapet på kyrkjelydshuset har det vore god «takhøgde», og dei uformelle møta og den gemeinslege sosiale omgangsforma har nok vore medverkande til at det har vore relativt lite friksjon innerter i staben. Konfliktstoff har blitt handtert kontinuerleg, med faste møtepunkt kvar veke. Likevel, dei siste åra har vore monaleg meir utfordrande. Forklaringa er delt. For det første, nye tilsetingar krev syn for kompetanse, men også kompabilitet. Det er ikkje sjølvsgatt at nye tilsette umiddelbart og smertefritt blir ein del av den etablerte kulturen. Dette er naturlegvis eit ansvar og ei oppgåve som kviler både på den beståande personalgruppa, men også den nytilsette. Ei tydeleg avklaring av roller, forventningar og ikkje minst innføring i det sosiale kodespråket, er ein føresetnad for at denne «assimileringa» skal lykkast. Det har ho berre delvis gjort!

For det andre, Covid-19 med alle sine ringvirkningar, opplevdest nærmast som eit bakholdsangrep på ein stab, som på det tidspunktet var ekstra utsett på grunn av store utskiftingar. Pandemien sette nervane på høgkant, skapte ei form for unntakstilstand, og gjorde med eitt behovet for ei samla lokal leiing veldig synleg. Dessverre viste det seg krevjande å finne ein situasjonsbeskrivelse og tilnærming som vi kunne stå samla om, i staden blei det to tydelege kontrære konstallasjonar i staben, som i lang tid i praksis motarbeidde kvarandre. Desse motsetningane har det tatt noko tid å moderere. Ingen vil bestride alvoret med pandemien, men i ettertid er det tydeleg at den også blei utnytta som forklaring og påskott til å minske aktiviteten på område der det var fullt mogleg å finne andre arbeidsformer. Dette skapte ei oppleving av at arbeidsbøra var uforholdsmessig ujamnt fordelt innerter i kollegafellesskapet. Denne meirbelastninga gjekk særleg utover staben av kyrkjetenarar som stod i førstelinjetenesta. Det er også ein konsekvens av Covid-19 at vi i fråvær av ei tydeleg og einskapeleg styring, no ser konturane av meir uformell leiing.

Som stab står vi p.t. i ein krevjande bemanningssituasjon. Kyrkjevevrestillinga har stått utan tilsett sidan august 2021, og blir no fylt ved intern omrokking (konstituering). Dette har forplanta seg vidare til dei andre kontorfunksjonane, og inneber i realiteten ei utarming av administrasjonen. Det har blitt forsøkt å rekruttere eksternt, men 1. og 2. gongs utlysing og

oppfølging med intervju gir berre måteleg grunn til optimisme. Det er også uavklart kven som skal fylle rollen som sokneprest (Stangvik, Todalen og Åsskard) frå nyttår (2023). Dessverre er det slik at dei rekrutteringsutfordringane DNK står i, også har manifestert seg her hos oss i Surnadal. Eit strategisk arbeid for å profilere «kyrkja i Surnadal» som ein attraktiv arbeidsplass, må vere ein hovudprioritet for åra framover.

Økonomi

Økonomien i kyrkjelydane har dei siste åra vore prega av koronapandemien. Det har vært færre gudstenester, og andre arrangement som normalt ville gitt inntekter i form av offer, kollekt eller billettsal og sokneråda har nok merka betydeleg nedgang i inntekter i spes 2020 og 2021.

Ved større investering av innkjøp til for eksempel instrument, liturgiske tekstilar mm, blir det som oftast oppretta sk. «Kronerulling». Sokneråda sender ut brev til bedriftene og ber om sponsormidlar til spesifikke foremål. Også private givarar gir ofte gaver til

Testamentariske gaver og minnegaver gis i viss grad til kirkene. Om pårørende ikkje har satt et spesifikt ønske over kva disse gaver skal gå til, kan soknerådene bestemme om midlene skal settes av i fond og spares, eller soknet bestemmer ev investering.

Det må sies at en stor del av det enkle vedlikeholdsarbeidet i fleire av sokna bedrives av frivillige medarbeidarar. Om vi skulle talt desse arbeidstimane i pengar, ville nok ikkje økonomien ha vore berekraftig.

Bygg og anlegg

Status kyrkjebygg sedan visitasen i 2013:

Øye kyrkje

Heile golvet i kyrkjeskip er lakka. Kyrkja er delvis malt utvendig i 2019.

Nytt servicehus i tilslutning til kyrkja klart i 2017. Innkjøp av storskjerm og utstyr for digitale sendingar. Preikestol fjerna eksisterande belegg og måla trinna i 2022.

Det er ledbelysning inne i kyrkja. Årleg tilsyn og kontroll av brannsløkkarar. Oppvarming via fjernvarme. Reinhald ved bruk. Kyrkjetårnet bør målalt. Elles ingen store vedlikehaldsoppgåver som er kjende pr i dag.

Ranes kyrkje

Utvendig måling 2014. Full restaurering av orgelet i 2014.

Innkjøp av storskjerm og utstyr for digitale sendingar. Det er ledbelysning inne i kyrkja. Årleg tilsyn og kontroll av brannslokkarar. Oppvarming via Defa-system. Reinhold ved bruk.

Planlagt vedlikehald i 2022, utsett til 2023 grunna omdisponering av budsjett og sein behandling av anbud. Takteking på delar av kyrkja. Utbetre råteskader grunna dårleg tak.

Mo kyrkje

Vi har hatt eit stort arbeid med klimaskallsikring i 2021, og mesta heile kyrkja har vorte måla i den forbindelse i 2022. Innkjøp av storskjerm og utstyr for digitale sendingar. Årleg tilsyn og kontroll av brannslokkarar. Oppvarming via Defa-system. Reinhold ved bruk.

Ved klimaskallsikringa blei det oppdaga at det bør etableres takrenner i tårnets øvre trekant. Dette bør gjerast innan 5 år, elles må vi påreikne større utskiftingsarbeide pga. råteskader.

Stangvik kyrkje

Omlegging av tak 2015 med ny Altaskifer, nye sløyfer og lekter, nye takrenner og beslag. Nytt lydanlegg i 2015. Kyrkja vart måla utvendig på frivillig dugnadsarbeid i 2019.

Nytt HWC og dåpsrom i 2021. Det er ledbelysning inne i kyrkja og på flomlys. Årleg tilsyn og kontroll av brannslokkarar. Oppvarming via SD-styring. Reinhold ved bruk. Kyrkjetårnet bør målalt. Vedlikehald av rosevindauge bør gjerast dei nærmaste par åra.

Todalen kyrkje

Kyrkja vart måla utvendig 2014. Stor del av arbeidet på frivillig dugnadsarbeid i 2014.

Sikring og omlegging av grunnmuren ved Todalen kyrkje i 2017.

Utbetring av parkeringsplass 2019. Avslutta før den var heilt klar grunna arkeologiske funn. Det er ledbelysning inne i kyrkja. Årleg tilsyn og kontroll av brannslokkarar. Oppvarming via Defa-system. Reinhold ved bruk.

Vedlikehaldsbehov dei nærmaste par åra i Todalen er skifte av råteskada bæreelement. Råteskade har svekka grunnlaget for vekta til klokka og tårnet. Vi må skifte råteskadde dragere og en sperre i hjørne og ca 50 % av tro.

Åsskard kyrkje

Det var lagt nytt skifertak over prestesakristi og kor i 2017. Isolasjonsmateriale vart utbytta, noko som har hatt stor effekt på oppvarming.

Det er ledbelysning inne i kyrkja. Årleg tilsyn og kontroll av brannslokkarar. Oppvarming via Defa system. Reinhold ved bruk. Ingen store vedlikehaldsoppgåver som er kjende pr i dag.

Kyrkjegardane

At kyrkjegardane er viktige for folk, blir vi stadig minna om. Kyrkjegardane er godt besøkte. Her kan man bearbeide sorg og sagn, stelle graver eller berre vandre litt rundt i rolege omgjevnader. Det er viktig for oss at opplevinga på kyrkjegarden skal vere god for alle besøkjande.

Vi har 7, snart 8 gravstader, vi skal vedlikehalde. Vår og sommarhalvåret er det ikkje alltid så enkelt å møte verken våre eigne eller dei besøkjande ønskje og krav i forhold til dette. Liten bemanning samstundes som graset gror, søppeldunkane fyllest og lyslykter tiner fram, er ikkje en god kombinasjon. Ikkje for oss, og ikkje for dei som besøkjer kyrkjegardane. Vi skal før neste vår få opp informasjon om korleis vi saman skal prøve å få til velstelte kyrkjegardar.

I et par av våre sokn er arbeidet med grasslått om sommaren gjort på dugnad, av friviljuge medarbeidarar. Desse framstår alltid som velstelte, noko vi er vi veldig glade for.

Det er planar om å laga namna minnelund ved alle kyrkjegardane i kommunen etter kvart. Mo sokn har kome langt i arbeidet, her er berre godkjenning som ikkje er motteken som ligg til hinder for oppstart. Todalen har kome langt i planlegginga de også.

Det er sett i verk et stort arbeid med utviding av gravstad i Åsskard. Et prosjekt med ei kostnadsramme på ca. 5,7 millionar. Gravstaden vil stå klar i 2023, og vil gje plass til 141 kistegraver og 112 urneplassar i minnelund.

Kommentar:

Takka være et velvillig kommunestyre, som har forståing for at vi prøver å drifte- og ta vare på gamle bygg og våre kyrkjegardar på best mogleg måte, har våre kyrkjer stort sett fått den pleie dei treng. Under føresetnad at vi får gjennomført dei allereie nemnde prosjekta, ser det ut til at dei fleste bygga krev lite vedlikehald i åra som kjem. Både fellesråd, sokneråda og tilsette ønskjer ivareta ansvaret vi har fått for å vere kulturberarar vidare. Og med dei tilbakemeldingane vi får frå innbyggjarane i kommunen, forstår vi at kyrkjebygga og kyrkjegardane er viktige for folk flest.

Lene Wilhelmsen
Konstituert kyrkjevevjerje

Statistikk

Utvalgte nøkkeltall kirke, etter statistikkvariabel, region og år					
	2017	2018	2019	2020	2021
Medlem og tilhørige i Dnk i prosent av antall innbyggere (prosent)	89,6	89,1	88,1	87,7	86,8
Døpte i prosent av antall fødte (prosent)	96,1	82,6	71,7	120,0	71,0
Konfirmerte i prosent av 15-åringar (prosent)	85,2	84,4	80,0	87,5	79,7
Kirkelige gravferder i prosent av antall døde (prosent)	106,3	115,1	96,9	118,6	95,3
Medlemmer i tros- og livssynssamfunn utenfor Den norske kirke i prosent av	2,7	2,8	2,9	2,8	0,0
Kirkelige tjenester, etter statistikkvariabel, region og år					
	2017	2018	2019	2020	2021
Kirkelige vigslar utført (antall)	13	14	11	2	7
Kirkelige gravferder utført (antall)	68	61	62	70	63
Kirkelige handlingar i alt (antall)	194	172	169	184	115
Gudstjenester totalt (antall)	119	112	108	100	89
Gudstjenester søn- og hellidager (antall)	94	95	92	87	79
Gudstjenester utenom søn- og hellidager (antall)	25	17	16	8	10
Gudstjenester med nattverd (antall)	59	54	54	27	19
Gudstjenester for barnehagebarn (antall)	3	4	2	0	0
Gudstjenester for skolebarn (antall)	9	7	6	0	0
Julaftensgudstjenester (antall)	5	5	6	4	4
Gudstjenester i påsken (antall)	9	7	9	0	2
Lederkurs for unge i alder 13-30 år, antall deltakere (antall)	4	8	8	0	0
Andakter på institusjon eller aldershjem (antall)	21	15	20	11	21
Antall kor for voksne/familiekor (antall)	2	3	4	2	2
Antall kor for barn og unge (antall)	1	2	2	1	1
Konserter og kulturarrangementer i regi av menigheten (antall)	20	14	13	9	8
Konserter og kulturarrangement i regi av andre enn menigheten (antall)	1	4	10	3	3
Kirkeofringer, totalt (kr)	368785	393097	429765	227202	272254
Offer/kollekt (kr)	226056	240940	260097	125889	152637
Andre innsamlinger (kr)	142729	152157	169668	101313	119617

Visitaspogram - Surnadal uke 43

Dag 1. - Tirsdag 25.10

Klokkeslett:	Programpost:	Sted:	Merknad:	Ansvarleg:
09:00	1 Morgonandakt	Kyrkjelydshuset		Soknepresten
09:15	2 Storstabsmøte	Kyrkjelydshuset	Fokus: Visitasmeldinga, prestentasjon av gudstenestearbeid, kyrkjemusikk og kultur, misjon, diakoni og undervisning	Biskopen leier møtet
11:15	3 Lunsj med staben	Kyrkjelydshuset		Staben
12:30	4 Møte med Amfi kreativ	Surnadal Amfi	Sjå eige ark	Soknepresten
13:30	5 Møte med kulturskulen	Surnadal kulturhus	Sjå eige ark	
14:30	6 Samtalar med ansatte	Kyrkjelydshuset		Biskopen
16:00	7 Konfirmantundervisning	Kyrkjelydshuset		Soknepresten
17:00	8 Besøk på Sommerrotunet (utgårl)	Sommerrotunet aktivitetshus	Sjå eige ark	Prost/ Biskop
19:30	9 Møte med folkevalde	Kyrkjelydshuset		Biskopen leier møtet


Kart dag 1:



Dag 2. - Onsdag 26.10

Klokkeslett:	Programpost:	Sted:	Merknad:	Ansvarleg:
09:00	1 Fagmøte med staben	Kyrkjelydshuset	Tverrfagleg fokus på: Gudstenestearbeid, ksrkjemusikk og kultur, misjon, diakoni, undervisning, stabsmøter/ stabsutvikling	Biskopen leier møtet
10:30	2 Barnehagebesøk	Øye barnehage	Sjå eige ark	Soknepresten/ trusopplærar
11:15	3 Lunsj	Øye «tidlegare» prestegard		Soknepresten
12:00	4 Møte med skoleleiing / einingsleiar	Øye barne og ungdomsskule	Sjå eige ark	Biskopen leier møtet
12:30	5 Omvisning på Øye skule, møte med utvalgte klassetrinn.	Øye barne og ungdomsskule		Skuleleiinga
13:30	6 Møte med kyrkjetenarar i «servicebua»	Øye kyrkje	Digitale erfaringer, arbeidsmetode, kyrkjetenrolleren	Prost/ biskop
14:00	7 Samtalar med ansatte	Kyrkjelydshuset		Biskopen
15:00	8 Møte med ledelsen på sykehjemmet	Surnadal sjukeheim	Erfaringer «samhandling på siste vakt»	Biskopen
16:00	9 «Felles middag»	Kyrkjelydshuset		Diakonane
17:00	10 Ettermiddagstreff	Surnadal sjukeheim		Soknepresten
19:30	11 Songkveld med lokale korinnslag	Ranes kyrkje		Organistar

Kart dag 2:



Dag 3. - Torsdag 27.10

Klokkeslett:	Programpost:	Sted:	Merknad:	Ansvarleg:
09:00	1 Befaring Mo kyrkje saman kommuneleiinga	Mo kyrkje	Se på klimaskalsikring, minnelund	Kyrkjevevjerjen
09:45	2 Møte med kommuneleiinga	Røv Mølle		Biskopen leier samtalen
11:15	3 Lunsj	Røv Mølle		Kyrkjevevjerjen
13:00	4 Besøk på «Jur og kustell DA»	Bøverdalen	Mjølkeproduksjon stordrift	Soknerådsleiar i Åsskard
14:30	5 Besøk på Bøvfjorden samvirkelag, «Bua på Bølandet»	Bøvfjorden	Info om «merkurprogrammet»	Soknepresten/ soknerådsleiar i Åsskard
15:30	6 Middag	Kveldheim bedehus		Soknerådet i Åsskard
17:00	7 Møte med «Amigos»	Betania bedehus	Sjå eige ark	Bodil Kvam Aasbø
18:00	8 Møte med frivillige, organisasjonar og utvalg	Bøvfjorden grøndehus	Foredrag av Bjarne Nordlund og Torbjørn Brøske. Felles samtale	Soknerådet i Åsskard/ Fellelrådsleiar


Kart dag 3:



Dag 4. - Søndag 30.10

Klokkeslett:	Programpost:	Sted:	Merknad:	Ansvarleg:
10:00	1 Oppmøte/ førebuing til gudsteneste	Stangvik kyrkje		Sokneprestane/ prost/ biskop
11:00	2 Visitagudsteneste	Stangvik kyrkje		Sokneprestane/ prost/ biskop, staben deltek med ulike roller
13:00	3 Kyrkjekaffe med biskopens visitasforedrag	Stangvik kyrkje		Soknerådene Biskopen leier samtalen

Kart dag 4:





DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedøme

Gjennomgang av kyrkjebygg og kyrkjestad før visitas

Stad: Ranekyrkje, Surnadal

Tidspunkt: 31.08.22

Deltakarar: fungerande prost, Vidar Wilhelmsen Rygh; fungerande kyrkjeverje, Lene Wilhelmsen; fellesrådsleiar Rannveig Brøske, kyrkjetenar Arnt Erik Otnes.

Nr.	Område	Ja	Nei	Kommentar
1	Om kyrkje og kyrkjestad			
A	Byggeår			1869
B	Byggtype			langkyrkje
C	Hovudmateriale konstruksjon			Tre, lafteverk
D	Fasade			Kledning i tre
E	Sitteplassar			420
F	Kyrkja si historiske rekkefølge på staden?			
G	Vernestatus?			Ikkje listeført
H	Freda kyrkjegrunn?			nei
I	Andre særlege forhold ved kyrkjestaden?			
2	Det gudstenestelege rommet			
A	Koret, orden, fargar, lys, vedlikehald			OK
	Altertavle			1868, Jesus på krossen
	Alter – alterlys, alterbøker, antependiet			
	Altering			OK
	Døypefont			OK
	Preikestol			OK

	Lesepult			OK
	Prosesjonskors			2015, Kristusfigur i bronse, lokal kunstnar
	Lysglobe			2003
	Glasmåleri			nei
	Kyrkjebenkar			OK
	Salmetavler			OK
	Salmebøker			OK
	Kyrkjebøker			OK
	Liturgiske bøker			OK
B	Oversikt over kyrkjetekstil og oppbevaring av desse:			Messehaklar oppbevart i skåp i sakristi
C	Oversikt over kyrkjesølv, kyrkjekunst og andre verdfulle/verneverdige gjenstandar – og oppbevaring av desse:			Finst safe i sakristiet, men det er tvil om denne fungerer (er låsbar).
D	Dekor/utsmykking/ malt kyrkjekunst på interiøret			
E	Orgel			1914, pneumatisk, renovert 2014
F	Oversikt over andre musikkinstrument: Type/tilstand			piano
G	Audiovisuelt utstyr:			TV-skjerm framme t.v., til bruk ved salmesong m.m. Teleslynge Høgtalarar
H	Sakristi og våpenhus:			Lite lys i våpenhuset
I	Galleri – trapper			

3	Fysiske forhold innvendig			
A	Er tilkomstvegar inne i kyrkja universelt tilpassa?			Hovedinngang er UU
B	Eigna rullestolplassar?			Midtgangen blir nytta
C	Er lys forholda tilfredsstillande? - Spesielle utfordringar? - -			OK
D	Er lyd forholda tilfredsstillande? - Spesielle utfordringar? - Teleslynge? -			OK
E	Er inneklima tilfredsstillande? - Temperatur? - Fuktigheit?			OK
F	Er det elektriske anlegg tilfredsstillande? - Synlege skader/defekt? - Oppvarmingskjelder? Varmestyring? -			OK
G	Tårnrom/ringeanlegg/klokker/urverk?			Manuell ringing, hørselsvern med formstøpte øyredemparar for kyrkjetenar
H	Tilstand himling/kyrkjeloftet			OK
I	Tilstand veggjar innvendig			OK
J	Tilstand golv innvendig			OK
K	Kyrkjekjeller			kryp kjeller
L	Kyrkjekaffe – kjøkkenløyising			Brygger kaffen i dåpssakristiet

M	Er bygningen halden ryddig og i orden? Avfallshandtering?			OK
N	Er reinhaldet tilfredsstillande? - Eigna reinhaldsutstyr? -			OK
O	Er toalettforholda tilfredsstillande? - Universell utforming (UU)? - Stellemoglegheiter? - HC-WC? -			Ikkje HC-WC
P	Type brannvarsling? Er brannvernusutstyr tilfredsstillande? Er rømmingsvegar merkte og opne? Utrykking brannvesen i minutt? Er det tilgjengeleg førstehjelpsutstyr?			Ingen brannvarsling Slukkeapparat.
Q	Er det tilfredsstillande moglegheiter for tjuverisikring av verdigjenstandar? - Safe? -			Safe i sakristiet
R	Er oppbevaring av nøklar og anna utstyr merkt?			
S	Finst det eigna og tilstrekkeleg verneutstyr?			
T	Anna			
4	Fasade			
A	Generell vedlikehaldsstatus?			Treng oppgradering på fleire område. Er øyremerkte midlar til skifte av tak.
B	Tårn / tak / takrenner / nedløp			
C	Tilstand veggar/kledning			Litt svertesopp, muggsopp, fuktig område.
D	Dører / vindauge			

E	Måling			Kyrkja måla omkring 2015.
F	Sokkel/murar			
G	Andre forhold?			
5	Kyrkja sine nære omgjevnader			
A	Belysning av kyrkjestaden			Ja, flomslys
B	Skilting til kyrkjestaden			nei
C	Parkering			Ikkje så bra, treng oppgradering
D	Avmerkt HC-parkering			
E	Universelt utforma tilkomst og inngang			ja
F	Minnesmerke/kulturminne			
G	Vegetasjon/grøntanlegg			Stort tre nær sørveggen av kyrkja ved koret. Vakkert tre, men nokså nært sjølve bygget – og kan skape skade om det veltar over kyrkja. Bør styvast – eller evt. fjernast.
H	Kyrkjelydshus			nei
I	Andre forhold?			kyrkjegardshus
6	Gravplass*¹			

¹ Frå 01.01.21 er forvaltningsansvaret for gravplass overført frå bispedøma til Faggruppe Gravplass hos Statsforvaltaren.

<i>A</i>	<i>Korleis er totalinntrykket av gravplassen og overgangen mot kyrkja sine nære omgjevnader?</i>			
<i>B</i>	<i>Er vigsla bygg i tilknytning til gravplassen vedlikehaldne og i orden?</i>			
<i>C</i>	<i>Er det andre vigsla element på eller ved gravplassen?</i>			
<i>D</i>	<i>Andre liturgiske og sakrale element ved gravplassen?</i>			
<i>E</i>	<i>Er det uavklarte forhold i grenseovergangen kyrkjebygg/kyrkja sine nære omgjevnader/gravplass?</i>			
<i>F</i>	<i>Andre forhold ved gravplass/ kyrkja sine nære omgjevnader som biskop bør vere orientert om?</i>			
7	Kyrjekontor			
A	Korleis er totalinntrykket av kyrjekontora?			
B	Tilkomst, parkering/merking			
C	Korleis er tilgjenget i bygget?			
D	Er tilgjenget UU?			
E	Lys og lyd			

F	Oppvarming – inneklima			
G	Korleis er kontorutstysituasjonen?			
H	Er det tilstrekkeleg plass?			
I	Kontorforhold			
J	Møterom? Samtalerom?			
K	Sikring av verdigjenstandar m.m.			
L	Kjøkken og lunsjforhold?			
M	Toalettforhold?			
N	Korleis er standarden på lokala?			
O	Brannvarsling? Rømming?			
P	Korleis er det psyko-sosiale arbeidsmiljøet			
Q	Kyrkjebokføring – prosedyre og oppbevaring			

R	Saksbehandlings- og arkivsystem?			
S	Kommunikasjon og nettsider/So-Me?			
T	Andre forhold?			

OPPSUMMERING:

Ranes kyrkje framstår kanskje som den kyrkja som er mest i behov av oppgradering/vedlikehald i Surnadalen.

Delar av uteområdet kring kyrkja er sperra, på grunn av at det kan falle ned heller frå taket. Det er sett av midlar til fornying av store delar av taket. Kyrkja har frå gammalt ei pipe, som no ikkje er i bruk. Skal vurderast å ta bort denne i samband med vølinga av taket. Stort tre på sørsida ved koret kan truge kyrkja om det fell.

Toalettforhold: Toalett i kirkebygget, men ikke UU. HC-WC.

Sjå elles om kyrkjene i visitasmeldinga

SMH/14.09.22



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedøme

Gjennomgang av kyrkjebygg og kyrkjestad før visitas

Stad: Ranekyrkje, Surnadal

Tidspunkt: 31.08.22

Deltakarar: fungerande prost, Vidar Wilhelmsen Rygh; fungerande kyrkjeverje, Lene Wilhelmsen; fellesrådsleiar Rannveig Brøske, kyrkjetenar Arnt Erik Otnes.

Nr.	Område	Ja	Nei	Kommentar
1	Om kyrkje og kyrkjestad			
A	Byggeår			1869
B	Byggtype			langkyrkje
C	Hovudmateriale konstruksjon			Tre, lafteverk
D	Fasade			Kledning i tre
E	Sitteplassar			420
F	Kyrkja si historiske rekkefølge på staden?			
G	Vernestatus?			Ikkje listeført
H	Freda kyrkjegrunn?			nei
I	Andre særlege forhold ved kyrkjestaden?			
2	Det gudstenestelege rommet			
A	Koret, orden, fargar, lys, vedlikehald			OK
	Altertavle			1868, Jesus på krossen
	Alter – alterlys, alterbøker, antependiet			
	Altering			OK
	Døypefont			OK
	Preikestol			OK

	Lesepult			OK
	Prosesjonskors			2015, Kristusfigur i bronse, lokal kunstnar
	Lysglobe			2003
	Glasmåleri			nei
	Kyrkjebenkar			OK
	Salmetavler			OK
	Salmebøker			OK
	Kyrkjebøker			OK
	Liturgiske bøker			OK
B	Oversikt over kyrkjetekstil og oppbevaring av desse:			Messehaklar oppbevart i skåp i sakristi
C	Oversikt over kyrkjesølv, kyrkjekunst og andre verdfulle/verneverdige gjenstandar – og oppbevaring av desse:			Finst safe i sakristiet, men det er tvil om denne fungerer (er låsbar).
D	Dekor/utsmykking/ malt kyrkjekunst på interiøret			
E	Orgel			1914, pneumatisk, renovert 2014
F	Oversikt over andre musikkinstrument: Type/tilstand			piano
G	Audiovisuelt utstyr:			TV-skjerm framme t.v., til bruk ved salmesong m.m. Teleslynge Høgtalarar
H	Sakristi og våpenhus:			Lite lys i våpenhuset
I	Galleri – trapper			

3	Fysiske forhold innvendig			
A	Er tilkomstvegar inne i kyrkja universelt tilpassa?			Hovedinngang er UU
B	Eigna rullestolplassar?			Midtgangen blir nytta
C	Er lys forholda tilfredsstillande? - Spesielle utfordringar? - -			OK
D	Er lyd forholda tilfredsstillande? - Spesielle utfordringar? - Teleslynge? -			OK
E	Er inneklima tilfredsstillande? - Temperatur? - Fuktigheit?			OK
F	Er det elektriske anlegg tilfredsstillande? - Synlege skader/defekt? - Oppvarmingskjelder? Varmestyring? -			OK
G	Tårnrom/ringeanlegg/klokker/urverk?			Manuell ringing, hørselsvern med formstøpte øyredemparar for kyrkjetenar
H	Tilstand himling/kyrkjeloftet			OK
I	Tilstand veggjar innvendig			OK
J	Tilstand golv innvendig			OK
K	Kyrkjekjeller			kryp kjeller
L	Kyrkjekaffe – kjøkkenløyising			Brygger kaffen i dåpssakristiet

M	Er bygningen halden ryddig og i orden? Avfallshandtering?			OK
N	Er reinhaldet tilfredsstillande? - Eigna reinhaldsutstyr? -			OK
O	Er toalettforholda tilfredsstillande? - Universell utforming (UU)? - Stellemoglegheiter? - HC-WC? -			Ikkje HC-WC
P	Type brannvarsling? Er brannvernusutstyr tilfredsstillande? Er rømmingsvegar merkte og opne? Utrykking brannvesen i minutt? Er det tilgjengeleg førstehjelpsutstyr?			Ingen brannvarsling Slukkeapparat.
Q	Er det tilfredsstillande moglegheiter for tjuverisikring av verdigjenstandar? - Safe? -			Safe i sakristiet
R	Er oppbevaring av nøklar og anna utstyr merkt?			
S	Finst det eigna og tilstrekkeleg verneutstyr?			
T	Anna			
4	Fasade			
A	Generell vedlikehaldsstatus?			Treng oppgradering på fleire område. Er øyremerkte midlar til skifte av tak.
B	Tårn / tak / takrenner / nedløp			
C	Tilstand veggar/kledning			Litt svertesopp, muggsopp, fuktig område.
D	Dører / vindauge			

E	Måling			Kyrkja måla omkring 2015.
F	Sokkel/murar			
G	Andre forhold?			
5	Kyrkja sine nære omgjevnader			
A	Belysning av kyrkjestaden			Ja, flomslys
B	Skilting til kyrkjestaden			nei
C	Parkering			Ikkje så bra, treng oppgradering
D	Avmerkt HC-parkering			
E	Universelt utforma tilkomst og inngang			ja
F	Minnesmerke/kulturminne			
G	Vegetasjon/grøntanlegg			Stort tre nær sørveggen av kyrkja ved koret. Vakkert tre, men nokså nært sjølve bygget – og kan skape skade om det veltar over kyrkja. Bør styvast – eller evt. fjernast.
H	Kyrkjelydshus			nei
I	Andre forhold?			kyrkjegardshus
6	Gravplass*¹			

¹ Frå 01.01.21 er forvaltningsansvaret for gravplass overført frå bispedøma til Faggruppe Gravplass hos Statsforvaltaren.

<i>A</i>	<i>Korleis er totalinntrykket av gravplassen og overgangen mot kyrkja sine nære omgjevnader?</i>			
<i>B</i>	<i>Er vigsla bygg i tilknytning til gravplassen vedlikehaldne og i orden?</i>			
<i>C</i>	<i>Er det andre vigsla element på eller ved gravplassen?</i>			
<i>D</i>	<i>Andre liturgiske og sakrale element ved gravplassen?</i>			
<i>E</i>	<i>Er det uavklarte forhold i grenseovergangen kyrkjebygg/kyrkja sine nære omgjevnader/gravplass?</i>			
<i>F</i>	<i>Andre forhold ved gravplass/ kyrkja sine nære omgjevnader som biskop bør vere orientert om?</i>			
7	Kyrkjekontor			
A	Korleis er totalinntrykket av kyrkjekontora?			
B	Tilkomst, parkering/merking			
C	Korleis er tilgjenget i bygget?			
D	Er tilgjenget UU?			
E	Lys og lyd			

F	Oppvarming – inneklima			
G	Korleis er kontorutstysituasjonen?			
H	Er det tilstrekkeleg plass?			
I	Kontorforhold			
J	Møterom? Samtalerom?			
K	Sikring av verdigjenstandar m.m.			
L	Kjøkken og lunsjforhold?			
M	Toalettforhold?			
N	Korleis er standarden på lokala?			
O	Brannvarsling? Rømming?			
P	Korleis er det psyko-sosiale arbeidsmiljøet			
Q	Kyrkjebokføring – prosedyre og oppbevaring			

R	Saksbehandlings- og arkivsystem?			
S	Kommunikasjon og nettsider/So-Me?			
T	Andre forhold?			

OPPSUMMERING:

Ranes kyrkje framstår kanskje som den kyrkja som er mest i behov av oppgradering/vedlikehald i Surnadalen.

Delar av uteområdet kring kyrkja er sperra, på grunn av at det kan falle ned heller frå taket. Det er sett av midlar til fornying av store delar av taket. Kyrkja har frå gammalt ei pipe, som no ikkje er i bruk. Skal vurderast å ta bort denne i samband med vølinga av taket. Stort tre på sørsida ved koret kan truge kyrkja om det fell.

Toalettforhold: Toalett i kirkebygget, men ikke UU. HC-WC.

Sjå elles om kyrkjene i visitasmeldinga

SMH/14.09.22



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedøme

Gjennomgang av kyrkjebygg og kyrkjestad før visitas

Stad: Øye kyrkje, Surnadal

Tidspunkt: 31.08.22

